

Meld. St. 28

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Unike idear, store verdiar
– om immaterielle verdiar og rettar





Meld. St. 28

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Unike idear, store verdiar
– om immaterielle verdiar og rettar

Innhold

1	Innleiing og samandrag	7	2.4.5.1	Innovasjon Noreg	34
1.1	Innleiing	7	2.4.5.2	Noregs forskingsråd	34
1.2	Regjeringa sin politikk for immaterielle verdiar og rettar	10	2.4.5.3	Norsk designråd	34
1.3	Om innhaldet i meldinga	12	2.4.5.4	SIVA	34
1.4	Om utarbeidninga av meldinga	12	3	Status for handtering av immaterielle rettar	36
1.4.1	Innspelsseminar og møte	12	3.1	Registrering av immaterielle rettar	36
1.4.2	Skriftlege innspel	13	3.1.1	Aukande registrering internasjonalt	37
1.4.3	Sentrale tema frå innspela	13	3.1.2	Liten auke i Noreg	38
2	Rammene for bruk av immaterielle rettar i Noreg	15	3.1.2.1	Bruken av immaterielle rettar blant norske aktørar	39
2.1	Regelverket for immaterielle rettar	17	3.1.2.2	Søknader om formelle rettar	40
2.1.1	Patent	17	3.1.2.3	Patentering ved universitet og i forskingsmiljø	40
2.1.2	Varemerke	18	3.2	Handel med og samarbeid om immaterielle rettar	40
2.1.3	Design	19	3.2.1	Internasjonal utvikling	41
2.1.4	Opphavsrett	20	3.2.2	Utviklinga i Noreg	42
2.1.5	Opphavsmerkning for matvarer – geografiske nemningar	22	3.3	Piratkopiering og varemerke-forfalsking	42
2.2	Internasjonalt samarbeid om immaterielle rettar	22	3.3.1	Internasjonal utvikling	42
2.2.1	Internasjonale system for handtering av immaterielle rettar	22	3.3.2	Utviklinga i Noreg	43
2.2.2	EUs fellesordningar for patent, varemerke og designrettar	24	3.4	Kompetanse og bevisstheit om immaterielle rettar	44
2.2.3	Noreg og Den europeiske patentorganisasjonen	25	3.5	Internasjonal politikkutvikling	45
2.3	Patentstyret	25	3.5.1	Globalisering av systemet for immaterielle rettar	45
2.3.1	Patentstyret sine mål og oppgåver	26	3.5.2	Utvikling av dei nasjonale systema	45
2.3.2	Patentstyret sine kundar og interessentar	27	3.5.3	Utvikling av marknader for immaterielle rettar	45
2.3.3	Søknadsbehandling	27	3.5.4	Auka kommersialisering av offentleg forsking	47
2.3.3.1	Patent	28	4	Regjeringa sin politikk for immaterielle verdiar og rettar	48
2.3.3.2	Varemerke	28	4.1	Ein heilskapleg næringspolitikk ...	48
2.3.3.3	Design	29	4.2	Ein styrkt politikk for immaterielle verdiar og rettar	49
2.3.4	Spreiing av kunnskap om industrielle rettar	29	4.3	Slutte Noreg til internasjonale avtalar og oppdatere regelverk og ordningar	50
2.3.4.1	Kurs	29	4.4	Betre opplæringa i immaterielle verdiar og rettar	55
2.3.4.2	Forundersøkingar og rettleiing ...	29	4.5	Vidareutvikle Patentstyret	57
2.3.5	Internasjonalt arbeid, lov- og regelverksarbeid	30	4.5.1	Patentstyret si rolle i samfunnet ...	57
2.4	Andre aktørar i det norske systemet for immaterielle rettar ...	30	4.5.2	Eit system for effektiv søknadsbehandling	57
2.4.1	Kommersielle tenestetilbydarar ..	31			
2.4.2	Tvisteorgan og domstolar	31			
2.4.3	Toll- og avgiftsetaten	32			
2.4.4	Kommersialiseringaktørar ved forskingsinstitusjonane	32			
2.4.5	Det næringsretta verkemiddelapparatet	34			

4.5.3	Patentstyret som kompetansesenter	60	4.8.1	Datagrunnlag og register for immaterielle rettar	69
4.5.4	Patentstyret som ressurs for politikkutviklinga til offentlege myndigheter	61	4.8.2	Analyse av samanhengen mellom immaterielle rettar og verdiskaping	70
4.6	Vidareutvikle det samla rettleiingstilbodet innanfor immaterielle verdiar og rettar	62	5	Økonomiske og administrative konsekvensar	71
4.7	Nedkjempe piratkopiering og varemerkeforgalskingar	66	5.1	Økonomiske konsekvensar	71
4.8	Betre kunnskapsgrunnlaget for vidare politikkutvikling	68	5.2	Administrative konsekvensar	72



Meld. St. 28


(2012–2013)

Melding til Stortinget

Unike idear, store verdiar – om immaterielle verdiar og rettar

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet 12. april 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og samandrag



Figur 1.1

Foto: iStockphoto

1.1 Innleiing

Immaterielle rettar omgir oss i dagleglivet. Dei gjeld for teknologien vi bruker – som bilar, telefonar og programvare, maten vi et, utforminga av kleda og møblane våre, musikken vi lyttar til, og boka vi les. Smarttelefonen eller lesebrettet inneholder ofte tusenvis av patenterte løysingar, med ulike eigarar. Gjennom Internett blir fleire av oss produsentar av rettsverna åndsverk på bloggar og sosiale medium – eller lovbrytarar om vi ulovleg lastar ned musikk, film og programvare.

Immaterielle rettar kan vere grunnlag for strid om enorme verdiar: Når IKT-gigantane Samsung og Apple møtest i ein serie rettstvistar over heile verda med gjensidige skuldingar om kopiering av design og andre immaterielle rettar, er

søksmåla i milliardklassen.¹ Same dag som ein amerikansk domstol tilkjende det norske bioteknologiselskapet Pronova retten til å omsetje sitt eige omega 3-produkt i USA, steig aksjekursen til selskapet med nærmere 30 prosent på Oslo Børs.²

Handteringen av immaterielle verdiar og rettar kan i mange tilfelle vere heilt avgjerande for innovasjon og verdiskaping i verksemndene. Difor har immaterielle rettar også konsekvensar for verdiskapinga i næringslivet, offentleg sektor og økonomien samla sett.

¹ «Samsung i nytt angrep mot Apple», digi.no 20.4.2012.
«Samsung dropper sak mot Apple», lydogbilde.no 18.12.2012.

² «Patentsieier til milliarder», Dagens Næringsliv 31.5.2012.

Verdiskaping er grunnlaget for velferd og arbeid til alle. Næringspolitikken til regjeringa skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi. For å lykkast med det fører regjeringa ein brei og heilskapleg næringspolitikk som tek vare på og utviklar dei fortronna vi har, og som legg til rette for eit næringssliv som er berekraftig, nyskapande, kunnskapsbasert og omstillingssyktig.

Auka produktivitet er den viktigaste drivkrafta for verdiskaping og økonomisk vekst. Auken i innsatsfaktorar i produksjonen – arbeidskraft, naturressursar og kapital – utgjer ein mindre del av veksten i moderne økonomiar.³ Produktiviteten og verdiskapinga aukar primært ved at vi gjer ting smartare – ved å bruke kunnskap på nye måtar, utvikle nye produkt og løysingar, jobbe meir effektivt og finne nye bruksområde for produkt. Innovasjon er med andre ord viktig for verdiskaping, vekst og velferdsutvikling i Noreg.

Å gjere ting på ein ny eller smartare måte krev kunnskap. I dag konkurrerer norsk næringssliv og forskingsaktørar i stor grad på grunnlag av kunnskap og kompetanse. Det inneber at ein stor del av verdiene i verksemndene er immaterielle. Alle verksemder har immaterielle verdiar i ulike former, anten det er kompetansen hos medarbeidarane, føretaksnamn, domenenamn, hemmelege oppskrifter, merkevarer, teknologi eller oppfinningar.

Utvikling av nye innovasjonar krev ressursar og inneber risiko for innovatøren. Dersom innovasjonen blir kopiert eller utnytta av andre, kan det vere vanskeleg for innovatøren å sikre seg avkastning av investeringa. Dette kan føre til at det ikkje lønner seg for innovatøren eller verksemda å gjenomføre investeringa, noko som igjen kan føre til at næringsslivet investerer mindre i innovasjon enn det som samla sett lønner seg for samfunnet.

Vi kan sjå på immaterielle rettar som del av ein bytehandel som skal justere denne marknadssvikten og auke lønnsemda for både innovatøren og samfunnet. Ein immateriell rett gir ein einerett til å utnytte ein innovasjon kommersielt, samtidig som innovasjonen blir offentleggjord. Opphavsrett og registrering av patent, design eller varemerke er dermed med på å sikre avkastninga og redusere risikoen ved investeringa ved å utvikle ein innovasjon. I tillegg er formelt vern av immaterielle rettar med på å spreie kunnskapen om nye teknologiar eller løysingar, noko som igjen kan utløyse utvikling av nye innovasjonar. Vern av innovasjonar kan difor vere avgjerande for realiseringa av nye produkt, prosesssar, løysingar og verdiar.

Immaterielle rettar kan også bidra til å hindre eller hemme konkurrentar og andre verksemder i å realisere nye innovasjonar, til dømes ved å nekte utlisensiering av eigen teknologi eller sikre seg mange patent innanfor særlege teknologiområde for å stengje konkurrentar ute frå same område. I slike tilfelle kan patent hindre vidare utvikling og innovasjon. Dette illustrerer behovet for eit system for å handtere immaterielle rettar som balanserer omsynet til rettshavaren mot ønsket om konkurranse og innovasjonsaktivitet.

Immaterielle verdiar og rettar er ikkje nye fenomen. Det er funne opptil 5 500 år gamle gjenstandar med seglet til opphavsmannen. Vikingane sveid bumerke på skip og varer for å markere eigarskap og opphav. Det skulle garantere for kvaliteten. Bumerket – på gammalnorsk *brandr* – er opphavet til det seinare uttrykket *branding*.⁴ Formelle system for å registrere patent, varemerke, design og opphavsrett er utvikla i moderne tid, i hovudsak etter den industrielle revolusjonen.

Den økonomiske betydninga av immaterielle verdiar aukar i takt med bruken av immaterielle rettar. Over heile verda er det ein kraftig auke i talet på registrerte rettar, og i framveksande økonomiar sikrar verksemndene i stadig større grad dei immaterielle rettane sine. Internasjonal handel og samarbeid basert på immaterielle rettar er i sterkt vekst, og det same gjeld variasjonar i bruken av immaterielle rettar. Etablering av «patent pools» og liknande tyder på at verksemndene i aukande grad bruker immaterielle rettar aktivt for å etablere samarbeidsrelasjonar og dele kunnskap og teknologiar. Handelen med piratkopierte varer og ulovleg nedlasting av programvare, musikk og film har i tillegg vakse kraftig det siste tiåret.⁵

I utgangspunktet veit vi lite om kva konsekvensar denne utviklinga kan få. Det vi veit, er at utviklinga internasjonalt truleg endrar føresetnadene for å handtere immaterielle verdiar og rettar. Vi veit òg at utviklinga aukar behovet for kompetanse og bevisstheit om handtering av immaterielle rettar som eit strategisk verktøy både i næringssliv, i forskingsinstitusjonar, hos offentlege styresmakter og i resten av samfunnet. Samtidig tyder målinger på at norske føretak bruker immaterielle rettar i mindre grad enn verksemder i mange andre land. Nasjonale undersøkingar tyder på eit behov for

⁴ Erlandsen, Hans Christian (2011): 100 år med gode ideer. Patentstyret 1911–2011.

⁵ OECD (2008 og 2009): Economic Impact of Counterfeiting and Piracy.

³ Rosenberg, Nathan (2004): «Innovation and Economic Growth». OECD.

Boks 1.1 Immaterielle verdiar og rettar – definisjonar

Immaterielle verdiar er ei samlenemning for verdiar som ikkje har fysisk substans. Dette kan vere oppfinningar, varemerke, design, produksjonsprosessar, framgangsmåtar, databasar, ulike typar åndsverk, knowhow og bedriftsløyndommar.

Immaterielle rettar er immaterielle verdiar som er verna av lovheimla rettar. Samlenemninga omfattar industrielle rettar og opphavsrett.

Industrielle rettar omfattar i hovudsak patent, design og registrerte eller innarbeidde varemerke. Dei oppstår i all hovudsak ved at dei blir registrerte etter søknadsbehandling.

Dette er dei vanlegaste immaterielle rettane:

Patent vernar nye oppfinningar som representerer konkrete løysingar på eit teknisk problem, og der også løysinga er av teknisk karakter. Eineretten gjeld for inntil 20 år. For legemiddel og plantefarmasøytske produkt kan vernetida utvidast til inntil 25 år.

Varemerke vernar kjenneteikn for varer og tenester. Eit varemerke kan bestå av alle slags teikn, og må kunne givast att grafisk. Eit vare-

merke kan til dømes bestå av ord og kombinasjonar av ord, namn, logoar, figurar og avbildningar, bokstavar, tal, emballasje, lyd og rørsle eller kombinasjonar av desse elementa. Eit varemerke skal ikkje kunne forvekslast med varemerke for same eller liknande produkt og tenester. Varemerkevern blir gitt for tiårsperiodar, og det er ikkje sett noka grense for kor mange gonger det kan fornyast.

Designrettar vernar den synlege utforminga av eit produkt i inntil 25 år. I tillegg til vern av heile gjenstandar og ornament kan delar av eit produkt, grafisk design, interiormessige arrangement og skjermbilete vernast. Reservedelar kan berre vernast i fem år.

Opphavsrett gir skaparen av eit åndsverk einerett til å utnytte litterære, vitskaplege eller kunstnariske verk. Også framföringar av verk er verna. Databasevern blir rekna som ein del av opphavsretten, og vernar investeringa som er lagd i å bygge opp databasen. Opphavsrett oppstår automatiskt, utan registrering, i den augneblinken eit verk er skapt. Verket må vere eit resultat av ein individuell skapande innsats. Vernet er knytt til opphavspersonen og varer som hovudregel i 70 år etter at opphavspersonen er død.

meir kompetanse og bevisstheit om immaterielle rettar i Noreg.

Utviklinga aukar også behovet for eit tidsriktig, harmonisert og oppdatert regelverk på feltet. I tillegg blir behovet større for ei framtidsretta norsk patentmyndighet som er godt tilpassa den nye økonomiske og teknologiske verkelegheita norske verksemder handterer dei immaterielle verdiane sine i.

Når immaterielle verdiar får meir å seie økonomisk, får dei også meir å seie næringspolitisk. I St.meld. nr. 7 (2008–2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge* peiker regjeringa på behovet for auka kompetanse og eit oppdatert regelverk for immaterielle rettar. Det er følgt opp med ei styrking av utdanningstilbodet på feltet, ei oppdatering av gjeldande regelverk, og ei styrking av rettleiinga til føretaka i regi av det offentlege verkemiddelapparatet.

Det er ikkje gitt at alle immaterielle verdiar kan eller bør vernast formelt. Mange innovasjonar kjem i form av forbetingar eller ved at eksisterande løysingar blir brukte på ein ny måte som

ikkje oppfyller krava til formell registrering. Heller ikkje der rettsvern er mogleg, er det nødvendigvis den beste måten å sikre dei økonomiske interessene til føretaket på. I mange tilfelle kan hemmeleghald, rask utviklingstakt eller merkeverabygging gi konkurransefortrinn.

Samtidig bør alle verksemder vere bevisste når det gjeld handtering og vern av immaterielle verdiar. Dersom konkurrenten kopierer kjerneverdiane i verksemda eller dei forsvinn med nøkkelmanedarbeidarar, kan det i verste fall bety slutten for verksemda. Verksemdene bør og kunne opptre riktig overfor immaterielle verdiar og rettar som tilhører andre. Det å krenkle andres rettar kan få alvorlege konsekvensar, som søksmål, erstatningskrav og straffe-forfølging.

Verksemdene har sjølv ansvaret for å handtere dei immaterielle verdiane sine. Styresmakten skal leggje til rette med gode rammevilkår for næringsutvikling og innovasjon, og føre ein politikk som støttar opp under verksemdene i deira handtering av immaterielle verdiar og rettar.

Styresmaktene i mange land aukar merksenda om immaterielle rettar og politikkutviklinga i andre land gir oss høve til å lære og er med på å skjerpe konkurransesituasjonen for norsk næringsliv.

Regjeringa vil halde fram med å styrke vilkåra for handtering av immaterielle rettar i næringslivet og forskingsinstitusjonane. I denne meldinga presenterer regjeringa ein langsigtig politikk som skal bidra til større strategisk, bevisst og lønnsam bruk av immaterielle verdiar og rettar i norsk næringsliv og forsking.

1.2 Regjeringa sin politikk for immaterielle verdiar og rettar

Regjeringa sin politikk for immaterielle verdiar og rettar femner breitt. Hovudmålet er at norsk næringsliv og offentlege aktørar skal bli betre til å utnytte verdiskapingspotensialet som ligg i ei god handtering av eigne immaterielle verdiar og rettar. For å nå dette målet vil regjeringa rette innsatsen mot seks område:

1. Slutte Noreg til internasjonale avtalar og oppdatere regelverk og ordningar

Regelverket for immaterielle rettar regulerer rolla til patentmyndighetene, kva som blir verna, kor langt vernet strekkjer seg, og korleis dei immaterielle rettane blir sikra og handheva. Tilslutning til internasjonale avtalar og eit oppdatert nasjonalt regelverk er viktig for å sikre eit velfungerande system for handtering av immaterielle rettar. Eit godt system gjer det mogleg for norske verksemder å sikre og handheve rettane sine og stimulerer til utvikling av ny kunnskap i form av nye tekniske løysingar eller kulturelle uttrykk.

Noreg har i dag eit regelverk som gjennomgående er tidsriktig og oppdatert. Som eit ledd i arbeidet med å sikre norsk næringsliv best moglege konkurransevilkår internasjonalt, vil regjeringa halde fram med å utvikle og harmonisere regelverket for immaterielle rettar. Regjeringa meiner at regelverket og systemet for immaterielle rettar i Noreg bør fungere som insentiv for både private og offentlege verksemder som vil investere i innovasjon og verdiskaping.

For å slutte Noreg til internasjonale avtalar og oppdatere regelverk og ordningar vil regjeringa mellom anna

- sende på høyring forslag om norsk tilslutting til London-avtalen

- undersøkje om det er mogleg å få etablert eit privat, kommersielt tilbod om rettstvistforsikring for immaterielle rettar i den norske marknaden
- vurdere behovet og moglegheitene for vitnefritak for patentfullmektigar og innføring av ei norsk autorisasjonsordning

2. Betre opplæringa i immaterielle verdiar og rettar

Immaterielle rettar har fått større betydning, og delar av næringslivet etterspør fleire medarbeidarar og kandidatar med relevant utdanning. Dette er særleg aktuelt innanfor fag som jus, teknologi, økonomi og administrasjon. Eit betre utdanningstilbod vil bidra til å møte det aukande behovet for kompetanse om immaterielle rettar blant framtidige arbeidstakrar, i næringslivet, i patentekspertbransjen, i verkemiddelapparatet og i rettsvesenet. Vidare vil eit godt etter- og vidareutdanningstilbod bidra til å heve og utvikle kompetansenivået hos dagens arbeidstakrar. Det er også eit behov for auka bevisstheit om immaterielle rettar blant barn og unge.

Regjeringa er oppteken av at tilbodet om opplæring i immaterielle rettar må bli betre i heile utdanningsløpet – i grunn- og vidaregåande opplæring, i høgare utdanning og i relevante etter- og vidareutdanningar. For å betre opplæringa i immaterielle rettar vil regjeringa mellom anna:

- legge til rette for at deltakarar i Ungt Entreprenørskap får større kompetanse og bevisstheit om immaterielle rettar
- be Patentstyret innleie ein dialog med Utdanningsdirektoratet, Kommunesektorens organisasjon (KS) og Ungt Entreprenørskap med siktet på å skape interesse for immaterielle rettar i grunn- og vidaregåande opplæring
- be Forskningsrådet arbeide for at doktorgradsutdanningar som blir finansiert med midlar frå Nærings- og handelsdepartementet, inneholder opplæring i immaterielle rettar der dette er formålstenleg

3. Vidareutvikle Patentstyret

Patentstyret er den norske nasjonale myndigheten for behandling av søknader om patent, varemerke og designvern. I tillegg er Patentstyret eit nasjonalt kompetansesenter for industrielle rettar. Gjennom forvaltning og spreiing av kunnskap om industrielle rettar er Patentstyret ein del av det norske innovasjons-

systemet. Regjeringa meiner at eit velfungerande immaterialrettssystem og ei velfungerande myndigheit er eit sentralt rammevilkår for at verksemder skal velje å basere den nyskapande verksemda si i Noreg.

Regjeringa ønskjer at Patentstyret skal utvikle seg vidare, både som forvaltar av og som eit kompetansesenter for industrielle rettar i Noreg. For at Patentstyret skal lykkast med dette, må etaten ha god og relevant kompetanse, og gode rutinar for ei effektiv saksbehandling. Patentstyret må aktivt følgje med og overvake den teknologiske utviklinga og analysere kva konsekvensar ho kan ha for arbeidet i etaten i tida framover. Regjeringa ventar også at Patentstyret saman med dei andre næringsretta verkemiddelaktørane gir myndigkeitene råd i politikkutviklinga på feltet.

For at Patentstyret skal utvikle seg vidare til nytte for norske aktørar, vil regjeringa mellom anna be Patentstyret om å

- medverke til at næringslivet i større grad inkluderer bruk av immaterielle rettar i sin eigen forretnings- og kommersialiseringstrategi
- vere ein pådrivar overfor dei andre verkemiddelaktørane for å inkludere immaterialrettslege perspektiv i oppgåveløysinga og tenestetilbodet deira på ein formålstenleg måte
- arbeide vidare med å etablere ein nettstad med informasjon om piratkopiering og varemerkefalsking

4. Vidareutvikle det samla rettleiingstilbodet innanfor immaterielle verdiar og rettar

Det næringsretta verkemiddelapparatet består mellom anna av Innovasjon Noreg, Designrådet, Forskningsrådet, SIVA og Patentstyret. Dei har ulike roller, ansvar, kompetanse og oppgåver som skal vere komplementære innanfor ei samla verdikjede frå idé til marknad. Regjeringa er oppteken av at samarbeidet mellom aktørane skal resultere i at ulike tenester utfyller kvarandre og framstår på ein heilskapleg og einsarta måte for verksemdene. Dette er også viktig for å kunne møte dei endringane som skjer internasjonalt. Det er mellom anna etablert samarbeidsavtalar mellom Patentstyret og høvesvis Forskningsrådet, Norsk Designråd og Innovasjon Noreg.

I dag finst det ingen enkeltaktør som kan tilby informasjon og rettleiing om heile spekteret av immaterielle rettar, frå opphavsrett til

patent, til alle relevante målgrupper. Regjeringa ønskjer eit framtidsretta og samordna verkemiddelapparat som bidreg til å styrke bevisstheita og kompetansen om immaterielle rettar i norsk næringsliv.

For å vidareutvikle det samla rettleiingstilbodet om immaterielle verdiar og rettar vil regjeringa mellom anna

- kartlegge behova nærmare og identifisere moglege løysingar for ei samla informasjons- og rettleiingsteneste om immaterielle rettar og verdiar
- etablere ei rettleiings- og rådgivingsteneste for små og mellomstore bedrifter
- medverke til å utvikle Innovasjon Noreg si rettleiing til norske bedrifter om immaterielle rettar i særleg relevante internasjonale marknader og be Innovasjon Noreg vurdere korleis ei betra rettleiingsteneste kan utformast

5. Nedkjempe piratkopiar og varemerkefalskingar

Omfanget av piratkopiering og varemerkefalsking aukar, og handelen med falske varer og piratkopiering av programvare, musikk og film har vakse det siste tiåret. Samtidig viser ei rekke døme at omfanget av piratkopiering blir mindre der det blir lagt til rette for lovlege løysingar.

Regjeringa ser at det må til eit breitt sett av tiltak for å nedkjempe piratkopiering og varemerkefalsking. Det vil vere behov for regelverksendringar og tiltak for informasjons- og haldningsarbeid. I tillegg må det leggjast til rette for attraktive og lovlege løysingar. Utvikling av digitalt berekraftige forretningsmodellar som forbrukarane faktisk ønskjer å bruke, er eit ansvar som i hovudsak ligg på aktørane i bransjen. Piratkopiering og varemerkefalsking er samtidig internasjonale utfordringar som tilseier ein samla innsats gjennom internasjonalt samarbeid.

For å redusere omfanget av piratkopiering og varemerkefalsking vil regjeringa mellom anna

- styrke regelverket for handheving av rettar etter åndsverklova ved ein revisjon av denne lova
- arbeide for å etablere ein nettstad med informasjon om piratkopiering og varemerkefalsking og etablere eit tilhøyrande myndighetssamarbeid
- styrke regelverket mot import av falske legemiddel

6. *Betre kunnskapsgrunnlaget for vidare politikkutvikling*

Politikkutviklinga på eit område blir ikkje betre enn det kunnskapsgrunnlaget ho kviler på. I næringsspolitikken inneber det at regjeringa er avhengig av å ha god kunnskap om samanhengen mellom innsatsen på eit område og den effekten innsatsen har på verdiskapinga. Når det gjeld immaterielle rettar, er det stort sett god kunnskap om kor mange rettar det blir søkt om i verda, medan kunnskapen er langt dårlegare mellom anna om kva effekt omfanget av immaterielle rettar har på verdiskapinga i den enkelte bedrifta, i ei næring eller i eit heilt land.

For offentlege styresmakter vil det difor vere ønskjeleg med økonomiske analysar som koplar data for immaterielle rettar mot andre datakjelder. Dette kan bidra til å auke kunnskapen om samanhengane mellom immaterielle rettar, innovasjon og verdiskaping.

For å betre kunnskapsgrunnlaget for vidare politikkutvikling vil regjeringa mellom anna

- be Patentstyret medverke til eit forbetra datagrunnlag, mellom anna gjennom å leggje til rette for auka innrapportering av organisasjonsnummer ved søknader om rettar
- vurdere korleis analysar av tilhøvet mellom immaterielle rettar og verdiskaping kan inngå i utvikling av kunnskapsgrunnlaget
- jamleg invitere til konferansar for å diskutere utvalde problemstillingar om handteringa av immaterielle verdiar og rettar i det norske innovasjonssystemet

1.3 Om innhaldet i meldinga

Denne meldinga handlar om immaterielle verdiar og rettar i eit næring- og innovasjonspolitisk perspektiv, og presenterer ein politikk som skal bidra til ein meir strategisk, bevisst og lønnsam bruk av immaterielle verdiar og rettar i norsk næringsliv, universitet, høgskolar, helseføretak, forskingsinstitutt og hos relevante offentlege aktørar.

Ulike politikkområde skal ta vare på ulike omsyn som av og til kan komme i konflikt. Dette er særleg relevant i diskusjonar om innovasjon og næringssutvikling basert på immaterielle verdiar. Politikken som har som mål å fremme utvikling av immaterielt innhald i seg sjølv, til dømes kultur- og kunnskapspolitikken, skil seg frå politikken som har som mål å fremme utviklinga av tenester

som baserer seg på innhald, gjerne immaterialrettsleg verna materiale. Næringspolitikken byggjer dermed delvis på andre omsyn enn kultur- eller kunnskapspolitikken og har ikkje nødvendigvis dei same målsetjingane. Så lenge dei politiske målsetjingane ikkje er like, kan det oppstå tilfelle der næringsspolitiske interesser ikkje fell saman med kultur- eller kunnskapspolitiske interesser. På områda der interesser og mål ikkje dekkjer kvarandre heilt, vil regjeringa ta omsyn til desse forskjellane ved utforming av politikk og verkemiddel og ved vurdering av måloppnåing.

Spørsmålet om rettar til og rettferdig deling av gode kan vere aktuelt i samband med bruken av immaterielle rettar, til dømes ved bruk av rettar som omfattar biologisk materiale og utnytting av moderne bioteknologi. Vidare kan tilhøvet mellom vern av immaterielle rettar og helse og utvikling i utviklingsland vere ei aktuell problemstilling. Slike spørsmål er til dels regulerte i internasjonale regelverk og er gjenstand for grunnleggjande og aktuelle debattar i andre samanhengar. Dei blir ikkje behandla i meldinga. Det blir heller ikkje foreslått konkrete endringar i lover og forskrifter.

Meldinga er delt inn i fem kapittel. Kapittel 2 beskriv rammeverket for handtering av immaterielle rettar i norsk næringsliv og norske forskingsinstitusjonar. Mellom anna er Patentstyret, som er nærmare omtala i 2.3 ein sentral aktør i dette biletet. Kapittel 3 beskriv status for immaterielle rettar i Noreg i lys av sentrale internasjonale utviklingstrekk. Kapittel 4 gjer greie for regjeringa sin politikk for handtering av immaterielle verdiar og rettar, kva rolle han speler i næringsspolitikken, og korleis regjeringa vil leggje til rette for at norsk næringsliv betre kan utnytte det verdiskapingspotensialet som ligg i ei bevisst og strategisk handtering av immaterielle verdiar og rettar. Det avsluttande kapittel 5 gjer greie for dei økonomiske og administrative konsekvensane av framlegget.

1.4 Om utarbeidninga av meldinga

1.4.1 Innspelsseminar og møte

Immaterielle verdiar og rettar er eit vidt tema, som er aktuelt for ei rekke aktørar og på mange samfunnsmiljø. For å samle erfaringar og kunnskap frå næringslivet og andre relevante aktørar har departementet i arbeidet med meldinga lagt vekt på å innhente innspel frå ulike miljø.

Hausten 2011 blei ei ressursgruppe sett saman av representantar frå nærmare 40 ulike aktørar i

næringsliv, interesseorganisasjonar, offentlege myndigheter, det næringsretta verkemiddelapparatet, kommersialiseringssaktørar, universitet, høgskolar og helseføretak.

Det har vore halde to innspelsseminar i denne ressursgruppa, eit rundebordsmøte om import av falske legemiddel, eit innspelsseminar i regi av Næringslivets hovedorganisasjon (NHO) og ein større innspelskonferanse.

I tillegg er det gjort fleire intervju, og det er gjennomført studiebesøk til relevante styresmakter og patentmyndigheter i Danmark, Finland og Sverige.

1.4.2 Skriftlege innspel

Nærings- og handelsdepartementet sende hausten 2011 ut eit brev til ei rekke aktørar i det norske innovasjonssystemet og bad om skriftlege innspel til meldingsarbeidet:

- Kva kjenneteiknar tilhøvet til immaterielle rettar i din sektor eller bransje?
- Kva er dei viktigaste utfordringane på immaterialrettsfeltet for verksemda di?
- På kva måte bør handteringen av rettar gjennomførast for å bidra til å sikre internasjonal konkurranseskraft for norsk næringsliv?
- Har du forslag og innspel til viktige tema som bør vurderast i meldingsarbeidet?

Departementet fekk mange skriftlege innspel som er nyttig i arbeidet med meldinga. Alt i alt tyder innspela på at norsk næringsliv vurderer immaterielle rettar som stadig viktigare.

1.4.3 Sentrale tema frå innspela

Innspela som kom inn, dekkjer ei rekke tema. Her summerer departementet opp dei mest sentrale.

Kompetanse og bevisstheit

Mange av innspela trekker fram behovet for større kompetanse og bevisstheit om immaterielle rettar både i næringslivet og i forskingsmiljøa, og foreslår ein forsterka offentleg innsats på dette området. Det næringsretta verkemiddelapparatet melder også om aukande behov for rettleiing, rådgiving og kompetanse om immaterielle rettar og tilhøyrande tenester.

I innspela blir det samtidig streka under at det er store forskjellar mellom verksemndene. Medan mange av dei store selskapa i hovudsak handterer immaterielle rettar på ein systematisk måte, har

mindre bedrifter ofte avgrensa føresetnader for å kunne sikre og forvalte eigne immaterielle verdiar og rettar.

Medan somme gir uttrykk for at dei større universiteta har god kompetanse når det gjeld å handtere immaterielle rettar, opplever andre utfordringar i samband med måten forskingsinstitusjonane og kommersialiseringssaktørane handterer immaterielle rettar på. Det blir vidare etterlyst enkle og forståelege avtalemalar og hjelp og rettleiing når det gjeld immaterielle rettar og kommersialisering som ein del av den forskingsadministrative støtta og infrastrukturen.

I fleire av innspela blir det teke til orde for ei satsing på immaterielle rettar i utdanningssektoren. Særleg blir meir og betre undervisning i immaterielle rettar innanfor høgare utdanning etterlyst. Mellom anna blir det foreslått å inkludere immaterialrett i pensum innanfor juridiske, tekniske og økonomiske fag. Vidare blir det teke til orde for at immaterielle rettar også bør vere eit frittstående fag, og at moglegeheitene for å ta mastergrad og doktorgrad på feltet bør styrkjast.

I enkelte av innspela blir det trekt fram at kompetansen om samspelet mellom immaterielle rettar og standardar er heller liten. Ifølgje desse innspela er det difor behov for ei styrking av kunniskapen på området, spesielt i det offentlege verkemiddelapparatet og blant ekspertane som er involverte i standardiseringsarbeid.

Mange opplever informasjonen og rettleiinga om immaterielle rettar i dag som fragmentert, mangefull og lite tilgjengeleg. Somme foreslår å etablere eit nasjonalt organ som gir rettleiing og råd om immaterielle rettar til fleire ulike brukargrupper, og andre tek til orde for å leggje ein slik funksjon til Patentstyret og/eller Innovasjon Noreg, basert på deira respektive kompetanse- og ansvarsområde, medan andre igjen foreslår å leggje ein slik funksjon til eit universitet. Det blir også foreslått å etablere næringslivsnettverk der verksemndene kan nyttiggjere seg erfaringane til kvarandre når det gjeld strategisk bruk av immaterielle rettar.

I mange innspel blir det uttrykt bekymring for det store omfanget av piratkopiar, varemerkefalskingar og import av falske legemiddel. Utfordringane knyter seg til behov for regelverksendringar, grensekontroll, haldningsarbeid og lettare tilgjengeleg informasjon.

Arbeidet for auka kompetanse og bevisstheit om immaterielle verdiar og rettar er i hovudsak omtala i kapittel 2 (2.3 og 2.4), kapittel 3 (3.4) og kapittel 4 (4.4, 4.5, 4.6 og 4.8).

Regelverk og ordningar

Mange innspel poengterer behovet for eit tidsriktig og betra Regelverk som i større grad er harmonisert med resten av verda, og særleg med EU. Mellom anna blir det teke til orde for norsk tilslutting til London-avtalen⁶, tilknyting til EUs fellesordningar for immaterielle rettar⁷, høve til å pantsætte immaterielle rettar, implementering av EUs pediatriforordning, etablering av ein norsk særdomstol for immaterielle rettar, konkurranserett og marknadsføringsrett.

I enkelte innspel blir det peikt på at patentfullmektigane og ekspertbransjen møter skarpare konkurranse frå internasjonale aktørar som har etablert seg i den norske marknaden. Det blir teke til orde for å innføre eit norsk såkalla patentrådgivarklient-privilegium, som òg regulerer kven som kan kalle seg patentfullmektig i Noreg, og fri-tak frå vitneplikta for fullmektigar, for å gjere patentfullmektigbransjen meir konkurransedyktig internasjonalt.

⁶ London-avtalen er ein tilleggsavtale til Den europeiske patentkonvensjonen og trødde i kraft i 2008. Avtalen skal spare næringslivet for kostnader ved å redusere krava til omsetjing av meddelte EP-patent til språket i det enkelte landet. 18 av 38 EPO-medlemsland har sluttar seg til London-avtalen.

⁷ EUs fellesordningar inneber at ein enkelt søknad gir vern i alle EU-land. Det har lenge eksistert slike ordningar for varemerke og design, og ei ordning for patent skal etter planen tre i kraft våren 2014.

Fleire innspel handlar om universitets- og høgskolelova og arbeidstakaroppfinningslova. Det blir etterlyst større tydelegheit om rettstilstanden på området og forslag om rettleatings- eller tolkingsdokument til Regelverket. Somme tek til orde for at arbeidstakaroppfinningslova bør omfatte andre typar immaterielle rettar i tillegg til oppfinningar. Andre peiker på utfordringar i forhandlingar om avtaletekst om immaterielle rettar i arbeidsavtalar, tilsettjingskontraktar og studentarbeid. Enkelte aktørar gir uttrykk for at den grunnleggjande retten universiteta har til å forske vidare på eigne resultat som har komme fram i samarbeid med eksterne partar, bør lovfestast. Det har også komme innspel om potensielle problemstillingar knytte til eit mogleg erstatningsansvar hos universitet ved brot på andres immaterielle rettar.

Departementet har fått mange innspel som handlar om samarbeid mellom næringslivet og universitets- og høgskolesektoren. Enkelte meiner at gjeldande rett på området balanserer akademisk fridom og behovet for institusjonell kontroll på ein tilfredsstillande måte. Dei opplever at samarbeidspartnarane i næringslivet er kompetente, og at samarbeidet er tilfredsstillande. Andre melder at dette samarbeidet er krevjande, og strekar under kor viktig det er med klare og gode avtalar og større kompetanse.

Dagens Regelverk og ordningar for immaterielle rettar i Noreg er nærmere beskrive i kapittel 2, medan arbeidet med å harmonisere og utvikle dei i hovudsak er omtala i kapittel 4 (4.3, 4.5, 4.6 og 4.7).

2 Rammene for bruk av immaterielle rettar i Noreg



Figur 2.1

Foto: Jenny Solem Vikra/Minsk

Norsk næringsliv konkurrerer i aukande grad på grunnlag av kunnskap og kompetanse. Det inneber at ein stor del av verdiane i verksemidene er immaterielle. Handteringen av immaterielle verdiar og rettar kan i mange tilfelle vere heilt avgjerande for konkurransen og verdiskapinga i verksemidene. Difor betyr immaterielle rettar også mykje for verdiskapinga i næringslivet, i økonomien og i næringsspolitikken.

Alle verksemder har immaterielle verdiar i ulike former. Det kan dreie seg om kompetanse hos medarbeidarane, føretaksnamn, domenennamn, produksjonsprosessar, framgangsmåtar, databasar, oppskrifter, merkevarer, design, åndsverk, teknologi eller oppfinningar. Å utvikle desse verdiane krev ressursar og inneber ein risiko for verksemda eller innovatøren. Dersom ein innova-

sjon blir kopiert eller utnytta av andre, kan det vere vanskeleg for innovatøren å sikre seg avkastning av investeringa si. Det kan gjere at det ikkje lønner seg for innovatøren eller verksemda å gjenomføre investeringa, noko som igjen kan føre til at næringslivet investerer mindre i innovasjon enn det som samla sett lønner seg for samfunnet. Verksemidene tek vare på dei immaterielle verdiane på ulike måtar. Rask produktutvikling, hemmeleghald, merkevarebygging og bruk av open kjeldekode er døme på utbreidde strategiar i mange næringar. Nokre av dei immaterielle verdiane kan òg vernast av lovheimla sivile rettar, ofte omtalte som immaterielle rettar. I enkelte næringar er det avgjerande å sikre seg immaterielle rettar. Innanfor næringar som kjemisk og farmasøytsk industri er forsking og utvikling tid- og res-

surskrevjande, samtidig som teknologien og produkta er relativt enkle å imitere når dei først er utvikla. Det gjer at formell registrering er ein mykje brukte strategi innanfor desse næringane.

Immaterielle rettar er del av ein byttehandel som skal bidra til eit nivå på Forskning og utvikling (FoU) og innovasjon som er lønnsamt for heile samfunnet. På den eine sida er ein immateriell rett med på å redusere risikoene for innovatøren gjennom ein eimerett til å utnytte innovasjon, som forbyr andre å utnytte ho kommersielt. Difor blir immaterielle rettar også omtalt som forbodsrettar. Opphavsrett og registrering av patent, design eller varemerke gjer altså at den som sit med utviklingskostnadene og risikoene, også får retten til å hauste gevinstane. På den andre sida inneber formelt vern av immaterielle rettar at innovasjonen blir offentleggjord. For samfunnet som heilskap er det mest lønnsame at ny kunnskap er tilgjengeleg for flest mogleg. Kunnskap er eit fellesgode – nytten av kunnskap aukar ved at han blir spreidd og dermed kjem fleire til gode enn den enkelte aktøren som produserer eller formidlar kunnskapen. Registrering og offentleggjering av rettar er med på å spreie kunnskapen om nye teknologiar eller løysingar, som igjen kan vere basis for nye innovasjonar. Vern av innovasjonar kan difor vere avgjerande for realiseringa av nye varer, tenester og verdiar.

I næringspolitikken er dette den viktigaste grungivinga for immaterielle rettar: Gjennom å fremje realiseringa av nye innovasjonar og verdiar skal immaterielle rettar bidra til ei størst mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi.

Verknadene av immaterielle rettar på innovasjon og verdiskaping er stadig tema for diskusjon. Immaterielle rettar kan òg ha ulemper. Til dømes kan verksemder hindre konkurrentar i å realisere nye innovasjonar, til dømes ved å nekte utlisensiering av eigen teknologi eller sikre seg mange patent innanfor særlege teknologiområde for å stengje konkurrentar ute frå same område. Dette kan hemme eller blokkere teknologisk utvikling.

Nemninga «immaterielle rettar» omfattar industrielle rettar og opphavsrett. Industrielle rettar omfattar i hovudsak patent, design og varemerke.

Det er vanleg å dele immaterielle rettar i to kategoriar: opphavsrettar og industrielle rettar. Opphavsretten skal sikre den som skaper eit åndsverk, eigarskap til og økonomisk utbyte av verket. Opphavsrett oppstår automatisk i den augneblinke verket er skapt, og er regulert av åndsverklova.

Industrielle rettar kan delast inn i to kategoriar etter kva økonomisk funksjon dei har:

1. Rettar som skal gi insentiv til å investere i innovasjon, som patent og design. Dette vernet er tidsavgrensa, og er ein kontrakt mellom innovatøren og samfunnet. Til dømes gir eit patent ein tidsavgrensa eimerett på kommersiell utnytting i maksimalt 20 år, mot at den teknologiske lærdommen blir gjord allment tilgjengeleg.
2. Rettar som skal sikre at kundane har tillit til kvaliteten på produktet dei kjøper, som varemerke og geografiske indikasjoner. Kjennskapen til produktet og kjennemerket gjer at kundane veit kva dei kan vente seg. Desse rettane er ikkje avgrensa i tid, men verknaden er avhengig av at det blir investert i å byggje opp eit omdøme for produktet i marknaden.

Systemet med vern av immaterielle rettar består av mange typar rettar, med tilhøyrande regelverk, institusjonar og ordningar. Immaterialretten omfattar det settet av reglar som regulerer kva som er verna, kor langt vernet strekkjer seg, og korleis reglane blir sikra og handheva. I tillegg finst det regelverk som grensar opp mot immateriaretten, mellom anna marknadsføringslova, som inneholder reglar som forbyr produktetterlikningar, vernar geografiske nemningar og vernar om bedriftsløyndommar og tekniske hjelpemiddel.

Immaterielle rettar er territorialt avgrensa og primært nasjonale, og dermed knytte opp mot lovverket i det enkelte landet. Samtidig har det over lang tid utvikla seg eit detaljert og forpliktande internasjonalt avtaleverk for immaterielle rettar som forpliktar land til å tilby immaterielt vern. Det internasjonale og nasjonale regelverket legg ramme for handteringa av immaterielle verdiar og rettar i Noreg.

Ein immateriell rett kan bety mykje økonomisk. Ei rettferdig tildeling av desse rettane tilseier at immaterielle rettar bør forvaltas av ein uhilda instans som ikkje er driven av privatøkonomiske omsyn. Difor har dei fleste land oppretta uavhengige patentmyndigheter. Det er også oppretta overnasjonale patentmyndigheter som Det europeiske patentverket (EPO), som forvaltar og legg til rette for rettar for fleire land.

Patentmyndighetene er ein del av infrastrukturen for innovasjon. Her fyller dei i hovudsak ei todelt rolle: Dei skal gjere patentinformasjon og dermed ny kunnskap tilgjengeleg i innovasjonssystemet, og dei skal fremje nyskapning gjennom forvaltning av industrielle rettar. Det siste inneber ein funksjon som «portvakt» som setter krav til innovasjonar som får vern. I

Boks 2.1 Éi bedrift, fleire metodar - Kongsberg Norspace

Kongsberg Norspace bruker ei rekke metodar for å verne rettane sine, både formelle og uformelle.

Kongsberg Norspace utviklar og produserer utstyr til den internasjonale romfartsindustrien. På same måte som konkurrentane produserer selskapet utstyr som ikkje er tilgjengeleg på den opne marknaden. Produkta innsgår i ei nokså lukka verdikjede som sterkt avgrensar høvet til innsyn i produkta til konkurrentane og dermed også til å forfølgje eventuelle rettskrenkingar. Det verkar inn på kva vernemetode selskapet vel.

Kongsberg Norspace har eit sett retningslinjer for val av vernemetode:

- Patentvern blir nytta dersom oppfinninga betyr mykje for bruk i produkta til selskapet og lett kan kopierast ved å studere produktet. Oppfinninga bør helst også vere av ein slik karakter at eit patentinngrep kan påvisast eller sannsynleggjeraast utan tilgang til produktet.
- Hemmeleghald blir nytta dersom oppfinninga er vanskeleg å kopiere berre ved å studere produktet, eller dersom eit patentinngrep vil vere vanskeleg eller umogleg å påvise.
- Publisering blir nytta dersom oppfinninga betyr mindre, og då primært for å hindre konkurrentar i å ta ut patent, og dermed sikre at Norspace kan bruke oppfinninga.

Kongsberg Norspace held i dag ved like seks patent. Patenter blir søkt i dei landa der selskapet har konkurrentar, og i land som har satellittbyggjarar eller utskytingsbase for satellittar. Selskapet har gitt opp patentering i Japan, fordi det er både kostbart og tidkrevjande. Selskapet har også valt å avstå frå å forsøke patentering i Kina. I praksis står USA, Canada, Storbritannia, Frankrike og Tyskland att.

Noreg sikrar verksemde design, varemerke og patent gjennom søknad til Patentstyret eller gjennom regionale ordningar. I tillegg til patentmyndighetene er ei rekke aktørar med på å handteringa av immaterielle verdiar og rettar, nasjonalt og internasjonalt.



Figur 2.2 Døme på patentert oppfinning

AcuFriend naseklype mot hovudpine

Dette kapitlet handlar om lover, reglar, ordningar, mekanismar, aktørar og samarbeid som til saman utgjer rammeverket for handtering av immaterielle rettar i norsk næringsliv og norske forskingsinstitusjonar.

2.1 Regelverket for immaterielle rettar

Det finst mange typar immaterielle rettar, med tilhøyrande regelverk, ordningar og ansvarlege institusjonar. Det er til dels store forskjellar mellom dei ulike immaterielle rettane, mellom anna når det gjeld kriteria for vern, kor sterkt vernet er, kor lenge det varer, og korleis rettane blir handheva. Felles for alle immaterielle rettar er at dei representerer ein lovheimla rett til verdiar som ikkje har fysisk substans.

2.1.1 Patent

Eit patent gir innehavaren enerett til kommersiell utnytting av ei oppfinning. For å oppnå eit patent må oppfinninga løyse eit teknisk problem på ein ny måte, som skil seg vesentleg frå det som er kjent frå før. Eit patent kan vare i inntil 20 år frå den dagen søknaden blei send, og innehavaren må betale årsavgifter for å halde patentet ved lag. Registrering og bruk av patent er heimla i patentlova. I Noreg kan ein oppnå patentvern ved å sende søknad til Patentstyret eller til Det europeiske patentverket (EPO). Den aktuelle patent-

myndigheita vurderer om søknaden oppfyller vilkåra, og sørger for ei offentleg kunngjering, slik at tredjeperson kan komme med motsegn eller protestere mot patentet.

For legemiddel og plantefarmasøytske produkt finst det spesialordningar som opnar for å utvide vernetida med inntil fem år. Bakgrunnen er at ein langvarig utviklingsfase og krav om marknadsføringsløyve for slike produkt reduserer den effektive vernetida, ofte med meir enn fem år. Dermed sikrar utvida vernetid produsentane tid til å få avkastning på dei store investeringane som må til for å utvikle legemiddel og plantefarmasøytske produkt.

Bruksmønster, ofte kalla «minipatent», er ei verneform for mindre oppfinningar som blir brukt i fleire land. Vernet er eigna for små og mellomstore bedrifter som gjer mindre forbetringar av eksisterande produkt. Ordninga er innført i fleire europeiske land, men ikkje i Noreg.

Plantesortvern. Sjølv om plantesortar og dyrerasar er unнатekne frå patentering i patentlova, kan ein nyutvikla plantesort oppnå vern gjennom planteforedlarlova. For å oppnå vern må den aktuelle plantesorten vere ny, kunne skiljast frå andre sortar, vere einsarta og behalde sine karakteristika gjennom formeiring. Eit plantesortvern gir eigaren einerett til å produsere og selje ei formeingsvare i 20–25 år, avhengig av arten. Lov om planteforedlerrett blir forvalta av Plantesortsnemnda, som blir utnemnd av Landbruks- og matdepartementet. Mattilsynet har sekretariatsoppgåver for nemnda.

2.1.2 Varemerke

Eit varemerke er ein rett som vernar særprega kjenneteikn for varer og tenester, og er heimla i varemerkelova. Varemerket er ikkje direkte knytt til innhaldet i produktet eller tenesta, men skal gjennom kjenneteikn som logo, fargar, skrifttypar og liknande formidle det kommersielle opphavet og sørge for at forbrukaren knyter vara eller tenesta til riktig produsent eller lisensstakar.

Varemerkerettar oppnår ein gjennom registrering eller ved innarbeiding. Eit registrert varemerke gjeld for ti år, og det er ikkje sett grenser for kor mange gonger det kan fornyast. Eit innarbeidd varemerke har vern så lenge det er godt kjent som eit særleg kjenneteikn for nokon. Vilkår for registrering er mellom anna at varemerket er særprega og eigna til å peike ut eit kommersielt opphav, at det ikkje er eigna til forveksling med andre registrerte varemerke, og at det ikkje er villeiande.

Boks 2.2 Det første norske patentet – koking av hummar

Tidleg på 1400-talet vedtok bystaten Venedig ei lov om patentvern. Det er truleg verdas første patentlov. Det skulle likevel gå meir enn 400 år før 14 europeiske statar møttest i Paris i 1883 for å bli einige om ein konvensjon som skulle verne oppfinningar, varemerke og industrielle mønster. Året etter, i 1884, tredde Paris-konvensjonen i kraft etter at han var underteikna av dei 14 landa. 1. juli 1885 blei Noreg medlem av Paris-konvensjonen.

Det første norske patentet blei innvilga i 1842 og gjaldt ein metode for koking av hummar. Opphavsmannen heitte Jacob Mørch. Han var frå Kristiansand, og på den tida var det ein betydeleg eksport av levande hummar frå sørlandsbyen til England. Trass i at transporten gjekk med spesialbygde skip, døydde mykje av lasten under overfarten. Jacob Mørch løyste problemet. Metoden hans gjekk ut på å dippe hummaren i litt ekstra salta kokande vatn til han fekk ein frisk, raud farge. Det heile skulle gå føre seg slik at minst mogleg vatn trengde inn i skalet. Når hummaren var «ganske tørr» skulle han leggjast ned i eit kar av leire, tinn eller anna «bekvemt materiale», som det heitte. Dermed kunne heile lasten seljast når han kom fram. Patentet blei offentleggjort i Rikstidende i 1847, altså fem år etter at patentet var gitt.

(Omarbeidd utdrag frå Hans Christian Erlandsens tekst til Patentstyrets jubileumsbok *100 år med gode ideer*)

I Noreg oppnår ein varemerkeregistrering gjennom søknad til Patentstyret, som vurderer om krava til registrering er oppfylte.

Føretaksnamn kan i visse tilfelle registrerast som varemerke. For å kunne registrerast som varemerke må føretaksnamnet fylle vilkåra i varemerkelova. Freia AS er eit godt døme på dette: Namnet fortel ikkje kva for varer eller tenester føretaket sel. Jo meir særprega kjenneteiknet er, desto større vern har det mot andre føretaksnamn og varemerke, jf. figuren 2.3.

Domenenamn er ei protokolladresse på Internett, til dømes www.regjeringa.no/nhd. Domeneamn er ikkje karakterisert som ein immateriell rett, men kan registrerast som eit varemerke. Det er difor viktig at den som søker om domenenamn,



Figur 2.3 Døme på varemerke

Freia, føretaksnamn og logo med særprega kjenneteikn

sjekkar andre relevante register, som Brønnøy-sundregistra, Varemerkeregisteret, Patentregisteret og Einingsregisteret, for å finne ut om andre kan ha rett til det namnet det blir søkt om.

Domenenamnet blir tildelt den som søker først. Alle som ønskjer å skaffe seg eit domenenamn under det norske toppdomenet .no, må kontakta ein registrar. Registraren formidlar førespurnaden vidare til Norid. Norid, som forvaltar .nodomena, ligg under Post- og teletilsynet. Det internasjonale domenenamnsystemet blir forvalta av Internet Corporation for Assigned Names and Numbers (ICANN). ICANN handterer og tildeler mellom anna toppnivå-doménenavn – på engelsk «roots» – på vegner av styresmaktene i USA.

2.1.3 Design

Design beskriv ei særprega utforming av eller utsjånaden til eit produkt. I Noreg er rettane til ein design heimla i designlova og blir innvilga av Patentstyret.

For å oppnå ein designrett må utforminga av produktet vere ny og ha ein individuell karakter.

Boks 2.3 Samspel og konflikt mellom domenenamn, varemerke og føretaksnamn

Domenenamn kan komme i konflikt med andre rettar, mellom anna registrerte eller innarbeidde varemerkerettar og føretaksnamn. Twistar oppstår både der éin part har ein rett og den parten som har registrert domenenamnet, ikkje har andre rettar, og der to partar med registrerte eller innarbeidde rettar ønskjer same domenenamn.

For toppnivådomenet «.no» er det oppretta eit eige twisteløysingsorgan, Domeneklagenemnda¹. Det er eit uavhengig organ som avgjer twistar om domenenamn mellom to partar og klagar frå søkerar av domenenamn over avgjerder tekne av Norid, registreringsmyndigheita for .no. Avgjerdene i nemnda kan bringast inn for domstolane.

Praksis i norske domstolar viser at rettstwistar mellom innehavarar av varemerke eller domenenamn som blir ført inn for domstolane, blir avgjorde etter varemerkelova eller marknadsføringslova, og det ikkje lovfesta kravet om god forretningsskikk.² I nyare rettssaker har norske domstolar slått fast at eineretten ein varemerkeinnehavar har til bruken av eit varemerke, også gjeld på Internett, mellom anna ved kommersiell bruk av domenenamn. Også EU-domstolen har på grunnlag av EU-lovgivinga komme med avgjelder som har innverknad på saker som blir ført i Noreg.

Verda rundt har det dei seinare åra vore ein auke i rettssaker rundt registrering og bruk av

domenenamn som er i strid med interessene til varemerkeeigarar. I Noreg har ikkje så mange slike twistar gått til domstolane.

For dei internasjonale toppnivådomena som .com, og .int blir mange av sakene løyste i administrative twisteløysingsorgan gjennom eit regelverk kalla Uniform Domain-Name Dispute-Resolution Policy (UDRP). UDRP er utvikla av ICANN og Verdsorganisasjonen for immaternal rett (WIPO). WIPOs meklings- og valdgiftssenter for domenenamn (Arbitration and Mediation Center for the resolution of domain name disputes)³ er det mest brukte internasjonale twisteløysingsorganet for slike saker. Når ICANN i løpet av 2013 opnar for mange nye toppdomene, blir situasjonen for varemerkeeigarar verda over endra, og omfanget av konfliktar både på toppdomenenivå og anna nivå kan auke.

Saker der rett står mot rett, må likevel løysast ved nasjonale domstolar i kvart land. Det er fordi desse sakene ofte er for komplekse for eit administrativt twisteløysingsorgan, og fordi immaterielle rettar er territoriale og gjeld etter reglane og jurisdiksjonen i det enkelte landet.

¹ <http://www.norid.no/domenekonflikter/domeneklagenemnda/>

² Advokat Kari Anne Lang-Ree på Internett her: <http://www.norid.no/domenekonflikter/domeneklagenemnda/NIR-varemerkerett-og-doménenavn.pdf>

³ <http://www.wipo.int/amc/en/index.html>



Figur 2.4 Døme på varemerke

Solo Sunset er eit kombinert merke med både ord og figurativt element. Norsk Designråd har registrert eit tredimensjonalt merke.

Alle søknader som oppnår designvern, blir kunn gjorde i ettertid, slik at det skal vere mogleg for tredjeperson å protestere.

Designrettar gjeld for fem år om gongen, med ein maksimal verneperiode på 25 år.

Boks 2.4 Varemerket er like gammalt som sivilisasjonen

Bumerke, eller varemerke, som vi kallar det i dag, har vore i bruk i tusenvis av år. Arkeologane har funne 5 500 år gamle gjenstandar med segl som indikerer kven som laga dei. Vikingane brende bumerka sine på skip og anna gods. På gammelnorsk heitte desse brennemerka «brandr» og er opphavet til dagens uttrykk «branding», som dei fleste feilaktig trur er engelsk. Bumerket var eit løfte til kjøparen. I mellomalderen fekk brennevinskagger svidd inn eit merke, som var ein garanti for at innhaldet ikkje var utvatna. Dersom løftet blei brote, forsvann truverdet, og slik fekk anerkjende merke ein eigenverdi. Dei eldste varemerkelovene i Europa går tilbake til 1850-talet.

Den første norske varemerkelova er frå 26. mai 1884, og kom på bakgrunn av eit svensk initiativ for å harmonisere lovgivinga for varemerke i dei skandinaviske landa. Det blei oppretta eit eige kontor i Kristiania for registrering av varemerke, og pågangen var stor, spesielt frå utanlandske produsentar, som hadde venta ei stund på at ei slik lov skulle bli vedteken i Noreg. Den første norske varemerkesøknaden blei levert inn 3. januar 1885. Søknaden kom frå Frydenlund-bryggjeriet, som ville verne bokstavane ML i kombinasjon med ei stjerne.

(Omarbeidd utdrag frå Hans Christian Erlandsens tekst til Patentstyrets jubileumsbok *100 år med gode ideer*)

2.1.4 Opphavsrett

Den som skaper eit åndsverk – litterært, vitskapleg eller kunstnarisk – har opphavsrett til verket. Opphavsretten er regulert av åndsverklova. Denne lova gir opphavsmannen einerett til å framstille eksemplar av åndsverket og til å gjøre det tilgjengeleg for allmenta.

For at det skal ligge føre eit åndsverk, må opphavsmannen ha gjort ein individuell skapande innsats, og verket må ha såkalla «verkshøgd». Opphavsrett til eit åndsverk oppstår idet eit verk er skapt, og det krevst inga form for registrering for å oppnå vern. Somme vel likevel å merkje verka sine på ulike måtar, til dømes med ein ©, som står for copyright, og det året verket er gitt ut. Det er frivilig, og har ingenting å seie for om eit verk er å

Boks 2.5 Designvernet starta med silkeveving i Frankrike

Opphavet til mønstervern, eller vern av det vi i dag kallar design, går tilbake til vaving av silke i Frankrike på 1700-talet. Allereie den gongen var landet kjent for sin raffinerte mote, og det var behov for å hindre kopiering av mønstra som silkeveveria hadde utvikla. I 1744 kom det vi i dag reknar som det første mønstervernet. Etter revolusjonen og maktovertakinga til Napoleon blei det i 1807 oppretta ei ordning for vern også av andre mønster. Formålet var å byggje opp under ein økonomi som var utarma etter år med uro.

På midten av 1800-talet opna også England for mønstervern av industriprodukt. Denne ordninga omfatta ikkje berre det estetiske, men også mønster som gjorde at gjenstanden fekk større nytteverdi. USA følgde etter i 1870 og Tyskland i 1876.

I Noreg blei mønstervern innført ved lov først i 1910. På grunn av usemje om tilhøvet mellom patentretten og kunstnarretten, tok lovarbeidet heile 15 år. Fram til da hadde det vore fritt fram å bruke andres mønster dersom dei ikkje var verna etter lova om kunstverk frå 1893. Mønsterlova av 1910 fylte tomrommet mellom kunst og patent i lovgivinga, og med den nye lova kunne også ytre form og utstyr vernast.

(Omarbeidd utdrag frå Hans Christian Erlandsens tekst til Patentstyrets jubileumsbok *100 år med gode ideer*)

rekne som verna etter lova eller ikkje. Eit åndsverk er verna i 70 år etter at opphavsmannen er død.

Foreininga Clara er etablert av seks rettshavarorganisasjonar – Bono, Kopinor, Norwaco, Tono, Fono og Gramo – for å rettleie brukarar i Noreg om korleis dei skal gå fram for å bruke opphavsrettsleg verna materiale utan å komme i konflikt med lovgivinga som gjeld på området.

Åndsverklova inneholder også reglar om vern av arbeida til utøvande kunstnarar, frambringarar av katalogar og databasar, produsentar av musikk og film, og kringkastarar. Desse nærliggande rettane varer i 50 år, med unntak av databasar, som er verna i 15 år.

Omsynet til rettshavarane må likevel vegast mot andre interesser. I åndsverklova er det ei rekke reglar som avgrensar rettane til opphavsmannen. Desse reglane kan ha noko ulike formål,



Figur 2.5 Døme på design

Tannbørste. Design: Hedvig Bentsen Skaflem
Jordbærkorg. Design: Elin Bjelkarøy. Foto: Matthew Pugsley
Vedomin, Jøkul

men er i hovudsak grunngitt i at samfunnet og brukarane har interesse av at åndsverka er tilgjengelege. Døme på dette er høvet til å kopiere til privat bruk, retten til å sitere frå verk og høvet til å bruke verk i undervisning. Avgrensingsreglane blir i stor grad også brukte for nærliggande rettar. Lovgivinga har som oppgåve å finne ein rimeleg balanse mellom dei ulike interessene.

2.1.5 Opphavsmerking for matvarer – geografiske nemningar

Verna nemningar for næringsmiddel er regulerte av ei eiga nasjonal forskrift som gir føresegner om vern av tre ulike nemningar: Verna opphavsnemning, verna geografisk nemning og verna tradisjonelt sær preg. Det er sjølv nemninga og ikkje produktet som oppnår vern. Vilkåra for vern er sterkt geografisk forankring og samarbeid mellom fleire produsentar for felles merkevarebygging. Dei verna produktnemningane er verna mot misbruk frå andre merkevareprodusentar. Ordninga blir forvalta av Matmerk, som er ei uavhengig, offentleg støtta stifting oppretta av Landbruks- og matdepartementet.

Gjennom denne ordninga har 25 produkt oppnådd verna nemning. Gullauge frå Nord-Noreg og Festsodd frå Trøndelag er døme på slike produkt. Døme på opphavsmerk som er godkjende i EU, er Prosciutto di Parma for skinke og Parmigiano Reggiano og Feta for ost. Prosciutto di Parma og Parmigiano Reggiano er også verna etter den norske ordninga.

Verna nemningar for både vin og sprit er harmoniserte i EØS-avtalen og regulerte i forskrifter om høvesvis vin og alkoholsterke drikkar og gjennom eigne føresegner om registreringsnækting i varemerkelova. Nemningane Norsk akevitt og Norsk vodka er verna gjennom EØS-avtalen, og det er utarbeidd nasjonale kriterium for Norsk akevitt. For vin og sprit kan det ikkje registrerast varemerke som består av eller inneheld geografiske opphavsnemningar, med mindre vara har eit slikt geografisk opphav.

Verna nemningar for sprit og vin har i tillegg vern mot uriktig bruk, i samsvar med marknadsføringslova, og gjeld uavhengig av registrering.

2.2 Internasjonalt samarbeid om immaterielle rettar

Immaterielle rettar er i utgangspunktet territorielt avgrensa, og primært nasjonale rettar. Rettane må sikrast i kvart enkelt av dei landa verksemndene

ønskjer å selje, produsere eller marknadsføre produkta eller tenestene sine i. Dersom ein oppfinner ønskjer å verne rettar i fleire land, må det i utgangspunktet søkjast registrering i kvart enkelt land. Eventuelle tvistar må òg løysast i det aktuelle landet.

Eit slikt utgangspunkt er krevjande for verksemder som opererer internasjonalt. Difor er det etablert ei rekke internasjonale avtalar og ordningar som forenklar handteringen av immaterielle rettar også globalt. I dag er dei fleste av desse ordningane administrerte av Verdsorganisasjonen for immaterialrett (WIPO) og regulerte i TRIPs-avtalen (Agreement on Trade-Related Aspects of Intellectual Property Rights), som omfattar dei 159 medlemmene av Verdas handelsorganisasjon (WTO). Noreg er med i fleire av desse ordningane på både patent-, varemerke- og designområdet.

Noreg inngår frihandelsavtalar med land utanfor EFTA og EU for å sikre norske bedrifter best mogleg marknadstilgang i framveksande økonomiar og hos viktige handelspartnarar. Gjennom EFTA har Noreg eit omfattande nettverk av frihandelsavtalar med land utanfor EFTA og EU/EØS. Frihandelsavtalane sikrar norske eksportørar og investorar føreseilege tilhøve og tilgang til marknaden. Formålet med frihandelsavtalane er å stimulere til auka samhandel og økonomisk samkvem mellom partane. Frihandelsavtalane omfattar mellom anna handel med varer, handel med tenester, investeringar, offentlege innkjøp og reglar om vern av immaterielle rettar. Frihandelsavtalane er eit supplement til dei forpliktingane Noreg og partnarlanda har overfor Verdas handelsorganisasjon, WTO.

Noreg har bilaterale forskings- og teknologiavtalar med fleire prioriterte land, mellom andre Japan, Kina, Russland og USA. Felles for avtalane er føresegner som sikrar at partane tek nok omsyn til vern og fordeling av immaterielle rettar eller andre eigarrettar. Desse føresegne kan variere frå detaljerte reguleringar av immaterielle rettar til meir generelle erklæringar.

2.2.1 Internasjonale system for handtering av immaterielle rettar

Utfordringane knytte til ein meir utstrekkt verds-handel og flyt av teknologi over grensene er ikkje av ny dato, og det internasjonale systemet for handtering av immaterielle rettar har utvikla seg over tid. I 1883 gav aukande problem med å handtere immaterielle rettar i handelen mellom land opphavet til den såkalla Paris-konvensjonen, som skulle verne oppfinningar, varemerke og industri-

elle mønster på tvers av medlemslanda. Tidlegare måtte oppfinnarar og verksemder sikre rettane sine i kvart enkelt land dei drev handel i, etter reglane som gjaldt i det aktuelle landet. Paris-konvensjonen slo fast at borgarar i eit medlemsland kunne erverve patent-, mønster- og varemerkerettar i dei andre medlemslanda på lik linje med borgarane i det aktuelle landet. Noreg tiltredde konvensjonen i 1885. Konvensjonen gjeld framleis, og per i dag har 169 land underteikna Paris-konvensjonen.

Neste skritt var Bern-konvensjonen for vern av opphavsretten til litterære og kunstnariske verk. Noreg tiltredde Bern-konvensjonen i 1886. Begge desse konvensjonane blir i dag administrerte av WIPO.

I 1891 blei det vedteke ein traktat for internasjonal registrering av varemerke. Madrid-protokollen kom som eit resultat av behovet for å verne varemerka sine i fleire land på ein enkel måte. Alle som høyrer til i eit av medlemslanda i protokollen, kan søkje om å få registrert rettar i dei andre medlemslanda. Noreg tiltredde protokollen i 1996. Madrid-systemet baserer seg på Madrid-protokollen og har per i dag 84 medlemmer.

På designområdet blei Haag-overenskomsten etablert i 1925 med siktet på å danne eit internasjonal system for søknad om registrering av design. I 1934 låg London-avtalen om internasjonal registrering føre. Seinare har det komme fleire avtalar på området. I 2010 tiltredde Noreg den såkalla Genève-avtalen. Det inneber at norske aktørar kan søkje designvern gjennom Haag-systemet og med det oppnå vern i fleire land gjennom éin søknad. Systemet forenklar prosessen med å verne design internasjonalt. Per i dag har Haag-overenskomsten om lag 80 medlemmer.

For å etablere eit verdsomspennande system som effektiviserte søknadsprosessen i dei enkelte landa, vedtok ei rekkje land i 1970 ein ny internasjonal konvensjon om patentamarbeid, Patent Cooperation Treaty (PCT). Ein oppfinnar som var interessert i å verne ei oppfinning i fleire land, måtte før PCT levere søknaden sin til kvart enkelt land. Dette førte til varierande krav til innhald og form og var både tid- og kostnadskrevjande. PCT-ordninga bidrog til at ein kan levere ein søknad til ei internasjonal granskingsmyndighet. Deretter kan søknaden sendast vidare til dei landa søkeren ønskjer vern i. Dette har bidrige til ein forenkla prosess for både søkeren og dei ulike patentmyndighetene. Per i dag har PCT 146 medlemsland. Til dømes har Det europeiske patentverket (EPO) og Nordisk Patentinstitutt (NPI) status som internasjonale granskingsmyn-

digheter. EPO er nærmere beskrive i 2.2.3 og NPI i 2.3.5.

Verdsorganisasjonen for immaterialrett, World Intellectual Property Organization (WIPO), blei oppretta i 1970. WIPO er ein paraplyorganisasjon og sekretariatet for mange underliggende avtalar om immaterielle rettar og medlemslanda deira. Organisasjonen fekk i 1974 status som en særorganisasjon under FN.

Medlemslanda i WIPO har i fleire år arbeidd for ei ytterlegare harmonisering av patentretten. For næringslivsaktørar er det enklare å ha eit mest mogleg likt regelverk å halde seg til når dei skal inn i marknadene i dei ulike landa.

WIPO har som oppgåve å fremme immaterielle rettar som eit middel til å stimulere til innovasjon og kreativitet. WIPO jobbar for å fremme utvikling og bruk av det internasjonale immaterialrettssystemet gjennom eit utval tenester for vern og tvisteløysingar og gjennom utvikling av regelverk. WIPO jobbar i tillegg med infrastruktur og teknologiske plattformer for kunnskapsdelig, mellom anna databasar og informasjonsutveksling. WIPO samarbeider med medlemsland og interesserantar for å betre den globale forståinga og respekten for immaterielle rettar og for utvikling av analyse og statistikk. Noreg er eitt av WIPOS 182 medlemsland.

Den europeiske patentkonvensjonen (EPC) blei vedteken i 1973. Konvensjonen tredde i kraft i 1977. Med denne konvensjonen og det tilhørende patentverket, Det europeiske patentverket, blei Europa tyngdepunkt for utvikling av nye lover på området. EPC innebar nok eit effektiviseringsverktøy for patentsøkjrar. Ved å levere éin enkelt europeisk søknad kan ein få patent i alle medlemslanda, utan at søknaden må behandles i kvar av dei nasjonale patentmyndighetene. Etter at patentet er gjort gjeldande i dei enkelte medlemslanda, har det same verknad som eit nasjonalt patent.

Det europeiske patentverket er ein del av Den europeiske patentorganisasjonen (begge forkorta EPO) som er tufta på EPC. Medlemsstatane i EU og ein del andre europeiske land, inkludert Noreg, er tilslutta EPC. Den europeiske patentorganisasjonen er nærmere beskrive i 2.2.3.

Eit registrert EU-varemerke eller EU-design gjeld i alle land som er medlem i EU. EØS-land er ikkje omfatta av denne ordninga, men norske verksemder kan nytte ordninga på lik linje med verksemder frå EU-medlemsland. Patentordningane på EU-nivå skil seg frå varemerke- og designordningane ved at Noreg er medlem av Den europeiske patentorganisasjonen, og ved at eit

Boks 2.6 Tre vegar til patent

Patentsøkjarar som ønskjer patent i Noreg, kan søkje på tre måtar:

1. Søknaden kan sendast direkte til Patentstyret for å bli behandla der. Dette blir gjerne omtalt som ein *nasjonal søknad*. Søknaden kan vere sendt til patentverket i eit anna land tidlegare eller vere ein *førstesøknad*¹ i Noreg.
2. Søknaden kan sendast direkte til Det europeiske patentverket (EPO) for behandling der. Dette blir gjerne omtalt som ein *regional søknad*. Søknaden vil da komme ferdig avgjord til Patentstyret, og søkeren treng berre å validere EPO-patentet for at det skal bli gjort gjeldande som eit norsk patent i Noreg.
3. Søknaden kan sendast via det internasjonale PCT-systemet. Dette blir gjerne omtalt som ein *internasjonal søknad*. Søknaden blir da send til gransking hos ei PCT-myndighet, det vil seie ei patentmyndighet som er god-

kjend av WIPO for å granske patentsøknader i internasjonal fase. Norske søkerar kan peike ut EPO, Nordisk Patentinstitutt eller Det svenske patentverket som internasjonal granskingsmyndighet. Når resultatet av den internasjonale granskinga ligg føre, er det opp til søkeren å bestemme om og i kva for land søknaden skal oppretthaldast. I desse landa går da søknaden over i ein nasjonal fase, der ei vurdering av patenterbarheit av quart enkelt land.

¹ Ein «førstesøknad» er den første søkeren som gjeld ei oppfinning, det vil seie ei oppfinning som det tidlegare ikkje er levert søkeren om til ei patentmyndighet i eit anna land. Søkerane kan vere frå Noreg eller utlandet. For patentsøkjarar er første realitetsuttale i førstesøknadar viktig som grunnlag for avgjerd om patentering også i andre land. Fristen for å levere søkeren om patentering i andre land basert på førstesøknad er 12 månader frå innlevering av første søkeren.

patent som blir løyvd av EPO for Europa, også gjeld for Noreg.

Ei rekkje direktiv og forordningar som har med immaterielle rettar i EU å gjere, er inkluderte i EØS-avtalen. Varemerkedirektivet var alt vedteke av EU da avtalen blei forhandla, men både designdirektivet og direktivet om vern av bioteknologiske oppfinningar (patentdirektivet) er av seinare dato og er gjennomførte i norsk lovgiving.

Eitt samarbeidsområde er forenkling og forbeting av dei internasjonale søkeradssystema, eit anna er auka samarbeid for å unngå dobbeltarbeid i behandling av patentsøknader. Eit døme på det siste er det amerikanske og det japanske patentverket, som har sett i gang eit samarbeid som dei kallar Patent Prosecution Highway (PPH). Dersom det eine patentverket har granska ein patentsøknad og funne han patenterbar, skal dette på visse vilkår kunne gi søkeren raskare behandling i andre land. Patentstyret har inngått fleire slike avtalar. Dette gjer at norske søkerarar får raskare behandling av patentsøknadene sine når dei blir ført vidare i land ein har avtalar med.

Desse ordningane gjer det enklare å søker patent i Noreg, både for norsk næringsliv og for andre. Jo fleire land som er med i desse ordningane, desto større mogleghet er det for søkeren av retten å få ein effektiv og forenkla søkeradsdis-

tribusjon av høvesvis patent, varemerke og design til fleire ulike land.

2.2.2 EUs fellesordningar for patent, varemerke og designrettar

EU har etablert ordningar som gjer det mogleg å registrere varemerke og design for alle medlemslanda. Registreringane gjeld ikkje i Noreg, men norske verksemder kan registrere rettar i EU-landa gjennom desse ordningane, på lik linje med verksemder i medlemslanda.

I desember 2012 vedtok EU å etablere ei felles patentordning og eit felles tvisteløysingssystem i patentsaker, slik at verksemder kan få patent som gjeld for 25 av dei 27 medlemslanda i EU ved berre å levere éin søkeren. Det blir arbeidd for at ordninga skal vere operativ frå 2014, og ordninga kan også nyttast av norske verksemder.

I EU er det oppretta eit eige organ som behandler søkerad om EU-varemerke og EU-design. Office for Harmonization in the Internal Market (OHIM). OHIM har også ansvaret for EUs observatorium for inngrep i immaterielle rettar (Observatory on Infringements of Intellectual Property Rights), som mellom anna arbeider for å få redusere piratkopiering og varemerkefalsking.

Boks 2.7 FMC Kongsberg Subsea AS

FMC Kongsberg Subsea AS leverer system og utstyr til olje- og gassproduksjon på havbotnen.

Petroleumssektoren er ein global arena med aukande merksemd på immaterielle rettar både frå oljeselskap, konkurrentar og underleverandørar. Verdien av eit stort globalt selskap er knytt opp mot omsetningstal og kompetanse, der industrielle rettar er eit viktig element. For FMC Kongsberg Subsea AS og eigaren FMC Technologies Inc. er verdiskaping og innteningsevne i stadig større grad knytt til strategisk bruk av immaterielle rettar, både lokalt og globalt. Vern av oppfinningar blir difor stadig viktigare for FMC. Som systemleverandør har FMC også eit ansvar overfor underleverandørane, slik at FMC ikkje kan bli gjord ansvarleg for brot på industrielle rettar i ein leveranse. Ved sida av forretningsstrategi og teknologistrategi er strategi for immaterielle rettar eitt av tre viktige bein som FMC støttar seg på.

FMC Kongsberg Subsea er i stor grad avhengig av forretningsløyndommar, kompetanse og knowhow, som dermed utgjer ein stor del av strategien deira for immaterielle rettar. Patentering blir brukt som eit verkemiddel for å verne utvald kjerneteknologi. FMC bruker immaterielle rettar som eit verktøy for å støtte forretnings- og teknologistrategien og ikkje som eit mål i seg sjølv. Denne strategien har medverka til at selskapet i dag har ein leiande posisjon som global leverandør av undervasssystem til oljesektoren.

Ein av føresetnadene for å sikre eit effektivt vern av eigen teknologi er ei patentmyndighet med høg kompetanse. FHC gir uttrykk for gode erfaringar med Patentstyret og det er viktig for bedrifta at Patentstyret klarer å leve tenester av høg kvalitet og utviklar kompetansen sin vidare.

2.2.3 Noreg og Den europeiske patentorganisasjonen

Den europeiske patentorganisasjonen (EPO) har grunnlag i Den europeiske patentkonvensjonen (EPC), som tredde i kraft i 1977. Hos Det europeiske patentverket (også forkorta EPO) kan søkjrarar frå alle land oppnå patentvern i land som er tilslutta konvensjonen, gjennom éin søknad. I dag er 38 statar med i Den europeiske patentkonvensjonen.

Noreg tiltredde Den europeiske patentkonvensjonen i 2008. Bakgrunnen for tilslutninga var å leggje til rette for at norsk næringsliv skulle kunne sikre seg patentrettar på linje med konkurrentala våre og å gjere Noreg til eit meir attraktivt land for utanlandske investorar, ved å legge patentering under same regelverk som i andre europeiske land.

EPO får årleg i overkant av 200 000 patentsøknader. I 2011 stod søkerarar frå EPO-medlemslanda for 37,8 prosent av søkermassen, medan USA følgde etter med 24,4 prosent og Japan med 19,4 prosent. Blant dei europeiske landa hadde Tyskland flest søkerarar. Saksbehandlingstida ligg på om lag 40 månader, og patentet har ei gjennomsnittleg levetid på 8–10 år.

EPO jobbar for å styrke samarbeidet med patentverka i mellom anna USA og Japan. I tillegg

samarbeider EPO med det kinesiske patentverket, mellom anna for å skape eit meir effektivt immateriellrettssystem og for å få til ei betre datautveksling når det gjeld tidlegare kjend teknologi og rettar. EPO har også inngått ein samarbeidsavtale med føretaket Google om etablering av automatiske omsetjingsprogram for å lette handteringen av søknader og granskning på til dømes asiatiske språk. Patentstyret har på grunn av norsk medlemskap i EPO no tilgang til felles elektroniske søknadshandteringsverktøy og granskingsverktøy.

2.3 Patentstyret

Patentstyret er den norske nasjonale myndigheten for behandling av søker om patent, varemerke og designvern. I tillegg er Patentstyret eit nasjonalt kompetansesenter for industrielle rettar. Patentstyret blei oppretta i 1911 og har i dag om lag 260 tilsette, i hovudsak med kompetanse i tekniske, juridiske, administrative og økonomiske fag.

Patentstyret er eit forvalningsorgan under Nærings- og handelsdepartementet, som har ansvaret for rammene til Patentstyret, lova om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for den materiellrettslege lovgivinga om industrielle rettar.

2.3.1 Patentstyret sine mål og oppgåver

Patentstyret har to hovudmål som beskriv dei primære oppgåvene til etaten dei er å:

1. behandle søknader om industrielle rettar med riktig kvalitet og behandlingstid
2. bidra til å auke kunnskapen om industrielle rettar i Noreg

Målet om å behandle søknader med riktig kvalitet og behandlingstid er definert av lov og anna regelverk, og er i stor grad harmonisert med resten av Europa. For Patentstyret betyr «riktig» kvalitet ei einskapleg og føreseieleg søknadsbehandling, som skjer etter felles standardar og er harmonisert med tilsvarande myndigheter i utlandet. For brukaren betyr det at søknaden skal få same behandling uavhengig av kva patentmyndighet som behandlar saka, men ikkje nødvendigvis at utfallet av behandlinga er den same overalt.

Samfunnet har interesse av at tildelinga av rettar er føreseieleg, noko ein kan oppnå gjennom vurdering av søknader etter gitte felles kriterium som nyheit (patent og design), oppfinningshøgd (patent) og at eit merke har sær preg, ikkje er villeiande eller kan forvekslast (varemerke). I tillegg er både samfunnet og verksemdere tente med at søknader blir behandla så raskt som forsvarlege behandlingsrutinar og fristar tillèt, slik at rettssituasjonen for den aktuelle søknaden blir avklart. Søknader som blir liggjande lenge uavklarte, kan i verste fall blokkere for andre aktørar og dermed hemme vellykka innovasjonsprosjekt.

Det same gjeld registreringar med låg kvalitet eller der søkeren ikkje har krav på vern. Slike registreringar kan i verste fall blokkere innovasjon og vidare utvikling på området retten gjeld. Samfunnet og verksemder er tente med at krava til vern blir følgt i behandlinga av søknader, slik at ein ikkje registrerer «feil» rettar. Patentstyret sin funksjon som «portvakt» er difor viktig.

Kva behandlingstid som er «riktig», er avhengig av typen søknad. Til dømes er det eit mål å behandle patentsøknader innan om lag tre år. Det tek såpass lang tid fordi nyheitsgransking av søknadene blir stadig meir omfattande og arbeidskrevjande, og fordi nyheitsgranskinga ikkje kan skje før databasane over patent og litteratur som blir brukte for å vurdere nyheit, er oppdaterte. I tillegg er det lange svarfristar også for søkerane under saksbehandlinga. For design- og varemerkesøknader er derimot den gjennomsnittlege behandlingstida tre–fem månader. På patentområdet har førstesøknader¹ forrang og blir behandla vesentleg raskare enn søknader som er baserte på

søknader som allereie er leverte i andre land. Ein førstesøknad vil bli teken opp til behandling innan seks–sju månader. Bakgrunnen for denne praksisen er at søkerane tidleg skal få eit grunnlag for å vurdere om dei ønsker å søkje vidare i andre land.

Behova for riktig kvalitet og behandlingstid stiller høge krav til kompetanse hos Patentstyret.

Å vurdere om ei løysing er unik og tilstrekkeleg forskjellig frå tidlegare kjende løysingar, krev brei teknologisk kompetanse på alle felt, i tillegg til kompetanse innanfor jus og gransking. At myndigheita har eit høgt fagleg kompetansenivå, er også viktig for å redusere risiko for rettstvistar i etterkant. Omdømmet til patentmyndighetene bidreg til tryggleik både for utanlandske investrar og samarbeidspartnarar for norsk næringsliv.

Det andre hovudmålet for Patentstyret er å auke kunnskapen om industrielle rettar i Noreg. Aktivitetar knytte til dette målet er ikkje regulerte eller definerte i same grad som søknadsbehandlinga i etaten. For å oppnå dette hovudmålet gjennomfører Patentstyret ei rekke aktivitetar, mellom anna forundersøkingar, kursverksamd, rettleiing og bistand til andre myndigheter i internasjonale forhandlingar. Som eit ledd i dette har Patentstyret ei rolle i å auke bevisstheita om bruk av industrielle rettar i norsk næringsliv og i det offentlege verkemiddelapparatet. Desse aktivitetane blir nærare omtalte seinare i kapitlet.

Tidlegare hadde Patentstyret ansvar for klagebehandling gjennom si Andre avdeling. Dette er no endra gjennom lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar, som opprettar ei ny uavhengig klagenemnd, Klagenemnda for industrielle rettar. Lova legg til rette for større rettstryggleik og ei raskare og meir brukarvennleg behandling av saker i Patentstyret og Klagenemnda. Lova trædde i kraft 1. april 2013.

Aktivitetane til Patentstyret kan delast inn i inntektsgivande og ikkje-inntektsgivande oppgåver og er illustrert i tabell 2.1. Dei inntektsgivande aktivitetane blir finansierte gjennom gebyr og avgifter, noko som er i hovudsak knytte til søknadsbehandlinga. Det er eit mål at utgiftene og inntektene for inntektsgivande aktivitetar skal gå i balanse over tid.

Dei ikkje-inntektsgivande aktivitetane er i hovudsak knytte til målet om å bidra til større kunnskap om industrielle rettar i Noreg og å ta vare på andre lovpålagde myndigheitsroller. Rett-

¹ Jamfør forklaring i fotnote i boks 2.6.

Tabell 2.1 Oversikt over oppgåvene til Patentstyret

Lovpålagde oppgåver	<i>Inntektsgivande aktivitetar</i>	Søknadsbehandling Halde ved like register, fornye rettar, behandle motsegner, administrative overprøvingar
	<i>Ikkje-inntektsgivande aktivitetar</i>	Rettleiing av brukarar i samsvar med forvaltningslova og rettleiingsplikta, internasjonalt samarbeid og forhandlingar, inkludert utviklingsbistand, lov- og regelverksarbeid
Ikkje-lovpålagde oppgåver	<i>Inntektsgivande aktivitetar</i>	Sekretariatet for Meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar Kurs Forundersøkingar
	<i>Ikkje-inntektsgivande aktivitetar</i>	Informasjonsarbeid
Andre oppgåver	<i>Inntektsgivande</i>	Nordisk Patentinstitutt

leiing av søkjarar, bistand til andre offentlege institusjonar og store delar av informasjonsrolla er ikkje-inntektsgivande aktivitetar. For samfunnet er slik kunnskap eit fellesgode, fordi nytten av kunnskap aukar ved at han blir spreidd og dermed kjem fleire til gode enn den enkelte aktören som produserer eller formidlar kunnskapen. Desse aktivitetane er difor finansierte over statsbudsjettet.

Oppgåvene til Patentstyret kan også delast inn i lovpålagde og ikkje-lovpålagde oppgåver.

2.3.2 Patentstyret sine kundar og interessentar

Kundane til Patentstyret er norsk og utanlandsk næringsliv, forskingsinstitusjonar, oppfinnarar og frittståande idéskaparar. Patentstyret har hovudsakleg kontakt med kundane sine gjennom mellommenn, patentfullmektigar og advokatar. Det er ikkje nødvendigvis dei same kundane som søker rettar og forundersøkingar, som bestiller kurs og andre kompetansenester.

Tilslutninga til Den europeiske patentkonvensjonen (EPC) førte til ei kraftig endring i samansetnaden av kundegruppa til Patentstyret. Det sterkeste utslaget var ein kraftig nedgang i prosentdelen utanlandske søknader, som gikk ned frå om lag 80 prosent til om lag 30 prosent i løpet av eit par år, jamfør omtale i 2.3.3. Denne nedgangen kjem av at ein med EPC kan få patent i Noreg også ved å levere søknad til EPO. Det inneber at

det ikkje lenger er nødvendig å levere ein nasjonal søknad til det nasjonale patentverket i kvart av dei partslanda ein ønskjer patent i. 43 prosent av frå norske aktørar søknadene er frå små og mellomstore bedrifter, noko som har vore stabilt frå før medlemskapen i Den europeiske patentorganisasjonen. Norske små og mellomstore bedrifter søker stort sett berre til Patentstyret, og ikkje til utanlandske patentmyndigheter.

Verksemndene som søker om rettar, er representerte av patentfullmektigar og advokatar i dei fleste sakene, både når det gjeld søknader og anna administrativ oppfølging som fornying av rettar.

Patentstyret gjennomfører årleg ei kundeundersøking som blir brukt til å forbetre tenestene og kommunikasjonen med kundane. Patentstyret har jamleg gjennomført ei næringslivundersøking og ei kvalitativ undersøking om kundeorienteringa til Patentstyret. Det blir også jamleg gjennomført samanlikningar med myndigheter og private aktørar i andre land innanfor kurs og forundersøkingar.

2.3.3 Søknadsbehandling

I 2012 fekk Patentstyret om lag 17 000 søknader om patent-, varemerke- og designregistrering. Av dei er dei fleste – i overkant av 14 000 – søknader om varemerke.

I tillegg til ordinær søknadsbehandling administrerer Patentstyret ulike internasjonale søk-

nadsordningar på design-, varemerke- og patentområdet, og bidreg i utviklinga av praksisen og regelverket på desse områda. Patentstyret har også eit ansvar for fornying av rettar, behandling av motsegner og administrative overprøvingar.

Offentleggjering av opplysningars om industrielle rettar skjer gjennom registra til Patentstyret. For å ta vare på sjølvre intensjonen bak patent-systemet, nemleg einerett til utnytting i byte mot offentleggjering, er det viktig at slik informasjon er lett tilgjengeleg. Som eit ledd i å gjere slik informasjon tilgjengeleg for publikum har Patentstyret digitalisert registra sine og gjort dei søkbare.


Det er i hovudsak gjennom søknadsbehandling og gransking at saksbehandlarane i Patentstyret byggjer og utviklar vidare kompetansen om industrielle rettar. Denne oppgåva er difor ein grunnleggjande føresetnad for å oppnå det andre hovudmålet til etaten, nemleg å spreie kunnskap og kompetanse om industrielle rettar.

2.3.3.1 Patent

Etter at Noreg blei med i Den europeiske patentkonvensjonen (EPC) i 2008, kan søkerane som ønskjer patentvern i Noreg, velje om dei vil sende søknader til Patentstyret eller til Det europeiske patentverket (EPO). For ein del søkerarar og brukarar av patent-systemet er det framleis viktig med ei nasjonal myndighet som er nær kundane geografisk, språkleg og kulturelt. Nærleiken til brukarane er difor ein styrke for Patentstyret med tanke på konkurransen.

Etter at Noreg tiltredde EPC, har talet på patentsøknader til Patentstyret blitt redusert frå om lag 5 400 i 2008 til om lag 1 500 i 2012. Det er i hovudsak søkerader frå utanlandske søkerarar som no blir sende til EPO i staden for til Patentstyret. Ein del utanlandske søkerarar føretrekker framleis å leve søknad til Patentstyret i staden for til EPO. Særleg gjeld det søkerader innanfor oljerelatert teknologi. Hovudtyngda av nye søkerader til Patentstyret er no frå norske søkerarar. Dette talet har over lengre tid lege stabilt på mellom 1 050 og 1 200 årleg. Ein relativt stor del av dei norske søkeradene finn vi i primaærnæringane, inkludert fiskeoppdrett.

Som figur 2.6 viser, har Patentstyret i åra etter 2008 avgjort langt fleire saker enn det som har komme inn av søkerader. Dette bidreg til at talet på saker som ligg til behandling i etaten, blir raskt redusert. I 2010 var det nærmare 25 000 søkerader som låg til behandling i etaten. Gjennom bevisst prioritering var søkeradsmengda nedarbeidd til i overkant av 18 000 søkerader i 2012. Dette er i tråd



Figur 2.6 Søknadsinngang og talet på avgjorde patentsøknader hos Patentstyret.

med den nedarbeidingsplanen Patentstyret i 2009 utarbeidde på oppdrag frå Nærings- og handelsdepartementet. Målet i planen er at den gjennomsnittlege reelle saksbehandlingstida for patentsøknader skal ligge på rundt tre år ved utgangen av 2017.


For at ein EPO-søknad skal gjelde i Noreg, må han validerast i Noreg. Validering er ein kombinasjon av formaliakontroll og innkrevjing av ei fulltekstomsetjing av EPO-patentet på norsk. Ettersom det over mange år har vore stabil innkomst av utanlandske søkerader til Patentstyret, kan ein gå ut frå at nedgangen i utanlandske søkerader vil komme tilbake til Noreg i form av valideringer. Talet på valideringer kan i så fall ventast å auke betrakteleg. Talet på valideringer av EPO-patent har auka frå to i 2009 til cirka 1 420 i 2012.

Nordisk Patentinstitutt (NPI) er eit samarbeid mellom Noreg, Danmark og Island som skal bidra til å sikre næringslivet eit godt tilbod av offentleg, patentfagleg kompetanse. NPI starta opp verksamda i 2008 og gir nye oppgåver som bidreg til at Patentstyret kan halde oppe nødvendig kompetanse til å kunne behandle patentsøknader på alle fagområde, også etter EPO-medlemskapen. Aktiviteten i Patentstyret knytt til NPI er nærmare beskrive i 2.3.5.


2.3.3.2 Varemerke

Patentstyret har dei siste åra teke imot og behandla 14 000–15 000 varemerkesøknader årleg, jamfør figur 2.7. Om lag 25 prosent av søkeradene kjem frå norske søkerarar.

Å sikre seg og byggje opp verdien til varemerke er ein del av oppbygginga av omdømmet til



Figur 2.7 Søknadsinngang og talet på avgjorde varemerkesøknader hos Patentstyret.



Figur 2.8 Søknadsinngang og talet på avgjorde designsøknader hos Patentstyret.

ei bedrift, der føretaksnamn og domenenamn er andre viktige brikker. I 2011 etablerte difor Patentstyret eit samarbeid med Brønnøysundregistra med siktet på å gi kundane enkel tilgang til informasjon om føretaksnamn, varemerke og domenenamn i samanheng. Verksemduene er no i ferd med å utvikle ei løsing som gjer at søk på føretaksnamn i Brønnøysundsregistra også gir treff i varemerkeregisteret til Patentstyret og vice versa. Initiativet vil bidra til større bevisstgjering og betre kunnskap om samanhengen mellom desse rettane.

2.3.3.3 Design

Patentstyret får inn og behandler om lag 3 000 design årleg fordelt på rundt 1 000 designsøknader. Ein designsøknad kan altså innehalde fleire design, jamfør figur 2.8.

Den internasjonale ordninga for designregistrering er regulert i den såkalla Haag-overenskomsten og har medverka til ein betydeleg auke i søknadsinngangen til Patentstyret sidan Noreg tiltridde systemet i 2010.

2.3.4 Spreiing av kunnskap om industrielle rettar

Det andre hovudmålet til Patentstyret er å bidra til å auke kunnskapen om industrielle rettar i Noreg. Patentstyret har ei rekke aktivitetar for å nå dette målet. Mellom dei viktigaste er kurs, foredrag, forundersøkingar og rettleiing.

2.3.4.1 Kurs

Patentstyret tilbyr kurs om ei rekke tema innanfor industrielle rettar. Kursa dekkjer ulike kunnskapsnivå, frå nybegynnar til ekspert. Målgruppene for basiskurs og arrangement er primært oppfinnarar, små og mellomstore verksemder og innovasjonsmiljø. Patentstyret arrangerer i tillegg spesielle temakurs innanfor immaterialrett, der målgruppa er personar som allereie har basiskunnskapar og nokre års erfaring i bransjen mellom anna patentfullmettigar.

For å utvikle eit kunderetta og marknadstilpassa kurstilbod måler Patentstyret seg mot andre kurstilbydarar når det gjeld pris, tematikk og omfang. Det blir hovudsakleg gjort samanlikningar med tilsvarende myndigheter i Norden og Europa elles, men også med private tilbydarar av tilsvarende kurs.

2.3.4.2 Forundersøkingar og rettleiing

Ei forundersøking er ei kartlegging som gir svar på om ein design, ein logo, eit namn eller ei oppfinning er unik og registrerbar, og kva for andre rettar som finst på området.

På patentområdet blir det mellom anna gitt svar på om oppfinningar kan patenterast ved systematisk å sjekke igjennom litteratur- og patentdatabasar i dei store databasane til EPO, US Patent and Trademark Office og Japans patentverk. Slike undersøkingar gir eit godt innblikk i den gjeldande teknologiutviklinga og over kva for moglege samarbeidspartnarar og konkurrentar som er aktive på eit område. Patentstyret har tilgang til over 850 databasar, som dekkjer det meste av

patentlitteraturen på verdsbasis. Frå 2012 blei dokument i den norske søknadsbehandlinga tilgjengelege i søkjetenesta på nettet.

Patentstyret gir rettleiing om gjeldande regelverk og ordningar og om korleis kundane kan gå fram for å få gjort ideane sine til verdiar. Det første møtet mellom kundane og Patentstyret er gjerne gjennom nettsidene til etaten, telefonar til infosenteret eller besøk på kundesenteret. Infosenteret gir både generell rettleiing om industrielle rettar og informerer og svarer på spørsmål om søknadsprosessen og regelverket.

Rettleiingsplikta omfattar også internasjonale ordningar og søknadssystem. Patentstyret tilbyr rettleiing om sentrale institusjonar innanfor desse systema, som Verdsorganisasjonen for immaterielle rettar (WIPO), The Office of Harmonization for the Internal Market (OHIM) og Den europeiske patentorganisasjonen (EPO).

Patentstyret støttar resten av det næringsretta verkemiddelapparatet i arbeidet som har med industrielle rettar å gjere. I tillegg bidreg Patentstyret til spreiing av kompetanse gjennom rekruttering av tilsette frå etaten til dei private tenesteleverandørane, næringslivet elles og offentlege verksemder.

2.3.5 Internasjonalt arbeid, lov- og regelverksarbeid

Internasjonale møteplassar er sentrale for den langsigtige utforminga av det internasjonale systemet for immaterielle rettar. For å sikre at norske interesser blir tekne vare på i den internasjonale utviklinga av immaterialretten, representerer Patentstyret Noreg i fleire internasjonale forum. Det internasjonale arbeidet skjer på oppdrag frå ulike departement.

Patentstyret representerer Noreg på generalforsamlingane og i ei rekke særkomitear i Verdsorganisasjonen for immaterielle rettar (WIPO). Patentstyret samarbeider også med WIPO for å yte fagleg bistand til utviklingsland som siktar mot å etablere fungerande immaterialrettssystem. Sjølv om dette arbeidet først og fremst er bistandsrelatert, vil velfungerande immaterialrettssystem i andre land i neste omgang også lette marknadstilgangen for norsk næringsliv.

I Den europeiske patentorganisasjonen (EPO) representerer Patentstyret Noreg i Forvaltningsrådet og i dei underliggjande komiteane til rådet. Som medlem i EPO er Noreg involvert i oppdatering av regelverk og retningslinjer, i felles prosedyrar for kvalitetsstyring og i opplæring og praksisutvikling.

Patentstyret er også engasjert i bilaterale prosjekt med patentverk i andre land, mellom anna arbeid med prioritert saksbehandling på patentområdet. På varemerkeområdet deltek Patentstyret i eit omfattande samarbeid med EUs design- og varemerkemyndigheit (OHIM) og dei europeiske landa om harmonisering av varemerkepraksis (Convergence Programme). I tillegg er Patentstyret med i eit nettverk av søsterpatentverk frå mange europeiske land for felles fagleg utvikling og læring.

Patentstyret er partnar i Nordisk Patentinstitutt (NPI) saman med patentverka i Danmark og Island. Patentstyret leverer ulike typar tenester til NPI. Per i dag inkluderer det behandling av internasjonale søknader (PCT-søknader) frå norske søkjarar og gjennomføring av ulike typar kommersielle oppdrag (NPI-oppdrag), hovudsakleg nyheitsgransking for kundar utanfor Danmark, Island og Noreg.

Patentstyret har hatt ein betydeleg vekst i talet på NPI-oppdrag. Talet på kommersielle oppdrag steig frå 26 i 2010 til 190 i 2012, medan talet på oppdrag knytta til behandling av internasjonale søknader har hatt ein nedgang frå 236 til 162 i same periode.

Patentstyret bistår departementa som ekspertressurs ved forhandlingar om frihandelsavtalar. Det er først og fremst Nærings- og handelsdepartementet, Utanriksdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet som er involverte i dette arbeidet. Det at Patentstyret deltek, bidreg til at dei norske interessene knytte til industrielle rettar blir tekne vare på i desse forhandlingane.

Patentstyret er også involvert i lov- og regelverksarbeid, og etaten bruker kunnskapen dei har på immaterialrettsfeltet, til å bistå i førebuingane av nye lover som dreier seg om industrielle rettar.

2.4 Andre aktørar i det norske systemet for immaterielle rettar

Innovative verksemder og Patentstyret er sentrale aktørar i systemet for vern av immaterielle rettar i Noreg. I tillegg omfattar systemet ei rekke aktørar som kvar på sin måte har betydning for handteringa av immaterielle verdiar og rettar i verksemdene og elles i samfunnet.

Ei rekke patentkontor, patentfullmektigar og advokatkontor tilbyr eit breitt spekter av kommersielle tenester knytte til immaterielle rettar for bedrifter og oppfinnarar. Twisteorgan og domstolar behandler twistesaker som dreier seg om immate-

rielle rettar, medan tollmyndighetene avdekkjer og varslar om brot på immaterialretten ved innførsel og utførsel av varer. Kommersialiseringaktørane gir mellom anna assistanse til patentering, lisensiering, teknologi- og marknadsvurdering, bedriftsetablering og kapitalinnhenting i samband med kommersialisering av forskingsresultat ved universitet, høgskolar og helseføretaka. I tillegg tilbyr dei kurs og foredrag om industrielle rettar.

Det næringsretta verkemiddelapparatet har også ei viktig rolle i å spreie kunnskap og skape bevisstheit om immaterielle verdiar blant brukarane sine. Verkemiddelapparatet består mellom anna av Norsk Designråd, Innovasjon Noreg, SIVA og Noregs forskingsråd.

2.4.1 Kommersielle tenestetilbydarar

Noreg har eit velfungerande privat rettleiings- og tenestetilbod retta mot bedrifter og oppfinnarar. Tilbodet omfattar mellom anna rettleiing om immaterialrettssystemet, rådgiving om rettar, hjelp til å utforme søknader om patent, varemerke og design, omsetjing av utanlandske søknader til norsk, administrasjon av rettsporteføljar – som å følgje opp innbetaling av årsavgifter. Vidare tilbyr dei strategisk rådgiving, due diligence-analysar, konkurrentovervaking og handlingsromsanalysar – såkalla freedom-to-operate-analysar. Det er også mogleg å få hjelp ved rettssaker, søksmål og erstatningssaker. Bak dette tenestetilboden står mellom anna patentkontor, patentfullmektigar og advokatkontor, som ein samla kan kalle patentekspertbransjen.

Det er ingen krav om at ei verksemeld eller ein oppfinner skal bruke til dømes patentekspertar i samband med utforming av søknader til Patentstyret, men da dette kan vere både komplisert og arbeidskrevjande, vel mange søkerar likevel å engasjere patentfullmektigar. Fullmektigen representerer også søkeren overfor Patentstyret og EPO.

Større verksemder har vanlegvis eigne fagfolk og ekspertar på immaterielle verdiar som tek seg av mange av dei arbeidsoppgåvene patentekspertane tilbyr. Den norske patentekspertbransjen speler difor ei spesielt viktig rolle for enkeltpersonar og mindre verksemder. I dag er patentekspertar hovudsakleg lokaliserete i dei større byane rundt om i landet.

Då Noreg blei med i Den europeiske patentorganisasjonen (EPO), skjerpa dette krava til omstilling i patentekspertbransjen. Med norsk medlemskap i EPO fall ein del av arbeidet bransjen hadde med internasjonale søkerar bort. Konkurranse

i den norske marknaden for kommersielle tenester for handtering av immaterielle rettar blir òg stadig hardare. Etter at kravet om at eksperten var etablert i Noreg for å representere norske søkerar fell bort i samband med den nye varemerkeloven i 2010, kom fleire internasjonale aktørar inn på marknaden. Samtidig etablerer stadig nye norske aktørar seg. Dette tyder på at marknaden for tenester innanfor handtering av immaterielle verdiar blir opplevd som attraktiv.

Norsk medlemskap i Den europeiske patentorganisasjonen stiller vidare større kompetansekrav til den norske patentekspertbransjen. Det blir stilt store krav til kompetanse og erfaring hos den som skal representere ein patentsøkjær overfor EPO. Reglane og patentverka i ei rekke land, mellom andre EPO, krev autorisasjon for at ein skal kunne utøve rolla som patentfullmektig. For å sikre at bransjen skal kunne konkurrere med tilsvarende aktørar i Europa, blei det difor i regi av Patentstyret gjennomført utdanning og autorisasjon av erfarte patentfullmektigar i Noreg. Da Noreg tiltredde Den europeiske patentkonvensjonen, blei nærmare 100 patentfullmektigar kvalifiserte som europeiske patentfullmektigar på grunnlag av ein såkalla bestefar-autorisasjon.² Norske patentfullmektigar utan slik autorisasjon må bestå ein europeisk patenteksamen, European Qualifying Examination (EQE), for å kunne representere patentsøkjærar overfor EPO.

2.4.2 Tvisteorgan og domstolar

Immaterielle rettar er nasjonale eller regionale rettar, og eventuelle tvistar må bringast inn for tvisteorgan og domstolar for kvart enkelt land eller region.

Alle som meiner at ein rett er gitt på feil grunnlag, kan be Patentstyret om ei administrativ overprøving av det aktuelle vedtaket. For varemerke og patent kan ein også sende inn skriftlege motsegner. Administrative overprøvingar og behandling av motsegner er det fagavdelingane i Patentstyret som tek seg av. Til no har klagar på avgjelder i Patentstyret blitt behandla av Patentstyrets klageorgan, Andre avdeling. Etter den nye lova om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar er det oppretta ei eiga klagenemnd for industrielle rettar, som skal behandle klagar på avgjelder teknisk av Patentstyret. Dersom eit registrert føretaksnamn kan forvekslast eller på annan måte krenkjer eit anna føretaksnamn,

² Den europeiske patentkonvensjonen, artikkel 134 (3).

verna personnamn eller varemerke, kan det klagast inn for Patentstyret.

Avgjerder i den nye klagenemnda eller frå Andre avdeling i Patentstyret kan igjen ankast inn for domstolane, med unntak av når ein rett blir innvilga eller eit krav om administrativ overprøving blir avslått.

Avslag på søknader om industrielle rettar kan i Noreg prøvast for Oslo tingrett. Avgjerder som avviser motsegner, kan ikkje bringast inn for domstolane. I slike tilfelle må gyldigheita av sjølve retten prøvast rettsleg og blir ei sak mellom innehavaren av retten og saksøkjaren.

Søksmål mot registrering av design, varemerke, planteforedarrettar eller patent skal prøvast av Oslo tingrett same kva del av landet desse søksmåla kjem frå. På denne måten kan Oslo tingrett opparbeide seg ein særskild kompetanse på immaterialrett. Eventuelle ankesaker blir behandla av Borgarting lagmannsrett og i siste instans av Högsterett.

Meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar behandler usemje mellom arbeidsgivar og arbeidstakar knytt til arbeidstakaroppfinningslova om retten til ei oppfinning og eventuelle ved Erlag. Nemnda blir administrert av Patentstyret.

Kabeltvistnemnda, som blir oppnemnd av Kulturdepartementet, avgjer tvistar om vederlag for vidaresending av kringkastingssendingar etter åndsverklova. Nemnda tilbyr også mekling mellom rettshavarar, kringkastarar og eigarar av kabelnett.

Domeneklagenemnda er eit sjølvstendig norsk organ som behandler tvistesaker for både privatpersonar og verksemder/organisasjonar om rett til domenenamn og klagar på avgjerder som Norid har teke. Nemnda fungerer som eit raskt, billig og enkelt alternativ i openberre konfliktsaker. Dersom nokon har registrert eit domenenamn som andre meiner dei har rett til, til dømes eit varemerke, eit produktnamn eller eit føretaksnamn, kan dei klage det inn for Domeneklagenemnda. Nemnda kan da bestemme både at eit domenenamn skal overførast, og at det skal slettast.

2.4.3 Toll- og avgiftsetaten

Toll- og avgiftsetaten er ein etat under Finansdepartementet. Etaten har som oppgåve å avdekkje og varsle rettshavarar om moglege brot på immaterialretten i samband med innførsel og utførsel av varer. Brot på immaterialretten er heimla i tollova. Når toll- og avgiftsetaten avdekkjer ei vare som er mistenkt å vere ein piratkopi, får rettshavaren og importøren skriftleg varsel. Toll- og avgiftsetaten

kan halde vara tilbake i inntil fem vyrkedagar frå varselet blei gitt. Når rettshavaren blir varsle, kan han krevje mellombels åtgjerd, slik at varene kan haldast tilbake ut over fem vyrkedagar. I den mellombels åtgjerdna oppgir retten kva for varer toll- og avgiftsetaten skal halde tilbake, og i kor lang tid tollmyndighetene skal søkje å avdekkje slike varer.

Toll- og avgiftsetaten har sidan 2007 intensivert innsatsen for å hindre import av piratvarer til Noreg. I 2010 fekk toll- og avgiftsetaten øyremerkte midlar til å auke bemanninga og tilsetje ein eigen koordinator for immaterielle rettar. Immaterielle rettar er innlemma som eit fag i undervisninga i etatsutdanninga til toll- og avgiftsetaten, og det er oppretta eit nasjonalt og eit eige nordisk forum for tollmyndighetene.

Tollmyndighetene har lagt til rette for meir informasjon og betre dialog med næringslivet gjennom informasjon på eiga nettside og ved å etablere eit elektronisk meldingsskjema. Meldingsskjemaet gir ein meir effektiv tollkontroll ved at rettshavaren gir sentrale opplysningar om piratvarene, samtidig som rettshavaren får betre hjelp til å avdekkje piratkopiar.

Tollmyndighetene følgjer opp internasjonale trendar og regelverksutvikling, særleg gjennom World Customs Organization (WCO), og bidreg til arbeidet internasjonalt. Tollmyndighetene arbeider også kontinuerleg med å betre kontrollen, etterretninga og rapporteringa.

2.4.4 Kommersialiseringaktørar ved forskingsinstitusjonane

Kommersialisering av forskingsresultat frå offentleg finansiert forsking medverkar til at denne forskinga kjem samfunnet til nytte. Kommersialiseringa skjer anten gjennom lisensiering av resultat og oppstart av bedrifter eller ved at forskarar eller institusjonar avhendar rettar dei sjølve ikkje ønskjer å følgje opp kommersielt.

For å fremme kommersialisering av forskingsresultat frå universitet, høgskolar og helseføretak blei arbeidstakaroppfinningslova endra med verknad frå 1. januar 2003. Endringa gav universitet og høgskolar høve til å få overført rettane til næringsutnytting av forskingsresultat frå sine tilsette forskarar. Ansvaret institusjonane har for å formidle forskingsresultat – mellom anna kommersialisering av forskingsresultat generelt, og ikkje berre patenterbare oppfinningar – blei også tydeleggjort i revisjonen av universitets- og høgskolelova i 2002. Formålet med lovendringane var å auke verdiskapinga gjennom auka kommersialisering av

Boks 2.8 Toll- og avgiftsetaten som vernar av immaterielle rettar

Som samfunnsvernar skal tollmyndighetene bidra til å verne konkurranseskrafta til næringslivet og hindre inn- og utførsel av varer som er ein trussel mot liv og helse. I mange tilfelle utgjer piratkopierte varer ein fare for helse, miljø og tryggleik, og dei kan øydeleggje omdømmet og inntektsgrunnlaget til rettshavarane. Produksjon av og handel med piratkopiar er ei av dei raskast veksande formene for organisert kriminalitet i verda. Difor er kampen mot piratkopiar viktig både for å verne samfunnet og for å nedkjempe kriminalitet. Tollmyndighetene tek denne oppgåva alvorleg, og vern av immaterielle rettar har vore eit av satsingsområda til toll- og avgiftsetaten sidan 2010.

Toll- og avgiftsetaten skal avdekkje, halde tilbake og varsle rettshavaren om varer som ein mistenkjer kan krenkje immaterielle rettar. Med

si strategiske plassering på grensa er tollstasjonane ofte dei einaste stadene der det er mogleg å oppdage piratkopierte varer. I tillegg er det langt meir effektivt å stoppe piratkopiane ved grensa, medan varestraumen er konsentrert, enn når dei er distribuerte til marknaden. Det er også viktig med reglar og prosedyrar som gjer det enkelt for næringslivet å samarbeide med tollmyndighetene.

Sjølv om tollmyndighetene gjorde 533 beslag fordelte på 160 000 varer til ein verdi av om lag 50 millionar kroner i 2011, er dette truleg berre ein liten del av alle dei forfalska merkevarane som blir innførte til Noreg. Etter at tollmyndighetene fekk større ressursar til å kjempe mot piratkopiar, har talet på beslag gått kraftig opp. Likevel er utviklinga framleis urovekkjande.

forskningsresultat. Det gjeld uavhengig av om forskarar, institusjonar eller næringslivet eig rettane til forskningsresultata.

Lovendringane har medverka til at bevisstheita og kunnskapen om immaterielle rettar i forskingsmiljøa er blitt større, og ført til ei betre og meir systematisk handtering av immaterielle rettar ved norske universitet, høgskolar og helseføretak. Lovendringane bidrog vidare til etablering av teknologioverføringskontor (Technology Transfer Office, TTO) ved ei rekke institusjonar. I dei store universitetsbyane har universitet, helseføretak og høgskolar dei seinare åra styrkt desse kontora ved å gå saman om å utvikle felles teknologioverføringskontor.

TTO-ane har to hovudoppgåver. For det første skal dei bidra til å spreie informasjon i forskningsinstitusjonane om handteringa av industrielle rettar. Denne oppgåva omfattar kurs og ei rekke andre aktivitetar. Den andre hovudoppgåva er å hjelpe forskarar med å kommersialisere idear. Det omfattar mellom anna assistanse til patentering, lisensiering, teknologi- og marknadsvurdering, handtering av rettane, bedriftsetablering og kapitalinnhenting.

Arbeidet i TTO-ane blir i hovudsak finansiert av Noregs Forskningsråds FORNY-program og gjennom inntekter frå transaksjonar med eigarar og andre brukarar av tenestene til TTO-ane. Inntektene frå TTO-ane er ikkje store, men kommer-

sialiseringseiningane er relativt unge og prosjekta langsiktige.

Tilgang til forskningsdata bidreg til å spreie kunnskap og til læring og innovasjon i samfunnet. Noreg har ei stor mengd tilgjengelege forskingsdata og databankar. At forskingsdata blir lettare tilgjengelege, stiller større krav til bevisstheit og kompetanse ved universiteta, høgskolane og helseføretaka. På same måte krev kommersialisering og vidare bruk av forskningsresultat kompetanse om handteringa av dei immaterielle verdiane.

Når norske forskarar skal vurdere kommersialisering og vidare bruk av forskningsresultat, kan dei anten samtykkje i patentering eller velje publisering i det frie domenet. Såkalla defensiv publisering betyr at forskaren offentlegger nok informasjon til at ein annan person med innsikt i fagområdet kan utnytte oppfinninga. Samtidig gjer offentlegginga at det aktuelle resultatet ikkje kan patenteras av andre. Bruken av det frie domenet føreset kompetanse og rettleiing. TTO-ane og Patentstyret gir informasjon og rettleiing om patentering, men i liten grad informasjon om korleis ein kan publisere i det frie domenet.

Utfordringa for institusjonane ligg i å finne ein god balanse mellom publisering og openheit og behovet for å sikre eigne rettar for å kunne utnytte resultata i kommersiell samanheng.

2.4.5 Det næringsretta verkemiddelapparatet

Ei av oppgåvene til det næringsretta verkemiddelapparatet er spreie kunnskap og bevisstheit om immaterielle verdiar blant brukarane sine. Patentstyret si rolle er nærmere omtalt i 2.3. Resten av verkemiddelapparatet består mellom anna av SIVA, Norsk Designråd, Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd, som på ulik måte hjelper norske verksemder med å handtere immaterielle verdiar og rettar. For å sikre eit heilskapleg tilbod til brukarane og ei god utnytting av statlege ressursar er det viktig med ei tydeleg rolledeeling og eit godt samarbeid mellom Patentstyret og dei andre næringsretta verkemiddelaktørane. Det er mellom anna etablert samarbeidsavtalar mellom Patentstyret og høvesvis Forskningsrådet, Norsk Designråd og Innovasjon Noreg.

2.4.5.1 Innovasjon Noreg

Innovasjon Noreg er verkemiddelet staten og fylkeskommunane har for å stimulere til bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling og for å utløyse moglegheten for næring i regionane, ved hjelp av fleire gode gründerar, fleire vekstkriftige verksemder og fleire innovative læringsmiljø.

Innovasjon Noreg forvaltar verkemiddel innanfor finansiering, kompetanse, profilering, nettverk og rådgiving.

Innovasjon Noreg tilbyr også informasjon og rådgiving om immaterielle rettar. Tilbodet rettar seg i hovudsak mot gründerar og små og mellomstore verksemder. I tillegg gir Innovasjon Noreg opplæring i immaterielle rettar til kunderådgivarene sine og gir støtte og rettleiing til rådgivarane ved distrikts- og utekontora. Formålet er å sikre at ein bevisst bruk av immaterielle rettar bidreg til større verdiskaping.

I prosjekt som Innovasjon Noreg finansierer, blir eigarskap og handtering av immaterielle rettar fastsette i eigne kontraktar mellom mottakaren av lån eller tilskot og Innovasjon Noreg. Handteringa av immaterielle rettar i verksemndene er eit element i Innovasjon Noreg si vurdering av søknader om lån eller tilskot.

2.4.5.2 Noregs forskningsråd

Noregs forskingsråd er regjeringa sitt viktigaste verkemiddel for å utvikle det norske forskingsystemet og gjennomføre forskingspolitiske prioriteringar. Noregs forskingsråd har ansvaret for

forsking på alle fagområde, med verkemiddel for heile spekteret frå grunnforsking til innovasjon. Noregs forskingsråd har ei sentral rolle i det bilaterale og multilaterale forskingssamarbeidet, mellom anna det norske forskingssamarbeidet med EU.

Forskningsrådet sitt arbeid med immaterielle rettar er i hovudsak knytt til oppfølginga av bedrifter og andre brukarar som får offentleg støtte til forsking og utvikling (FoU). Mellom anna krev Forskningsrådet samarbeidsavtalar som regulerer rettar og plikter i samarbeidsprosjekt, at prosjekteresultata som hovudregel skal gjerast kjende så snart som mogleg, og at prosjekteresultata skal utnyttast kommersielt innan rimeleg tid. Gjennom nokre av programma sine gir Forskningsrådet også direkte støtte til søker om og handtering av patentering av forskningsresultat.

Noregs Forskningsråd har i tillegg ei rolle som ekspertressurs for departementa ved forhandlinger om forskingsavtalar med andre land. I enkelte tilfelle gir Forskningsrådet også råd i samband med etablering av rammeavtalar mellom universitet og norske eller utanlandske bedrifter, samarbeidsavtalar og -prosjekt mellom norske og utanlandske forskingsinstitusjonar, og til norske deltakarar i store EU-finansierte prosjekt

2.4.5.3 Norsk designråd

Norsk Designråd er eit nasjonalt kompetansesenter for strategisk bruk av designdriven innovasjon, og har lang og brei erfaring med å legge til rette for designprosessar som gjer at norske bedrifter og føretak lukkast enda betre.

Norsk Designråd samarbeider med Innovasjon Noreg, Patentstyret og Forskningsrådet for å auke kompetansen om strategisk bruk av designdrivne innovasjonsprosessar og oppnå større konkurransesevne og lønnsemd i norsk industri og næringsliv.

I samarbeid med private kompetansemiljø arrangerer Norsk Designråd mellom anna tema-seminar om design og immaterial rettsvern for å heve kunnskapsnivået hos verksemder og designnarar om rettar til design og kommersialisering av slike rettar.

2.4.5.4 SIVA

SIVA er eit statleg verkemiddel for tilretteleggjande eigarskap og utvikling av verksemder og nærings- og kunnskapsmiljø i heile landet. SIVA har eit særleg ansvar for å fremme vekstkrafta i distrikta. SIVA har eigarskap i innovasjons-

selskap som forskings- og kunnskapsparkar, næringshagar og inkubatorar saman med universitet og høgskolar, næringsliv, fylkeskommunar, kommunar og andre lokale/regionale aktørar.

SIVA har inkubasjonsprogram som finansierer arbeidet i innovasjonsselskapa med å utvikle nye verksemder. Ein svært sentral del av inkubasjonsarbeidet er å hjelpe gründerane med å sikre og utvikle dei immaterielle rettane gjennom patent, lisensar eller andre relevante ordningar.

SIVA har fleire gonger i året kompetansegivande samlingar for leiarane og medarbeiderane i innovasjonsselskapa, og immaterielle rettar har vore tema fleire gonger. SIVA har saman med Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) utvikla ei inkubasjonsutdanning, der immaterielle rettar er eit sentralt tema.

Boks 2.9 Å vere seg sjølv nok – Destinasjon Voss

Destinasjon Voss er eit reisemåls- og utviklingsselskap som koordinerer og marknadsfører reiselivet på Voss i tillegg til å arbeide med prosjektutvikling innan reiseliv. Destinasjon Voss har varemerkeverna VOSSAprofilen og ønskjer at ulike aktørar bruker profilen, til dømes ved store arrangement på Voss. VOSSAprofilen fekk Merket for god design av Norsk Designråd i 2010.

Innovasjon Noreg har vore ein viktig samarbeidspartner for Destinasjon Voss i arbeidet med design. Selskapet har også hatt stor nytte av kompetansen til Norsk Designråd i samarbeidet med designbyrå. Det må kompetanse til for å kjøpe kompetanse – utan slik kompetanse i eiga bedrift fekk Norsk Designråd ei viktig rolle, ifølgje Destinasjon Voss.

3 Status for handtering av immaterielle rettar



Figur 3.1

Foto: iStockphoto

Talet på registrerte immaterielle rettar aukar over heile verda. I tillegg er internasjonal handel med og samarbeid om immaterielle rettar aukande. Dette speglar at innovasjon skjer på tvers av landegrensene, og i aukande grad blir patent kunn gjorde med oppfinnerarar frå ulike land.¹ Meir digitalisering og veksten i handelen med varer og tenester over Internett utfordrar gjeldande reguleringsar av immaterielle rettar.


Dette kapitlet beskriv status for immaterielle rettar i Noreg i lys av sentrale internasjonale utviklingstrekk på feltet.

¹ World Intellectual Property Organisation (WIPO): «World Intellectual Property report 2011 – The Changing Face of Innovation.»

3.1 Registrering av immaterielle rettar

Norsk næringsliv søker i mindre grad om registrering av immaterielle rettar enn næringslivet i mange andre land. Talet på søknader aukar heller ikkje i takt med sökinga internasjonalt, som illustrert i figur 3.2.

Det finst ikkje eit definert idealnivå for registrering av immaterielle rettar. Forskjellane mellom Noreg og andre land har truleg fleire årsaker. Mellom anna kan dei ha samanheng med samansetnaden av norsk næringsliv, i tillegg til forskjellar i innovasjonstakt, konkurranse, teknologiintensitet og liknande i dei ulike næringane. Land som Finland, Sverige og Danmark, som har større delar av næringslivet sitt innanfor elektronisk og farmasøytsk industri enn Noreg, har også eit



Figur 3.2 Endringar i patentsøknader.

Kilde: Innovation Union Scoreboard 2011

større omfang av patentering og anna vern. Samtidig er det forskjellar mellom landa med omsyn til det nasjonale systemet, kultur og kompetanse om immaterielle rettar, noko som kan verke inn på bruken av immaterielle rettar i næringslivet.

Kommersialisering og registrering av patentar av forskingsresultat frå norske universitet, høgskolar, helsefretak og forskingsinstitutt har auka dei seinare åra. Dette skjerpar krava til forvaltinga av immaterielle verdiar også for desse forskingsmiljøa.

3.1.1 Aukande registrering internasjonalt

Talet på registrerte rettar og søknader om immaterielle rettar aukar globalt. Sidan 1980-talet er talet på varemerkesøknader meir enn tredobla, og talet på søknader om designregistrering blei meir enn dobla frå 2000 til 2009.² Frå 2009 til 2010 var veksten i talet på varemerkesøknader 7,8 prosent, for patent 7,2 prosent og for design 14 prosent.³ I 2012 var det registrert omlag 7,9 millionar patent, 23 millionar varemerke og 2,5 millionar design i verda.⁴

² WIPO Statistics Database, Oktober 2011.

³ WIPO IP Facts and Figures 2012.

⁴ World Intellectual Property Indicators 2012.

Ulike land har i ulike periodar medverka til denne veksten. Japan hadde den største veksten på 1980-talet, USA, Europa og Sør-Korea på 1990-talet. I dag står Kina for den sterkeste veksten. Veksten i talet på søknader om rettar synast i stor grad å følgje den økonomiske utviklinga i eit land.


I global samanheng har talet på internasjonale patentsøknader frå universitet og andre offentlege forskingsaktørar vakse frå null i 1980 til 15 000 i 2010.⁵

Bruken av immaterielle rettar blir også meir variert. Dei siste ti åra har omfanget av patentering auka på område som programvare og genetisk materiale, og i enkelte land på ikkje-teknologiske område som forretningsmodellar.

Stadig fleire verksemder sikrar seg større handlefridom på teknologiområdet gjennom å byggje opp store patentporteføljar, mellom anna innanfor telekommunikasjon, programvare og optikk. Slik oppbygging kan samtidig hemme for innovasjonar frå andre aktørar på same område.

Augen i bruken av immaterielle rettar gjer det stadig meir utfordrande for bedriftene å halde oversikt over rettar innanfor sin bransje og mark-

⁵ World Intellectual Property Organisation (WIPO): «World Intellectual Property report 2011 – The Changing Face of Innovation.»



Figur 3.3 Triadiske patent familiar¹, tal per million innbyggjarar, 2010.

¹ Eit sett av patent søkt ved dei tre store patentkontora: EPO, JPO og USPTO.

Kjelde: OECD Factbook 2013: Economic, Environmental and Social Statistics

nadene dei opererer i. Risikoene for å krenkle andres rettar aukar, samtidig som det blir meir krevjande å forsvare eigne rettar.

Den veksande søknadsmengda legg press på patentmyndighetene i store delar av verda. Generelt blir søknadene større og meir komplekse. Det krev lengre saksbehandlingstid og meir granskning, og bidreg til at stadig fleire søknader blir liggjande ubehandla hos dei ulike patentmyndighetene. I 2010 var meir enn 5 millionar patentsøknader i verda ubehandla.⁶

Større arbeidsbyrde for patentmyndighetene kan igjen føre til ein reduksjon i kvaliteten på søknadsbehandlinga.⁷ Rettar med låg kvalitet får ofte skulda for auken i talet på søksmål og rettstvistar dei siste to tiåra. Sidan midt på 2000-talet har patentmyndighetene i store delar av verda jobba for å betre kvaliteten.

Mykje tyder på at søknadsmengda vil halde fram å auke. Ubehandla patentsøknader og uavklarte rettstilhøve gjer situasjonen meir utrygg og

mindre føreseeieleg for næringslivet. Fleire patentverk har difor innført nye tiltak for å dempe dette presset, og mellom anna inngått avtalar om arbeidsdeling.

3.1.2 Liten auke i Noreg

Samanlikna med utviklinga internasjonalt ligg norsk næringsliv på eit lågt nivå når det gjeld registrering av immaterielle rettar.


Figur 3.3 viser patent som er registrerte i alle dei tre store patenteringsområda (EU, USA og Japan), som er eit breitt mål for registreringsaktivitet. Ifølgje denne oversikta har våre nordiske naboar høgare aktivitet enn Noreg.

Desse forskjellane har truleg fleire årsaker og kan tolkast på ulike måtar. Éi mogleg tolking er at investeringane i immaterielle verdiar er lågare i Noreg enn i andre land. Det kan igjen bety at den samla kapitalstokken i Noreg på sikt vil få ei svakare utvikling enn i andre land – med tilsvarende effekt på den økonomiske veksten.

Forskjellane kan også ha samanheng med at norsk næringsliv er prega av næringar med låg vernefrekvens, medan Sverige, Danmark og Finland har fleire store industrielle aktørar som er særleg patentintensive. Norsk næringsliv har min-

⁶ World Intellectual Property Organisation (WIPO): «World Intellectual Property report 2011 – The Changing Face of Innovation.»

⁷ OECD har mellom anna hevdat at patentkvaliteten er synkande. OECD (2011): Science, Technology and Industry Outlook 2011.



Figur 3.4 Metodar for innovasjonsvern, 2006–2008 og 2008–2010. Prosentdel blant føretak med produkt- og/eller prosessinnovasjon.

Kjelde: Statistisk sentralbyrås Innovasjonsundersøkingar 2006–2008 og 2008–2010.

dre omfang av forskings- og innovasjonsaktivitet samanlikna med næringslivet i desse landa, og det er difor ikkje overraskande at norske aktørar har mindre patenteringsaktivitet enn resten av Norden. Dersom vi samanliknar oss med andre råvareproduserande land som Canada og New Zealand, blir biletet meir likt Noreg.

Ei tredje forklaring er forskjellar mellom landa når det gjeld tradisjonar, kunnskapsnivå og graden av bevisstheit om immaterielle verdiar og rettar. Dette kan verke inn på bruken av immaterielle rettar i næringslivet.

3.1.2.1 Bruken av immaterielle rettar blant norske aktørar

Bruken av immaterielle rettar varierer i norsk næringsliv. I innovasjonsundersøkinga til Statistisk sentralbyrå (SSB) for perioden 2008–2010 svarer 39 prosent av dei innovative føretaka at dei ikkje vernar innovasjonane sine.⁸

Føretaka som vernar innovasjonane sine, nytta både formelle og uformelle vernemetodar. Dette er illustrert i figur 3.4. Uformelle vernemetodar er meir utbreidde enn dei formelle, og 37 prosent av føretaka oppgir at dei bruker tidsfor-

sprang på konkurrentane som den viktigaste sikringsmetoden. Deretter følgjer hemmeleghald og kompleks utforming og design, som blir oppgitt av høvesvis 30 og 22 prosent av innovatørane. Undersøkinga viser dessutan at føretak med omfattande bruk av uformelle vernemetodar også nyttar dei formelle metodane. Dei ulike metodane utelukkar altså ikkje kvarandre, men er gjensidig utfyllande.

Sidan uformelle metodar ikkje vernar reint juridisk, kan dei også brukast der eit produkt ikkje oppfyller krava til formelt vern. Vilkåra for å få innvilga eit patent er strenge og kostnadskrevjande. Å nytte dei uformelle metodane stiller lågare krav til føretaka om kompetanse og investeringar.

15 prosent av føretaka søkte om patent, medan designvern blei brukt av 8 prosent av dei innovative bedriftene. Varemerke er den mest brukte formelle verneforma, og blir brukt av 21 prosent av dei innovative bedriftene.

Resultata for dei ulike verneformene i innovasjonsundersøkinga til SSB har lege stabilt sidan 2004. Undersøkinga for 2008–2010 viser ein svak oppgang på alle dei tre områda for formelle vernemetoder, samtidig som prosentdelen innovative føretak har gått ned. Dette har truleg samanheng med den internasjonale finansuroa, som førte til at bedriftene endra åtferd. Ei mogleg forklaring er at føretaka valde å gjennomføre meir samansette prosjekt med meir bruk av formelle vernemetodo-

⁸ Det følgjande byggjer på Innovasjon i norsk næringsliv 2006–2008 og 2008–2010, Statistisk sentralbyrå. Undersøkinga tek for seg alle norske føretak med 50 og fleire tilsette og eit representativt utval føretak med 10–49 tilsette.

dar, medan dei enklare prosjekta med meir uformelle sikringsmekanismar blei utsette eller kansellerte.

Føretak i lite innovative næringar vernar i mindre grad innovasjonane sine enn bedrifter i dei mest innovative næringane. Industriføretaka produserer fysiske produkt, der utsjånad og utföring er viktig, i større grad enn føretak i tenesteytande næringar. Dei store industriføretaka rapporterer den største prosentdelen patentsøknader, medan bruken av patent er mindre utbreidd i dei tenesteytande næringane. Store industriføretak er også hyppigare brukarar av designvern enn tenestebedrifter. I industrien blir varemerke brukte like hyppig som patent.

3.1.2.2 Søknader om formelle rettar

Vernegrad og -metodar varierer mellom næringar og etter storleiken på bedriftene. Generelt registrerer større føretak rettane sine hyppigare enn mindre føretak. I overkant av 40 prosent av søknadene til Patentstyret er frå små og mellomstore bedrifter, og denne prosentdelen er relativt stabil.

Dei seinare åra har det vore ein svak nedgang i talet på søknader om patent-, varemerke- og designrettar frå norske aktørar til Patentstyret. I 2006 fekk Patentstyret inn 1 119 patentsøknader, medan det i 2011 kom inn 1 083. Det har i tillegg vore ein reduksjon i talet på patentsøknader frå utanlandske søkerarar, som følge av den norske medlemskapen i EPO. Talet på antall designsøknader har òg gått ned. Dette må vi sjå i samanheng med endringar i designregelverket, som no tillèt at éin søknad kan innehalde fleire design. Nedgangen gir difor ikkje grunnlag for å hevde at norske aktørar registerer færre designar enn tidlegare.

Talet på søknader som norske aktørar leverer inn til Patentstyret, gir ikkje eit fullstendig bilet av patenteringa frå norske verksemder, ettersom norske aktørar òg kan sikre seg rettar i Noreg ved å søke til EPO. Norske søknader til EPO og bruk av EU-varemerke og EU-design gir eit tilsvarande avgrensa bilet. Norske føretak kan òg fremje nasjonale søknader i andre land, til dømes USA og Japan, og det er krevjande å samle informasjonen frå dei ulike kjeldene til eit heilskapleg bilet.

Tilgangen til data om i hvilken grad norske verksemder patenterer er generelt avgrensa i Noreg. Per i dag blir patent registrerte utan at dei blir knytte til person- eller organisasjonsnummer. Det gir igjen avgrensa moglegheiter til å analysere data. Statistisk sentralbyrå har starta arbeidet med eit eige patentregister som inkluderer

identifisering av patenteigaren. Eit slikt register vil vere ei stor forbetring av statistikkgrunnlaget på patentområdet.

3.1.2.3 Patentering ved universitet og i forskingsmiljø

Kommersialisering skal bidra til at forskingsbaseidear frå universitet, høgskolar, helseføretak og forskingsinstitutt kjem ut i marknaden og bidreg til ny verdiskaping. Patentering kan vere eitt av stega i kommersialiseringssprosessen.

FoU ved forskingsinstitutta resulterer også i patent, lisensar og nyetableringar. Nokre av institutta får fram resultat som kan patenterast og sidan danne grunnlag for lisensiering. Somme resultat kan også danne grunnlag for kommersielle produkt og tenester. Slike resultat blir ofte leverte på oppdrag av allereie eksisterande bedrifter, men i nokre tilfelle er det også aktuelt å etablere nye verksemder for å bringe resultata over i kommersiell bruk.


Ikkje uventa er det først og fremst dei teknisk-industrielle institutta som bringar fram formelle immaterielle rettar. Desse institutta fekk i gjennomsnitt godteke 19 patent, og selde 133 lisensar kvart år i perioden mellom 2001 og 2010. Det blei i gjennomsnitt etablert 8 nye bedrifter årleg med utgangspunkt i resultata frå dei teknisk-industrielle institutta. Også primærnæringsinstitutta bringar fram nokre patent, lisensar og nyetableringar.⁹

Som figur 3.5 viser, kjem om lag 1,2 prosent av patentsøknadene til EPO frå universitet og andre offentlege forskingsinstitusjonar. Noreg plasserer seg under OECD- og EU27-snitta. Sverige har også ein låg prosentdel, men det har samanheng med at Sverige framleis har «lærarunntak», noko som inneber at universitetstilsette sjølvé eig oppfinningar og resultat dei har utvikla i arbeidstida.

3.2 Handel med og samarbeid om immaterielle rettar

Innovasjon skjer ofte i samarbeid mellom fleire aktørar, og blir utløyst ved sirkulasjon av idear og kunnskap. Registrerte rettar kan brukast aktivt for å etablere innovasjonssamarbeid og dele kunnskap og teknologiar. Innlisensiering og kjøp av rettar sikrar tilgang til teknologi og kunnskap som kan bidra til kommersialisering av eigne produkt.

⁹ Forskningsbarometeret 2010 og NIFU: Nøkkeltal for forskingsinstitutta.



Figur 3.5 Patentsøknader frå universitet og andre offentlege forskingsinstitusjonar som prosentdel av alle EPO-søknader.

Kjelde: Forskingsbarometeret 2012 og OECD Measuring Innovation 2010.

Utilisering og sal av rettar kan bidra til innovasjon og verdiskaping i andre verksemder, samtidig som dei gir inntekter for den verksemda som sel eller lisensierer ut.

3.2.1 Internasjonal utvikling

Dei siste tiåra har handelen med immaterielle rettar auka i mange land. Det er etablert eigne børssar, auksjonar, nettbaserte marknadsplassar, partnarmøte og meklarhus for å legge til rette for denne handelen, nasjonalt og internasjonalt. Også aktørar innanfor kommersialisering og teknologioverføringskontor ved forskingsinstitusjonane er involverte i denne typen handel.

Ettersom verdsettinga av transaksjonar er vaniskeleg å etterprøve, veit vi lite om kor stort omfang omsetninga av immaterielle rettar har. Tilgjengeleg informasjon tyder på at marknaden er i rask utvikling. I OECD-landa vaks dei samla inntektene og utgiftene til lisensiering for alle typar immaterielle rettar med 10,6 prosent årleg frå 2000 til 2010. Det er godt over veksten i OECDs BNP i same periode. Samtidig er prosentdelen patentavarar som lisensierte ut sin eigen teknologi til andre bedrifter, berekna til 13 prosent i Europa og 24 prosent i Japan. Den estimerte storleiken på den globale marknaden for teknologi er på om lag 100 milliardar USD.¹⁰

Utviklinga av ein global marknad for immaterielle rettar kan fremme spreiing av kunnskap og teknologi. Utviklinga slår mellom anna ut i strategisk åferd blant enkelte aktørar. Store produsentar, aleine eller gjennom alliansar, investerer i porteføljar av relevante rettar på lovande teknologiområde. Stadig fleire føretak innrettar FoU-innsatsen og samarbeidet etter standardiseringsprosessar som allereie er i gang, i eit forsøk på å sørge for at deira eigen patenterte teknologi blir ein del av nye standardar. Dette skjer både i teknologiutviklingsfasen, under standardiseringsprosessen og ved etablering av såkalla patent pools. Patent som ligg til grunn for teknologien som skal standardiserast, er av spesiell interesse.

Samtidig opnar utviklinga for praksis og strategiar som kan vere uheldige for den samla verdiskapinga. Eit døme er verksemder som kjøper opp patentrettar utan å etablere eigen produksjon, såkalla patenttroll eller «non practicing entity» (NPE). Ein NPE baserer verksemda si på inntekter frå føretak som kjem i konflikt med desse rettane, gjennom forhandlingar, forlik eller rettssaker. Den same bekymringa gjer seg gjeldande for omfanget av varemerke. Det er enkelt for verksemder å registrere varemerke i mange klassar,

¹⁰ OECD (2012): Science, Technology and Industry Outlook 2012.

Boks 3.1 National Oilwell Varco Norway AS

National Oilwell Varco Norway AS er eit heil-eigd datterselskap av National Oilwell Varco Inc., eit internasjonalt selskap som driv med sal, design, fabrikasjon og ferdigstilling av komplette boresystem og produkt til olje- og gassindustrien.

Selskapet utviklar tekniske løysingar som det i prinsippet er mogleg å kopiere. Dersom løysingane er unike, søker dei som regel om patentvern. Patenteringa startar ofte i Noreg sidan det er ein fordel å kunne handtere kommunikasjonen lokalt. Som regel blir det sjekka kva som finst av patent når det blir utvikla nye produkt. Det er som oftast da ein ser verdien av patentta, sidan det kostar å lage alternative løysingar. National Oilwell Varco Norway har fleire lisensavtalar der dei utvekslar patentrettar med andre verksemder.

Den seinare tida har selskapet ofte å gått vegen om ein «U.S. Provisional» patentsøknad¹, som er både billig og effektivt når ein idé må presenterast raskt i den amerikanske marknaden. I somme tilfelle er dette også eit nødvendig supplement til ein norsk søknad, sidan han sørger for at amerikanske patentgranskurar på eit tidleg stadium får med seg at ideen eksisterer.

¹ Ein «U.S. provisional» patentsøknad varer i eitt år og har ikkje vilkår om patentkrav, erklæring eller opplysning om den tekniske stoda. Innan utløpet av dette året må ein vanleg patentsøknad leverast. Når denne søknaden er levert, blir innleveringa datert eitt år seinare enn leveringa av den første søknaden, men likevel slik at nemninga «patent pending» kan nyttast også for det første året. Patentsøkjaren får på denne måten tid til til å arbeide vidare med søknaden og sikre seg bevis for at søknaden er levert på eit tidleg tidspunkt.

noko som kan føre til at rettar som ikkje er i bruk, hopar seg opp. Dette kan blokkere varemerkeområdet og hindre innovative nykommarar på marknaden. Det er likevel lite som tyder på at norske bedrifter i særleg grad opplever konfliktar med NPE-ar som har rettar på deira område.

Eit anna døme er knytt til kompliserte produkt som mobiltelefonar og fly, som består av mange patenterte komponentar. Utvikling av slike produkt krev ofte lisensar frå mange rettshavarar. Dersom ein patenteigar nektar andre verksemder å bruke innovasjonen som patentet er basert på, kan dette hemme utviklinga på det aktuelle teknologiområdet. Samtidig kan det gi opphav til ny innovasjon som går utanom den rettsverna komponenten.

3.2.2 Utviklinga i Noreg

I ei undersøking frå Patentstyret svarte 6 prosent av dei spurde føretaka at dei lisensierer ut teknologi, og 13 prosent at dei innlisensierer.¹¹

Funna kan tyde på at norske aktørar i noko mindre grad enn aktørar i enkelte andre land nytta seg av lisensiering og den moglegheita det gir for inntening og tilgang til andre sin teknologi. Det kan også synast som om norske aktørar i liten grad handlar med immaterielle rettar. Det er usikkert om funna som blir presenterte over represen-

terer ei utfordring. Det er også usikkert i kva grad dette gir eit korrekt bilet av situasjonen, da informasjon om handel og omsetning med immaterielle rettar kan vere vanskeleg å få oversikt over.

3.3 Piratkopiering og varemerkeforgjenging

3.3.1 Internasjonal utvikling

Ulovleg kopiering og forgjenging har alvorlege konsekvensar for samfunnet, næringslivet og folk flest. Rettshavarane taper inntekter og må bruke ressursar for å motarbeide problemet. Forbrukarane risikerer dårlig kvalitet, dei har ingen reklamasjonsrett, og i nokre tilfelle kjøper dei helsefarlege produkt.

Over heile verda er piratverksem og ulovleg varemerkeforgjenging blitt eit stort og aukande problem. Ifølgje OECD utgjorde internasjonalt omsette varemerkeforgjengingar og piratkopiar om lag 250 milliardar USD i 2007,¹² og tendensen er veksande. Desse tala omfattar piratverksem knytt til fysiske produkt. I tillegg kjem digital piratkopiering av musikk, film og programvare.

Mange kulturprodukt er blitt lett tilgjengelege over Internett. Dette har ført til store endringar

¹¹ Perduco (2011): «En undersøkelse om bruk av industrielle rettigheter – NNU Q4 2010»

¹² OECD (2008 og 2009): Economic Impact of Counterfeiting and Piracy.

for mellom anna musikk-, film-, spel- og bokbransjen. Det internasjonale bransjeorganet IFPI har anslått at digital nedlasting utgjorde 50 prosent av det totale salet av musikk i 2011.¹³

Dei siste åra har likevel omfanget av lovleg nedlasting auka kraftig. Ei undersøking frå IFPI tyder på at bruk av strøymingstenester får piratane til å stele mindre musikk. Spotify er den største tenesta, og er brukt av 25 prosent av dei spurte, medan 12 prosent bruker norske Wimp eller andre tenester.¹⁴ Ifølgje Sandvine *Global Internet Phenomena Report* har omfanget av ulovleg fildeling i den amerikanske marknaden minka, samtidig som innhald formidla via lovlege strøymingstenester som Spotify og Netflix har auka i omfang.

Omsettinga av falske og ulovlege legemiddel aukar i omfang. Konsekvensen av at forbrukarane ikkje veit kva produktet inneheld, og korleis det verkar, kan vere alvorleg. Slike produkt kan til dømes innehalde smittestoff og ulovlege kjemikaliar, restar av løysningsmiddel, giftige fyllstoff og variasjonar i verkestoff per dose. Verdas helseorganisasjon meiner at over halvparten av legemiddla som blir kjøpte på Internett frå ikkje godkjende seljarar, er forfalska eller ulovlege.¹⁵ Innanfor legemiddelsektoren er det vanskeleg å ta feste omfanget av forfalska legemiddel. Mengda varierer sterkt avhengig av kor strengt sektoren er regulert i dei ulike landa.

Ifølgje OECD er høg forteneiste kombinert med låge inngangskostnader mellom dei primære årsakene til det aukande omfanget av ulovleg kopiering og forfalsking. Milde sanksjonar samanlikna med annan kriminalitet bidreg òg til denne auken. I tillegg gjer forbrukarhaldningane til krenkingar av immaterialrett og låg risiko for å bli oppdaga piratkopiering og forfalsking til ei freistande verksemnd, og forklarer den kraftige veksten.¹⁶

3.3.2 Utviklinga i Noreg

Nivået av piratkopiering og varemerkeforgfalsking er høgt også i Noreg.

I 2010 avdekte tollmyndighetene om lag 220 000 forfalska merkevarer i Noreg, til ein

¹³ IFPI 2011.

¹⁴ Undersøkinga er omtala i NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

¹⁵ WHO Fact Sheet No. 275 2010.

¹⁶ OECD (2008 og 2009): Economic Impact of Counterfeiting and Piracy.

anslått verdi av 40 millionar kroner. I 2011 avdekte kontrollane om lag 160 000 varer til ein verdi av nær 50 millionar kroner.

Business Software Alliance gjennomfører årlege undersøkingar om piratkopiering av programvare.¹⁷ I rapportane for 2010 og 2011 innrømmer 63 prosent av alle nordmenn bruk av piratkopiert programvare. Den samla salsverdien av piratkopiert programvare installert i norske data-maskiner – dersom programvara hadde blitt seld over disk – var i 2011 om lag 290 millionar dollar.

Det høge nivået kan forklarast med enkel tilgang og manglande kunnskap, anten om at piratkopiering faktisk er ulovleg, eller om konsekvensane av piratverksemd. Ifølgje ei undersøking gjennomført for NHO og Toll- og avgiftsdirektoratet i 2011 synest éin av fire nordmenn at det er akseptabelt å kjøpe piratvarer, og fire av ti bryr seg lite om at dette krenkjer rettane til merkevarerigarane.¹⁸ I undersøkinga svarte 18 prosent at dei hadde kjøpt piratvarer i løpet av dei siste 12 månadene. Prosentdelen var størst i aldersgruppa under 30 år.

I ei undersøking frå Patentstyret blant norske bedrifter i 2011 svarte éin av tre at produkta deira er blitt kopierte, og halvparten av dei oppfattar dette som illojalt eller rettsstridig. Samtidig trur 74 prosent av bedriftene at omfanget av kopiering eller etterlikningar kjem til å auke i tida framover.¹⁹

Også i Noreg har nye og lovlege musikkstrøymingstenester som WIMP og Spotify ført til ein nedgang i ulovleg nedlasting av musikk frå Internett i dei seinare åra, og tal frå rettshavarorganisasjonen TONO viser stor vekst i online-inntektene for komponistar og tekstforfattarar. Ei undersøking frå Telenor viser den same fallande tendensen.

Tala knytte til omfang og konsekvensar av piratkopiering er usikre. Samtidig er det svært sannsynleg at omfanget av denne verksemda er omfattande. Det er sett i gang eit omfattande internasjonalt arbeid med å skaffe best mogleg talmaterial, til dømes i regi av EUs observatorium for inngrep i immaterialrettar.

¹⁷ BSA blei opprett i 1988, representerer verdas leiande programvareprodusentar og omfattar medlemmar som Adobe, Apple, Autodesk, Avid, Bentley Systems, Mamut, Microsoft, Monotype, Symantec, Teckla og UGS. www.bsa.org/globalstudy.

¹⁸ Perduco (2011): «Befolkningsundersøkelse om piratkoperte varer». Gjennomført i eit utval på 1000 personar i februar 2011.

¹⁹ Perduco (2011): «En undersøkelse om bruk av industrielle rettigheter – NNU 2011».

Importen av falske og ulovlege legemiddel til Noreg har auka kraftig dei seinaste åra. Kontrollane tollmyndigkeitene gjer, viser at om lag kvar tredje brevpostsending inneholdt legemiddel og kosttilskot. Ein vekelang kontrollaksjon gjennomført av tollmyndigkeitene i 2009 stansa 757 sendningar med nærmere 200 000 legemiddeleiningar. I oppskalert form kan tala tyde på at det kjem inn 10 millionar legemiddeleiningar i landet i løpet av eit år. Ifølgje Statens legemiddelverk er 62 prosent av alle legemiddel som blir kjøpte over Internett, falske.

Konkurranse frå falske og ulovlege legemiddel kan føre til store tap i sal av rettsverna produkt som det ligg store investeringar og mange års utvikling bak. Forfalsking av legemiddel er eit stort problem internasjonalt, og har også nådd den legale forsyningsskjeda. Falske legemiddel i apotek er eit problem i mange europeiske land, men problemet er førebels ikkje stort i Noreg.

3.4 Kompetanse og bevisstheit om immaterielle rettar

Den internasjonale utviklinga og den stadig sterke konkurransen norske verksemder står overfor, gjer behovet for kompetanse større på ei rekje område.

Det er gjort undersøkingar om kompetanse og bevisstheit om immaterielle verdiar og rettar i norsk næringsliv, men tilgangen på samanliknare undersøkingar frå andre land er nokså liten. Nytteverdien av slike samanlikningar vil truleg vere avgrensa, ettersom behovet for kompetanse vil variere, i hovudsak fordi næringslivet i dei enkelte landa har ulike behov for rettsvern og ver nemetodar.

Ifølgje Patentstyret sine undersøkingar i eit representativt utval av norske bedrifter²⁰ har internasjonalt orienterte norske verksemder gjennomgåande høgare kunnskapsnivå og søker oftare om immaterielle rettar enn andre verksem der. Kunnskapen om og bruken av immaterielle rettar har ikkje endra seg vesentleg blant norske verksemder dei siste åra. Det same gjeld kjennskapen til Patentstyret.

I 2011 svarte 62 prosent av dei spurde bedriftene at det ikkje var viktig for dei å registrere varemerke, designrettar eller patent. Ifølgje 2012-undersøkinga visste 42 prosent av dei spurde bedriftene ikkje kven dei skulle vende seg til dersom dei

Boks 3.2 Kampen mot lovlege kopiar – Lærdal Medical

For Lærdal Medical AS er ulovleg kopiering – hovudsakleg frå Kina – av produkta deira eit aukande problem. *Lærdal Medical* er ein internasjonal leverandør av opplærings- og behandlingsutstyr for livreddande førstehjelp.

Selskapet har i fleire år kjempa systematisk mot kopiverksemd. Erfaringane viser at moglegheita for å lykkast er avhengig av om produkta er verna av immaterielle rettar eller ikkje. I stor grad blir Lærdal-kopiane produserte i Kina. Derifrå blir dei selde både lokalt og internasjonalt.

Produktet MiniAnne er patentverna i mange land – inkludert Kina. Til no har Lærdal avdekt to kopiprodusentar av produktet. Med gyldig patent i Kina er prosessen relativt enkel. Gjennom rettslege skritt mot produsentane har det vore mogleg å stanse produksjonen og avgrense spreiinga av produktet til marknaden – både lokalt i Kina og internasjonalt.

StifneckSelect er eit eldre produkt med avgrensa immaterialrettsleg vern. Det har difor ikkje vore mogleg å stanse produksjonen i Kina. Det som derimot blir gjort, er å aksjonere direkte mot distributørar av kopiproducta i land som har ei velfungerande marknadsføringslov. Dette har Lærdal lykkast godt med, men det å gå etter mange små distributørar er ein heilt annan kamp enn å ta direkte affære mot produsentane. Prosessen er både tyngre og meir kostbar, i tillegg til at mengda av kopiproduct ein klarer å stanse, er betydeleg redusert.

Erfaringa til Lærdal Medical AS tilseier at strategisk arbeid med registrering av formelle immaterielle rettar er ein føresetnad for ein vellykka kamp mot kopiar.

hadde spørsmål knytte til industrielle rettar. Ei spørjeundersøking gjord av Innovasjon Noreg styrkar dette inntrykket. I undersøkinga svarar 8 prosent av bedriftene at tenestetilbodet i immaterielle rettar er oversiktleg.²¹

I ei undersøking utført av Respons for advokatfirmaet Grette i 2013 blant bedrifter innanfor

²⁰ Perduco (2010 og 2011): «En undersøkelse om bruk av industrielle rettigheter – NNU 2010 og 2011.»

²¹ Perduco (2010): «IPR-undersøkelse gjennomført for Innovasjon Norge våren 2010».

industri, kraft, olje og offshore, bygg og anlegg og transport og lager svarer under halvparten av bedriftene at dei har oversikt over eigne rettar, samtidig som dei anslår verdien av dei som relativt låg. 46 prosent anslår verdien til å utgjere mellom null og 25 prosent av den samla verdien i bedrifta, medan 41 prosent ikkje veit kva verdi dei skal setje på dei industrielle rettane.²²

Desse undersøkingane kan vere ein indikasjon på at norske bedrifter har behov for meir informasjon og større kompetanse om immaterielle rettar.

3.5 Internasjonal politikkutvikling

Den aukande aktiviteten knytt til immaterielle verdiar skaper større politisk merksemd. Internasjonale organisasjonar og myndigheter i fleire land har auka innsatsen for å møte utviklinga. Eksempelvis har Finland, Kina og EU har lagt fram eigne strategiar for immaterielle rettar, medan andre land – som Sverige og Danmark – har lagt fram strategiar for innovasjon og næringsutvikling der immaterielle rettar inngår som særlege satsingsområde.

OECD har starta eit breitt anlagt arbeid for å kartlegge storleik og moglege implikasjonar av veksten i investeringar i immaterielle verdiar. Gjennom studiar av ei rekkje enkeltland, finn organisasjonen at veksten i immaterielle eidegar har vore sterke enn for fysiske eller finansielle eidegar.²³ Organisasjonen går i gjennom fleire politikkområde som kan bli påverka av aukande immaterielle investeringar, og ser mellom anna på utforminga av skattesystemet, konkurransepolitikken, korleis immaterielle verdiar blir nytta i verdiskapinga i verksemndene, kvar kunnskapskapitalen er størst i globale verdikjeder, status for måling av kunnskapsbasert kapital og om rapportering frå verksemndene gir eit riktig bilet av kunnskapskapitalen.

Politikkutvikling i andre land gir grunnlag for læring og inspirasjon til vidare utvikling av norsk politikk for immaterielle rettar. Her skal vi gå igjennom aktuelle utviklingstrendar i politikkutviklinga internasjonalt.

3.5.1 Globalisering av systemet for immaterielle rettar

Globaliseringa av systemet for immaterielle rettar har gått føre seg sidan det internasjonale samar-

²² «Blir kopiert av konkurrenter», Newswire 11.3.2013.

²³ OECD arbeid på området er mellom anna presentert på nettsiden <http://oe.cd/kbc>.

beidet på området blei etablert med Paris-konvensjonen i 1883. Globaliseringa har medverka til dialog mellom patentmyndigheter og ei harmonisering av regelverk på tvers av land. Etableringa av The Patent Cooperation i WIPO (PCT-systemet) Treaty i 1970 og The Agreement on Trade-Related Aspects of Intellectual Property Rights (TRIPs), som blei etablert av Verdas handelsorganisasjon (WTO) i 1994, var sentrale steg i denne retninga.

Det er også sett i verk initiativ for å redusere dupliseringa av arbeid mellom patentmyndigheter. Døme på det er ordninga «Patent Prosecution Highways» (PPH). I tillegg er det inngått bilaterale avtalar mellom nasjonale patentmyndigheter om samarbeid og arbeidsdeling om søknadsbehandlinga.

I desember 2012 vedtok EU å etablere ei felles patentordning og eit felles tvisteløysingssystem i patentsaker, slik at verksemder kan få patent som gjeld for 25 av dei 27 medlemslanda i EU, ved berre å levere éin søknad. Dette vil føre til reduserte kostnader for patentsøkjarane. Det blir arbeidd for at ordninga skal vere operativ frå 2014.

3.5.2 Utvikling av dei nasjonale systema

Ei rekke land har gjort endringar i prinsippa i sine eigne patentsystem. USA fekk ei ny patentlov i 2011, The American Inventor Act. Tidlegare var prinsippet at den som hadde rett til å få patent, var den som var «først til å finne opp» («first to invent»). I den nye lova er dette prinsippet i hovedsak endra til «den første oppfinnar til å søkje» («first to file»). Dei tilsvarende prinsippa gjeld i det europeiske patentregelverket.

I Asia har styresmaktene auka merksemda mot immaterielle rettar. Kina og Sør-Korea oppmuntrar i sine nasjonale strategiar til bruk av immaterielle rettar i næringslivet. I Kina har dette resultert i ein «IP Protection Plan», som mellom anna inneholder skatteinsentiv for bedrifter. I 2008 reduserte Japan patentavgiftene for små og mellomstore bedrifter.

3.5.3 Utvikling av marknader for immaterielle rettar

Fleire verkemiddel er tekne i bruk for å auke innovasjonseffekten gjennom marknader for immaterielle rettar.

Nasjonale myndigheter og organisasjonar har teke ei meir aktiv rolle for utviklinga av marknader for immaterielle rettar. I Danmark har patentverket etablert nettportalen IP Marketplace, som skal gjere det lettare for næringslivet å samarbeide om og handle med immate-

Boks 3.3 EUs strategi for immaterielle rettar

EUs strategi¹ frå 2011 skal bidra til eit effektivt system for handtering og vern av immaterielle rettar, som skal fremme innovasjon, vekst og konkurranseskytande i EUs indre marknad.

Strategien inneholder ei rekke kort- og lang-siktige tiltak. Enkelte av punkta i planen kan munne ut i lovgivingstiltak som har EØS-relevans. Strategien krev ingen oppfølging i Noreg, men er ei nyttig oversikt over arbeidet i EU. Strategien varsler vidare arbeid på desse områda:

- Patent: Det skal etablerast eit einskapspatent og eit felles EU-twisteløysingssystem i patent-saker i 25 av 27 medlemsland i EU. Bakgrunnen er at dagens system med nasjonale patent er kostnadskrevjande og komplisert.
- Varemerke: Europakommisjonen fremma 27. mars 2013 to forslag til EUs Ministerråd og Europaparlament om reviderte versjonar av EUs varemerkedirektiv og EUs forordning om Fellesskapsvaremerke. Direktivet harmoniserer materiell varemerkerett i heile EU- og EØS-området. Målet er større retts-tryggleik og klarheit på dette området i Europa.² Forordninga regulerer EUs felles ordning for varemerke, som er foreslått å heite Europeisk varemerke.³
- Geografiske nemningar: Kommisjonen vil undersøke rettstilstanden i medlemslanda og det økonomiske potensialet i vern av ikkje-landbruksvarerrelaterte geografiske indikasjoner. Ein studie utarbeidd på vegner av Kommisjonen blei publisert i mars 2013.⁴
- Grenseoverskridande klarering av opphavsrett: Kommisjonen har lagt fram forslag til eit direktiv om selskap for kollektiv forvaltning av opphavsrettar og lisensiering av opphavsrett for musikk over landegrensene i EU.⁵
- Forretningsløyndommar og produktetterlikningar: Kommisjonen slår fast at reglane er ulike i medlemsstatane, samtidig som det er

eit stort behov for vern. Kommisjonen har sett i gang eit arbeid for å få oversikt over verknadene av den eksisterande situasjonen og moglege fordelar ved å ha reglar om forretningsløyndommar og produktetterlikningar på EU-nivå.

- Handheving av immaterialrettar: Kommisjonen gjer greie for ei rekke tiltak for å styrke handhevinga:
 - kampanjar for nedkjemping av piratkopiering og varemerkeforgjengelse
 - EU vedtok i 2011 ein forordning om Observatoriet for inngrep i immaterialretten. Observatoriet skal vere plassert hos EUs design- og varemerkemyndighet (OHIM) og ha om lag 25 tilsette. Det skal mellom anna utarbeidast ein breitt anlagt empirisk studie om omfanget og arten av etterlikning og piratkopiering i EU, i tillegg til kva både immaterielle rettar og krenkingar betyr økonomisk. Arbeidet vil være ferdig i slutten av 2013.
 - gjennomgang av direktiv om handheving av immaterialrettar og vurdering av endringsbehov
 - revidering av forordninga om grensetiltak mot etterlikning og piratkopiering.

Strategien tek også for seg kva for immaterialrettsspørsmål Kommisjonen vil prioritere på det internasjonale planet, både multinasjonalt og bilateralt.

¹ Communication from the Commission: A Single Market for Intellectual Property Rights (COM (2011) 287 final).

² http://ec.europa.eu/internal_market/indprop/docs/tm/130327_trademark-revision-proposal-directive_en.pdf

³ http://ec.europa.eu/internal_market/indprop/docs/tm/130327_trademark-revision-proposal-regulation_en.pdf

⁴ http://ec.europa.eu/internal_market/indprop/docs/geo-indications/130322_geo-indications-non-agri-study_en.pdf

⁵ http://ec.europa.eu/internal_market/copyright/docs/management/com-2012-3722_en.pdf

rielle rettar. WIPO har etablert WIPO Green Hub, ein søkbar offentleg database som gjer immaterielle rettar og andre ressursar tilgjengelege. Formålet med initiativet er å leggje til rette for at eigarar av miljøvennleg teknologi gjer kunnskapen sin offentleg tilgjengeleg. Re:Search er eit anna initiativ med tilsvarende

funksjon for å fremme kunnskap om ukjende tropiske sjukdommar.

Enkelte nasjonale myndigheter speler også ei aktiv rolle i å samle patent i såkalla patentporteføljar. I Sør-Korea har myndighetene vore med på å etablere Intellectual Discovery, eit defensivt fond som kjøper patent for å unngå søksmål frå utan-

landske firma. Enkelte land har også løyvd midlar til fond som skal bidra til å erverve rettar og hjelpe forskingsinstitusjonar med å kommersialisere forskingsresultat. Døme på dette er det japanske Life Science Intellectual Property Platform Fund og det franske France Brevet Fund.

Fleire land og organisasjonar har teke initiativ til å utvikle ein politikk for å møte utfordringane og utvikle marknadene for omsetning av digitalt innhald. Til dømes offentleggjorde Europakommisjonen ei grønbok²⁴ i 2011 for å innhente synspunkt på korleis Europa kan utnytte moglegheten med den digitale teknologien og bevege seg i retning av ein digital indre marknad. Grønboka skal danne grunnlag for å diskutere ei eventuell tilpassing av dei rettslege rammene, slik at europeisk næringsliv får moglegheit til å utvikle forretningsmodellar og skape nye distribusjonskanalar for at forbrukarar over heile Europa skal få betre tilgang til digitalt innhald. EU har også sett i gang eit arbeid på opphavsrettsområdet som ledd i European Digital Agenda.²⁵

3.5.4 Auka kommersialisering av offentleg forsking

Politikken for immaterielle verdiar og rettar har grenseflater mot politikken for kommersialisering av forskingsresultat frå offentlege forskingsinstitusjonar.

Kommersialiseringssarbeid er eit prioritert område i forskings- og innovasjonspolitikken i ei rekkje land, og ei styrking av institusjonell kapasitet ved forskingsinstitusjonane er sentralt i kommersialiseringssarbeidet. I 1980 innførte USA den såkalla Bayh-Dole-Act. Den gav universiteta

²⁴ Green paper on the online distribution of audiovisual works in the European Union: opportunities and challenges towards a digital single market (COM(2011) 427 final).

²⁵ Proposal for a directive of the European Parliament and of the Council on certain permitted uses of orphan works (COM(2011) 289 final) og Communication from the Commission: A Single Market for Intellectual Property Rights (COM(2011) 287 final).

høve til å utnytte oppfinningar som var eit resultat av føderalt finansiert forsking. Seinare har tilsvارande endringar i lovverket blitt innført i ei rekkje andre land, mellom anna i Noreg med opphevinga av «lærarunntaket» i arbeidstakarkoppningslova i 2003. Mange land har også etablert kommersialiseringssaktørar og teknologioverføringskontor (TTO-ar).

I dei seinare åra har mange offentlege kommersialiseringssaktørar fått utvida rolla si og tenestetilbodet sitt i samband med immaterielle rettar. Frå å handtere teknologioverføring og skrive patentsøknader har dei no ei rolle som inkluderer handtering av immaterielle rettar. Mange land har også forsøkt å auke kommersialiseringa av offentleg finansierte forskingsresultat gjennom til dømes inn- og utlisenering av immaterielle rettar frå universitet, høgskolar og helseføretak.

Nokre har sett i verk initiativ for å akselerere utviklinga og handteringa av industrielle rettar, mellom anna gjennom auka innsats for nedarbeiding av ubehandla patentsøknader og gjennom merksemrd på industrielle rettar i oppstartsbedrifter og små og mellomstore bedrifter. Til dømes har Japan og Canada innført tiltak for akselerert patentgransking, medan Storbritannia har innført ekspressbehandling av «grøne» patentsøknader.

Enkelte land har innført støttetiltak, som tilskot og opplæring, for handtering av immaterielle rettar. I Storbritannia er det etablert ei eiga eining for å støtte oppbygginga av kompetanse og infrastruktur hos kommersialiseringssaktørane. Det er også etablert eit fond som tilbyr finansiell støtte til verksemder for mellom anna vern og forvaltning av immaterielle rettar. Sør-Korea har det blitt utlyst eit slikt fond på 60 millionar USD, medan det i Danmark er etablert ei pakke på 1 million USD for å bistå bedrifter og entreprenørar i handteringa av immaterielle rettar.

Styresmaktene i ei rekkje land har utvikla standard lisensavtalar for akademiske oppfinningar. Eit døme er den danske standardkontrakten for forsking og utvikling.

4 Regjeringa sin politikk for immaterielle verdiar og rettar



Figur 4.1

Foto: iStockphoto

4.1 Ein heilskapleg næringspolitikk

Det overordna målet for næringspolitikken er å leggje til rette for størst mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi. Verdiane som blir skapte, skal legge grunnlaget for trygge arbeidsplassar, gode offentlege tenester og ei berekraftig utvikling.

Regjeringa fører ein aktiv og heilskapleg næringspolitikk med målretta satsing på å utvikle vidare dei fortrinna vi har, og medverke til eit næringsliv som er berekraftig, nyskapande, kunnskapsbasert og omstillingsdyktig. Ein aktiv næringspolitikk legg til rette for gjennomføring av samfunnsøkonomisk lønnsame tiltak, reguleringar, prosjekt og investeringar som ikkje vil bli realiserte ut frå reint privatøkonomiske interesser.

Innovasjon og omstilling er dei viktigaste kjelde til auka verdiskaping i Noreg og andre industriland, og dermed eit sentralt middel for å oppnå det overordna målet for næringspolitikken. Innovasjonsevna i norsk økonomi blir påverka av ei rekke faktorar og er avhengig av politikkområde som mellom anna konkurranse-, skatte-, infrastruktur-, utdannings- og forskingspolitikken, regional-, handels- og arbeidsmarknadspolitikken og den offentlege innkjøpspolitikken. I tillegg er sektorpolittikk på område som mellom anna olje og energi, maritime og marine næringar, landbruk og kultur viktig.

Verda og den internasjonale økonomien er i konstant endring. Internasjonale økonomiske tilhøve og rammevilkår endrar seg raskt, og det endrar også føresetnadene for handteringa av

immaterielle verdiar og rettar. Som det er beskrive i kapittel 3, aukar talet på rettar som blir registrerte internasjonalt, og i framveksande økonomiar sikrar verksemndene i stadig større grad dei immaterielle rettane sine. Internasjonal handel og samarbeid involverer også ofte handtering av immaterielle rettar.

Når immaterielle verdiar får meir å seie økonomisk, får også immaterielle rettar meir å seie næringspolitisk. Utviklinga aukar behovet for kompetanse og bevisstheit om handtering av immaterielle rettar som eit strategisk verktøy i utviklinga av norsk næringsliv. Ho aukar òg behovet for eit oppdatert regelverk som er tilpassa den nye økonomiske verkelegheita bedriftene våre handterer sine immaterielle verdiar i. Noregs framtidige konkurranseseevne er avhengig av omstillingssyktige verksemder og arbeidstakarar som tek i bruk og byggjer meir kunnskap, teknologi og utvikling inn i produkta sine. Dette inneber mellom anna ei god handtering av immaterielle verdiar. Politikken for immaterielle verdiar og rettar må difor vere ein integrert del av den norske næringspolitikken.

Regjeringa meiner at alle verksemder må vere bevisste på korleis dei handterer dei immaterielle verdiane sine, og vere like bevisste på immaterielle rettar som tilhører andre.

Verksemndene har sjølve ansvaret for å innovere og for å handtere dei immaterielle verdiane sine på ein god måte. Offentlege styresmakter skal legge til rette med gode rammevilkår for næringsutvikling og innovasjon og ein politikk som støttar opp om ei god handtering av immaterielle verdiar og rettar i verksemndene.

Regjeringa ønskjer å styrke vilkåra for bruken av immaterielle rettar i næringslivet og i forskingsmiljøa ytterlegare. I denne meldinga presenterer vi ein politikk som skal bidra til meir strategisk og lønnsam bruk av immaterielle verdiar og rettar i norske bedrifter og forskingsmiljø.

4.2 Ein styrkt politikk for immaterielle verdiar og rettar

Den globale kunnskapsøkonomien og nye innovasjonsformer gir norsk næringsliv nye mogleigheter. Samtidig stiller det norske bedrifter, universiteter, høgskolar, helseforetak, forskningsinstitutt, og myndighetsaktørar overfor nye utfordringar i handteringa av immaterielle verdiar og rettar. Norske bedrifter konkurrerer i stadig større grad internasjonalt, og med kunnskap som den fremste konkurransefaktoren. Omfanget av søknader og

registrerte rettar har vokse kraftig dei seinaste åra, særleg i dei framveksande økonomiane. Omfanget av piratkopiering og varemerkefalskingar aukar. Desse utviklingstrekkja set både nasjonale og internasjonale system for forvaltning av immaterielle rettar under press, og krev ei omstilling i takt med utviklinga.

Utviklinga gjer også at stadig fleire får med immaterielle rettar å gjøre. Det gjeld i særleg grad verksemder og institusjonar med aktivitetar knytte til forsking og innovasjon. Vidare gjer internasjonal aktivitet at verksemder og institusjonar må rette seg etter regelverk og praksis som varierer frå land til land. Stadig fleire rettar internasjonalt og eit større omfang av piratkopiering og varemerkefalsking krev at verksemndene har oversikt, overvakar konkurrentar og kartlegg sitt eige handlingsrom (såkalla «freedom to operate»-analysar). I dag inngår immaterielle rettar ofte som ein del av samarbeidsavtalar både mellom verksemder, forskningsaktørar, mellom verksemder og forskningsaktørar og mellom land. Vidare går aktørar ofte saman for å utnytte eksisterande rettar. Mekanismar som «patent pools», der medlemmane får rett til å utnytte patentrettane til kvarandre og krysslisensiering, der patentehavaren får tilgang til teknologien, fonda og alliansane til lisenstakaren, er vidare viktige samarbeidsformer innanfor enkelte næringar. Regjeringa ser behov for at det blir etablert ei breiare forståing for og bevisstheit rundt kva immaterielle verdiar og rettar betyr i Noreg, og vil leggje til rette for at norsk næringsliv betre kan utnytte det verdiskapingspotensialet som ligg i ei bevisst og strategisk handtering av slike verdiar og rettar. Politikken for immaterielle rettar femner breitt og vedkjem ei rekkje område, som justis-, kultur-, helse-, forskings- og næringspolitikk.

For å fremme større bevisstheit og kompetanse om og auka strategisk bruk av immaterielle rettar i norsk næringsliv, i offentleg sektor og blant andre relevante aktørar, vil regjeringa arbeide for å

- slutt Noreg til internasjonale avtalar og oppdatere regelverk og ordningar
- betre opplæringa i immaterielle verdiar og rettar
- vidareutvikle Patentstyret
- vidareutvikle det samla rettleiingstilbodet innanfor immaterielle verdiar og rettar
- nedkjempe piratkopiering og varemerkefalskingar
- betre kunnskapsgrunnlaget for vidare politikkutvikling

4.3 Slutte Noreg til internasjonale avtalar og oppdatere regelverk og ordningar

Eit velfungerande system for immaterielle rettar krev ei god regulering av rolla til patentmyndighetene, kva som blir verna, kor langt vernet strekkjer seg, og korleis dei immaterielle rettane blir sikra og handheva. Tilslutninga til internasjonale avtalar og eit oppdatert nasjonalt regelverk er viktig for å sikre velfungerande system for rettsvern. Det er med på å ta vare på konkurranseevna til norske verksemder ved at dei får sikra og handheva rettane sine på lik linje med verksemder i konkurrentlanda våre og på den måten stimulerer til utvikling av ny kunnskap i form av nye tekniske løysingar eller nye kulturelle uttrykk.

Noreg har no eit regelverk på området som i stor grad er tidsriktig og oppdatert. Det oppfyller fullt ut krava EØS-avtalen stiller. Regelverket er i stor grad harmonisert med det som gjeld i andre land, gjennom multinasjonale avtalar og EØS-avtalen.

Som eit ledd i arbeidet med å sikre norsk næringsliv best moglege konkurranseskilvår internasjonalt vil regjeringa halde fram med å utvikle regelverket for immaterielle rettar. Regjeringa meiner at regelverket og systemet for immaterielle rettar i Noreg bør fungere som insentiv for både private og offentlege verksemder som vil investere i innovasjon og verdiskaping.

Regelverk og politikkutvikling på immaterialrettsfeltet involverer fleire ulike departement. Nærings- og handelsdepartementet har ansvaret for å utforme ein nasjonal innovasjonspolitikk, som mellom anna omfattar utviklinga av ein næringsretta politikk for immaterielle rettar. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lovgivinga om industrielt rettsvern. Kulturdepartementet har ansvaret for politikkutvikling og regelverk på opphavsrettsområdet, og Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for planteforedlarrett og utvikling av verna nemningar. Patentstyret ligg under Nærings- og handelsdepartementet.

I 2008 slutta Noreg seg til Den europeiske patentkonvensjonen (EPC) og blei medlem av Den europeiske patentorganisasjonen (EPO). EPC gjer det mogleg for patentøkjrarar frå heile verda å få patentvern i dei landa som er tilslutta samarbeidet, gjennom ein søknad.

Før den norske EPO-medlemskapen kom innføringa av det såkalla patentdirektivet. I samband med gjennomføringa av patentdirektivet blei det innført ein ny paragraf i patentlova om plikt til å gi

opplysningar i patentøknader om opphavet til biologisk materiale, og etter kvart også tradisjonsell kunnskap, som oppfinninga gjeld eller bruker. Formålet med desse reglane er å støtte opp under konvensjonen om biologisk mangfald. Vidare har eit utkast til forskrift om uttak og utnytting av genetisk materiale, til både naturmangfaldlova og havressurslova, vore på alminneleg høyring. Forskrifta skal mellom anna gjennomføre Nagoya-protokollen til Konvensjonen for biologisk mangfald av 1992. Protokollen regulerer tilgang til og fordeling av fordelar – såkalla benefit sharing – frå utnyttinga av genetiske ressursar. Forskrifta vil også være eit ledd i oppfølginga av regjeringa sin strategi for marin bioprospektering.

I samarbeid med regjeringane i Danmark og Island har regjeringa etablert Nordisk Patentinstitutt (NPI). Formålet med norsk deltaking i NPI er å sikre næringslivet eit godt tilbod av offentleg, patentfagleg kompetanse og motverke tap av kompetanse som følgje av redusert søknadsingang til Patentstyret på grunn av norsk EPO-medlemskap. For små og mellomstore bedrifter, som ofte har avgrensa ressursar, er det spesielt viktig å oppretthalde ein slik nasjonal kompetanse. Det er også viktig å ha slik fagleg kompetanse tilgjengeleg for norske styresmakter. NPIs oppgåver er nyheitsgranskning og vurderinger av patenterbarheit. For Patentstyret inneber NPI-samarbeidet nye arbeidsoppgåver, i form av granskingsoppdrag for internasjonale kundar, og ny kunnskap.

I St.meld. nr. 7 (2008–2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge* varsla regjeringa ein revisjon av lov om Styret for det industrielle rettsvern (patentstyrelova), ny varemerkelov, tiltreding til Genève-avtalen, utgreiing av pantsetjing av immaterielle rettar og at det ville bli foreslått lovendringar for å styrke stillinga til rettshavaren ved piratkopiering og varemerkefalsking. I meldinga blei også norsk tiltreding til London-avtalen, som har som formål å redusere omsetningskrava knytte til EPO-patent, og endringane i arbeidstakaroppfinningslova og universitets- og høgskolelova, omtalte. Endringar i arbeidstakaroppfinningslova og universitets- og høgskolelova har frå 2003 gitt universitet og høgskolar større ansvar for kommersialisering av forskingsresultat og spreiling av kunnskap i samfunnet.

Den opphavlege patentstyrelova var frå 1910 og moden for fornying. I tillegg viste det seg eit behov for eit særskilt klageorgan for avgjerdene til Patentstyret. I 2012 blei det vedteke ei ny lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (patentstyrelova). Den nye lova slår fast at Patentstyret skal behandle saker om industrielle

rettar som fastsett i patentlova, føretaksnamne-lova, designlova, varemerkelova og edelmetallova. I tillegg kan Patentstyret utføre informasjonstester og skal elles legge til rette for innovasjon og verdiskaping gjennom å vere eit kompetansesenter for industrielle rettar. Etter den nye lova er det oppretta eit eige uavhengig klageorgan, Klagenemnda for industrielle rettar. Nemnda skal behandle klagar på vedtak i Patentstyret, og erstattar Andre avdeling i Patentstyret. Eit slikt uavhengig klageorgan tydeleggjer uavhengigheita mellom første og andre behandlingsinstans. Bedriftene vil oppleve dette som tryggare, raskare og meir brukarvennleg. Lova tredde i kraft 1. april 2013.

I 2010 blei det vedteke ei ny varemerkelov. Lova gir rett til å forby andre å bruke teikn som kan forvekslast med varemerket til rettshavaren. Vern for varemerke kan ein oppnå ved registrering etter søknad til Patentstyret eller ved at varemerket blir innarbeidd. Den nye varemerkelova frå 2010 er i hovudsak ei modernisering av den gamle. Blant dei viktigaste endringane i lova er lovfesting av prinsippet om såkalla EØS-regional konsumpsjon. Det betyr at dersom ei vare blir omsett under eit verna varemerke innanfor EØS-området av rettshavaren eller med samtykke frå han, kan vara omsetjast vidare. I dag gjeld EØS-regional konsumpsjon for patent, opphavsrettar, designrett, kretsmønster og planteforedlarrettar. Fordi det ofte er fleire immaterielle rettar knytte til éi og same vare, er det praktisk med same konsumpsjonsreglar for alle rettstypane, også for varemerke. Endringa betyr også at norske bedrifter får same konkurransevilkår på dette området som bedrifter i dei andre EØS-landa.

Den nye varemerkelova innfører i tillegg ei ordning med administrativ overprøving av gyldigheita av ei varemerkeregistrering hos Patentstyret. Ordninga gir Patentstyret myndigkeit til å kjenne eit varemerke heilt eller delvis ugyldig dersom ei registrering har skjedd i strid med registringsvilkåra. Ei ordning med administrativ overprøving er eit enkelt og billig alternativ til søksmål om ugyldigkeit eller sletting av registrerte varemerke som særleg vil vere til fordel for små og mellomstore bedrifter. Det vil også bidra til å gi reglane i varemerkelova om faktisk bruk av eit varemerke ein praktisk effekt.

I 2010 tiltredde Noreg den såkalla Genèva-avtalen om internasjonal designregistrering. Det inneber at norske aktørar kan søkje designvern gjennom Haag-systemet og med det oppnå vern i

fleire land gjennom éin søknad. Systemet forenklar prosessen med å verne design internasjonalt.

Trass i at den største delen av verdiene i ei bedrift er immaterielle, kan immaterielle rettar etter dagens regelverk berre pantsetjast saman med dei materielle verdiene i bedrifta, til dømes innbu. Det er i utgangspunktet heller ikkje høve til å pantsetje berre delar av dei immaterielle rettane og halde andre utanfor pantsetjinga. Dagens regelverk synest å vere relativt lite formålstenleg innretta. Høvet til å pantsetje immaterielle rettar kan særleg bidra til å lette kapitaltilgangen for bedrifta. På oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet er det gjennomført ei utgreiing¹ av spørsmålet om pantsetjing av immaterielle rettar. Etter dagens regelverk kan immaterialrettar ikkje pantsetjast særskilt, men vil eventuelt inngå i eit driftstilbehøyrsplant saman med resten av driftstilbehøyrsplanten i verksemda. Utgreiinga tilrår at det blir innført rett til særskild pantsetjing av patent og planteforedlarrett, men ikkje av andre immaterielle rettar. Samtidig blir det tilrådd at patent og planteforedlarrettar ikkje lenger bør vere omfatta av driftstilbehøyrsplant. Vidare inneheld utgreiinga forslag til korleis tilrådingane kan følgjast opp gjennom endringar i pantelova, patentlova og planteforedlarlova. Utgreiinga har vore på høyring, og Justis- og beredskapsdepartementet vurderer ei vidare oppfølging.

Tilhøvet til EU:s fellesskapsordningar for immaterielle rettar

EUs fellesordningar for immaterielle rettar inneber at ein søker kan oppnå vern i alle EU-land gjennom éin enkelt søknad, noko som bidreg til administrative og økonomiske innsparinger for bedriftene. Det har lenge eksistert slike fellesskapsordningar for varemerke og design. I desember 2012 blei det oppnådd einighet om ei slik ordning også for patent. Ordninga omfattar 25 av dei 27 EU-landa, og skal etter planen tre i kraft våren 2014. Det vil vere Det europeiske patentverket som meddeler slike patent, som vil dekkje dei 25 landa under eitt. For tida greier Den europeiske patentorganisasjonen og EU ut strukturar og prising av avgiftene for å sikre at Einskapspatentet både blir attraktivt nok for bedriftene og økonomisk sjølvberande. Einskapspatentet er

¹ Astri M. Lund (2011): «Særskilt pantsettelse av immaterialrettigheter. En utredning av spørsmålet om det bør åpnes for særskilt pantsettelse av immaterielle rettigheter». http://www.regjeringen.no/pages/36948100/Utredning_saerrskilt_pantsettelse_av_immaterialrettighet_er.pdf

ikkje det same som dagens EPO-patent, som blir løyvde av Det europeiske patentverket, og vil heller ikkje erstatte denne ordninga. Korleis dei to systema vil fungere saman, må difor vurderast nærmare.

Noreg er ikkje medlem av EU og kan, mellom anna av konstitusjonelle årsaker, ikkje bli ein del av EUs fellesskapsordningar for varemerke, design og patent. Av det grunnleggjande internasjonale regelverket på området følgjer det likevel at alle ordningar må vere opne for alle aktørar, og at alle aktørar må behandlast likt, uavhengig av nasjonalitet. Norske aktørar kan difor bruke EUs fellesordningar på lik linje med aktørar som høyrer heime i EU, og aktørar frå andre stader i verda.

Regjeringa merkar seg at EU arbeider med å få på plass europeiske fellesordningar på området industrielle rettar for å sikre meir kostnadseffektive ordningar og ein velfungerande indre marknad. Fellesordningar forenklar også søknadsprosessane og aukar rettstryggleiken for søkerar som vil sikre seg rettar i Europa. Auken i bruken av EU-varemerke av norske aktørar tyder på at ordninga fungerer etter føremålet.

Digitalisering og opphavsrett

Den raske utbreiinga av IKT på alle samfunnsområde fordrar eit regelverk om opphavsrett som både legg til rette for innovasjon og tek vare på immaterielle rettar. EU har sett i gang eit stort arbeid på opphavsrettsområdet som ledd i Den digitale agenda.² Blant aktuelle problemstillingar er rettsklarering i den indre marknaden, regelverket for hitteverk («foreldreause verk») og regelverket for kollektive forvaltningsorganisasjonar og multiterritorial lisensiering av musikkverk. Europakommisjonen fremma i juli 2012 forslag om eit direktiv om forvaltning av opphavsrettar i den indre marknaden. Regjeringa vil følgje den vidare regelverksutviklinga i EU på opphavsrettsområdet tett, mellom anna i samband med revisjonen av åndsverklova.

Regjeringa drøfta også utfordringar med opphavsrettar i Meld. St. 23 (2012-2013) *Digital agenda for Norge. IKT for vekst og verdiskaping*.

² Green paper on the online distribution of audiovisual works in the European Union: opportunities and challenges towards a digital single market (COM(2011) 427 final), Proposal for a directive of the European Parliament and of the Council on certain permitted uses of orphan works (COM(2011) 289 final) og Communication from the Commission: A Single Market for Intellectual Property Rights (COM(2011) 287 final).

Boks 4.1 Digitutvalet

Det regjeringsoppnevnde Digitutvalet la fram rapporten NOU 2013: 2 *Hindre for digital verdiskaping* i januar 2013. Rapporten tek for seg eit breitt spekter av rammevilkår som betyr mykje for innhaltsprodusentar i digitale kanalar, mellom andre kulturnæringerane. Rapporten behandlar mellom anna regelverk som immaterialretten, infrastruktur som breiband, innretninga av digital nærings- og innovasjonspolitikk, ein heilskapleg kulturpolitikk og kompetanse. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet vil følgje opp rapporten etter at han har vore på høyring våren 2013.

Digitutvalet tilrar ei brei, empiridriven immaterialrettsreform. Noreg bør arbeide internasjonalt for ei utvikling av immaterialretten, slik at han blir tilpassingsdyktig for framtidig teknologisk utvikling. Utvalet meiner mellom anna at

- regelverket bør utformast for å tillate nye bruksformer som ikkje undergrev interesse til objektet eller rettshavaren
- vernetida bør optimalisera, og at Noreg må ta ei aktiv rolle internasjonalt, særleg gjennom kontaktflater i FN, EU og WTO
- dataportabilitet for all brukarskapt meir-verdi må sikrast, og at låneregular og rett til bruk innan den private kretsen blir avklarte og lovfesta

Fornyings-, administrasjons-, og kyrkjedepartementet sette i 2011 ned eit offentleg utval for å sjå nærmare på hindringar for internettbasert vekst og verdiskaping. Det såkalla Digitutvalet leverte i januar 2013 NOU 2013: 2 *Hindre for digital verdiskaping*, der immaterielle rettar har fått ein omfattande omtale. Rapporten blei sendt på høyring våren 2013. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet vil vurdere vidare oppfølging i etterkant av høyringa.

Innføring av pediatriforordninga

Medisinar som ikkje er utprøvde for bruk til barn, kan utgjere ein risiko mot helsa deira. EU vedtok i 2006 ei forordning (EF) nr. 1901/2006 om legemiddel til barn. Formålet med forordninga er å fremme utviklinga og godkjenninga av legemiddel til barn, sikre at barns behov blir tekne vare på i utviklinga av nye legemiddel, og at tilgjengeleg

informasjon blir kvalitetssikra. Bakgrunnen er ei erkjønning av at legemiddel i mange tilfelle verkar annleis på barn enn på vaksne. Som eit insentiv for det ekstra forskings- og utviklingsarbeidet industrien utfører, blir det, gjennom eit supplrande vernesertifikat, gitt ein rett til å få forlengt patentvernetida for eit legemiddel med seks månader. Forlenginga av vernetida er ein del av belønningssystemet for å stimulere til utvikling og utprøving av legemiddel som er meinte for barn. Forordningane³ er ikkje tekne inn i EØS-avtalen og ikkje gjennomførte i norsk lov. Det gjeld difor ikkje reglar om forlengd vernetid i Noreg i dag. At forordninga enno ikkje er teken inn i EØS-avtalen, kjem av at forhandlingar mellom EFTA- og EU-sida om kva tilpassingar som skal gjerast ved innlemming av forordninga i EØS-avtalen, ikkje er avslutta. Desse forhandlingane gjeld andre sider ved forordninga enn spørsmålet om forlengd vernetid for patent.

Regjeringa gir arbeidet med å finne ei løysing høg prioritet og har som mål at forordningane skal takast inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk rett så raskt som mogleg.

London-avtalen

Innanfor Den europeiske patentkonvensjonen (EPC) må søknader om patent leverast på engelsk, tysk eller fransk. Søknadene blir behandla av Det europeiske patentverket, for deretter å bli gjorde gjeldande i dei enkelte landa som er tilslutta systemet. Eit patent består av fleire delar. Av dei er det patentkrava som definerer det juridiske vernet. Heile patentet må likevel omsetjast til det offisielle språket i kvart land der patentet skal gjerast gjeldande. For at eit patent til dømes skal gjerast gjeldande i Noreg, må det omsetjast til norsk.

London-avtalen er ein tilleggsavtale til EPC og tredde i kraft i 2008. Avtalen inneber at krava til omsetjing blir reduserte frå å gjelde heile patentet til berre å gjelde patentkrava. For næringslivet inneber dette ein betydeleg reduksjon i kostnader til omsetjing.

I St.meld. nr. 7 (2008–2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge* blei det varsla at regjeringa ville komme tilbake med ei vurdering av spørsmålet om ei eventuell norsk tilslutning til London-avtalen i lys av erfaringane frå norsk medlemskap i EPO og erfaringar frå land som har sluttar seg til avtalen.

³ Forordning 1901/2006 og 469/2009.

Per i dag har 18 av 38 EPO-medlemsland sluttar seg til London-avtalen. Mellom dei er alle våre nordiske naboland. Ei undersøking gjord av EPO viser at det i praksis er lite etterspurnad etter omsetjingar av EP-patent, og at næringslivet blir påført unødige kostnader når det blir kravd at heile patentteksten skal omsetjast til nasjonale språk. I dei landa som har tiltredd avtalen, kan ein likevel framleis krevje at patenthavaren leverer ei fullstendig omsetjing av heile patentet på språket i det aktuelle landet i tilfelle det skulle oppstå ein konflikt om patentet.

Norsk tilslutning til London-avtalen vil redusere kostnadene med å gjøre europeiske patent gjeldande i Noreg, både for utanlandske og for norske patentsøkjarar. Det kan ha mykje å seie for norsk næringsliv.

Regjeringa meiner at mykje talar for ei norsk tilslutning til London-avtalen. Nærings- og handelsdepartementet vil sende på høyring eit forslag om å tiltre London-avtalen i løpet av hausten 2013. Høyringa vil også omfatte eit forslag om at nasjonale patentsøknader kan leverast på engelsk.

Rettstvistforsikring

Ei mogleg forklaring på den relativt låge patenteringsgraden blant norske verksemder er at små og mellomstore bedrifter opplever det som vanlege å forsvere rettane sine i ei eventuell rettsak mot større aktørar, anten på grunn av mangel på kompetanse eller på grunn av manglende økonomiske ressursar. I den samanhengen har det vore trekt fram at det ikkje finst kommersielle forsikringsordningar som kan bidra til kostnadsavlasting ved ein eventuell tvist.

Ei rettstvistforsikring for immaterielle rettar kan redusere risikoen for at små og mellomstore bedrifter må ut med store beløp til rettssaker eller til erstatningar i saker om immaterielle rettar.

I Danmark har det danske patentverket medverka til at eit slikt privat tilbod er etablert. Dei har i dag informasjon om tilboden på nettsida si, men har elles inga rolle.

På denne bakgrunnen vil Nærings- og handelsdepartementet be Patentstyret greie ut om det er mogleg å få etablert private, kommersielle tilbod om rettstvistforsikringar for immaterielle rettar også i den norske marknaden.

Vitnefritak og autorisasjonsordning for patentfullmektigar

Norsk patentfullmektigbransje er ein del av norsk tenesteytande næringsliv og speler ei sentral rolle

som samarbeidspartnar og kompetanseressurs for norsk næringsliv. Auka internasjonalisering har medverka til at internasjonale aktørar har komme inn på den norske marknaden for patentfullmektigar og no konkurrerer om norske kundar. På same måte kan norske patentfullmektigar ta på seg oppdrag for utanlandske kundar.

I fleire land, som USA og Storbritannia, er patentfullmektigar fritekne for vitneplikt i rettssaker. Etter norsk rett har ikkje patentfullmektigar eit slikt fritak. Det gjer at verksemder som nyttar norske patentfullmektigar i rettssaker om patent i land med fritak for vitneplikt vil, kunne oppleve at fullmektigane kan påleggjast å gi forklaring om sensitive tilhøve for bedrifa. Dette kan oppfattast som ei konkurranseulempe for norske fullmektigar og gjere dei mindre attraktive å bruke samanlikna med konkurrentar frå land med vitnefritak. Regjeringa vil sjå nærmare på behovet og moglegheitene for vitnefritak for patentfullmektigar.

Vidare er det ei rekke land som krev autorisasjon for å kunne utøve rolla som patentfullmektig. Slik er det også for dei som skal opptre i saker ved Det europeiske patentverket (EPO). Patentfullmektigar som utøver ei rolle som patentfullmektig overfor EPO, er fritekne frå å røpe fortruleg informasjon om saka til ein klient overfor EPO. Dette blir omtalt som patentrådgivar-klient-privilegiet.⁴ Då Noreg sluttar seg til EPO i 2008, fekk kvalifiserte norske fullmektigar ein såkalla bestefarsautorisasjon til å opptre som fullmektig overfor EPO. Norske patentfullmektigar som ikkje har hatt høve til å bli godkjende på denne måten, må greie ein europeisk eksamen, European Qualifying Examination (EQE), for å kunne bli godkjende som europeiske patentfullmektigar (EPA). Spørsmålet om det skal innførast ei offentleg autorisasjonsordning for patentfullmektigar i Noreg, har vore utgreidd tidlegare.⁵ Konklusjonen i 1979 var at det ikkje var tenleg for konkurransen i marknaden å innføre ei slik ordning. Denne typen reguleringar blei sett på som fordyrande og unødvendige.

Regjeringa meiner at tida er inne for å vurdere på nytt om det bør innførast ei norsk autorisasjonsordning for patentfullmektigar. Nærings- og handelsdepartementet vil ta initiativ til ei slik vurdering.

Betre informasjon om registrering av varemerke, føretaksnamn og domenenamn

Registrering av føretaksnamn skjer i Brønnøysundregisteret, registrering av varemerke i Patentstyret og domenenamn hos Norid. Lovgivningsansvaret for føretaksnamn, varemerke og domenenamn ligg hos høvesvis Nærings- og handelsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Samferdselsdepartementet.

Næringsdrivande må i dag søkje om varemerke, føretaksnamn og domenenamn under tre ulike ordningar, på tre ulike måtar og hos tre ulike registreringsmyndigheter. Næringslivet kan oppleve dette som krevjande og forvirrende.

Nærings- og handelsdepartementet vil difor be Patentstyret, i samråd med Norid og Brønnøysundregistra, vurdere korleis informasjon og rettleiing kan gjere det klarare og enklare for næringslivet å registrere føretaksnamn, varemerke og domenenamn.

Marknad for immaterielle rettar

Velfungerande marknader for omsetning av immaterielle rettar, mellom anna kjøp, sal og lisensiering, kan bidra til ny innovasjon og teknologioverføring. Internasjonalt er det ei utvikling der det blir etablert marknadsplassar for omsetning av immaterielle rettar, initiert av private eller offentlege aktørar. Regjeringa meiner det må leggjast til rette for at norsk næringsliv har tilstrekkeleg kunnskap om slik handel, slik at også norske aktørar kan ta del i denne typen aktivitetar. Det er opp til næringslivet sjølv å etablere eventuelle marknadsplassar for immaterielle rettar. Regjeringa vil følgje med på utviklinga av slike marknadsplassar.

Oppsummering

For å slutte Noreg til internasjonale avtalar og oppdatere regelverk og ordningar vil regjeringa

- sende på høyring forslag om norsk tilslutning til London-avtalen, mellom anna eit forslag om at nasjonale patentsøknader til Patentstyret kan leverast på engelsk
- undersøkje om det er mogleg å få etablert eit privat, kommersielt tilbod om rettstvistforsikring for immaterielle rettar i den norske marknaden
- vurdere behovet og moglegheitene for vitnefritak for patentfullmektigar og innføring av ei norsk autorisasjonsordning

⁴ EPC Rule 153 Attorney-client evidentiary privilege[111] Art. 133, 134, 134a.

⁵ NOU 1979: 14 *Offentlig autorisasjon av patentfullmektiger*.

- be Patentstyret, i samråd med Norid og Brønnøysundregistra, vurdere korleis informasjon og rettleiing kan gjøre det klarare og enklare for næringslivet å registrere føretaksnamn, varemerke og domenenamn

4.4 Betre opplæringa i immaterielle verdiar og rettar

Det at immaterielle rettar har fått meir å seie, gjer at behovet no er større for kompetanse og bevisstheit om handtering av immaterielle rettar i heile samfunnet.

Som omtala i kapittel 1 er det auka etterspurnad etter medarbeidarar og kandidatar med utdanning innanfor immaterielle rettar i ulike delar av næringslivet. Det indikerer behov for eit utdanningstilbod om immaterielle rettar innanfor ulike fagretningar, som jus, teknologi, økonomi og administrasjon.

Eit betre utdanningstilbod vil bidra til å møte det aukande behovet for kompetanse om immaterielle rettar blant framtidige arbeidstakrar, i næringslivet, i patentekspertbransjen, i verkemiddelapparatet og i rettsvesenet. Vidare vil eit etter- og vidareutdanningstilbod i immaterielle rettar bidra til å heve og utvikle kompetansenivået hos dagens arbeidstakrar.

Sjølv om det er etablert enkelte utdanningstilbod som inkluderer immaterielle rettar, er det samla tilbodet framleis lite. I tillegg er det få tilsette i den norske universitets- og høgskolesektoren som underviser eller forskar innanfor strategisk bruk av immaterielle verdiar og rettar. Slik regjeringa vurderer det, reflekterer ikkje utdanningstilbodet den auka aktiviteten og betydninga av immaterielle rettar.

Regjeringa er oppteken av at tilbodet om opplæring i immaterielle rettar må bli betre i heile utdanningsløpet – i grunn- og vidaregåande opplæring, i høgare utdanning og i relevante etter- og vidareutdanningar.

Immaterielle rettar i grunn- og vidaregåande opplæring

Barn og unge er framtidas arbeidstakrar i eit arbeidsliv der immaterielle verdiar og rettar får stadig meir å seie. Barn og unge møter tidleg krav om handtering av både eigne og andres immaterielle rettar, til dømes gjennom bruk av digitale medium og entreprenørskap i skolen. Tidleg opplæring i handtering av immaterielle rettar blant barn og unge vil difor gi dei betre ferdigheiter i å

handtere desse krava. Regjeringa meiner at opplæring av barn og unge i å handtere immaterielle rettar bør vere ein del av arbeidet med å utvikle dømmekrafta deira når det gjeld å vurdere og å bruke digital informasjon.

Gjennom prosjektet *Du bestemmer* har Teknologirådet, Datatilsynet og Senter for IKT i utdanninga gått saman om eit gratis undervisningsopplegg for elevar frå mellomtrinnet til vidaregåande. Målet er å auke kunnskapen om personvern og heve bevissttheita om vala dei gjer når dei bruker digitale medium som Internett og mobiltelefon. Ei evaluering av undervisningsopplegget viser ei positiv haldningsendring blant elevane som har teke det i bruk.

I handlingsplanen *Entreprenørskap i utdanningen – fra grunnskole til høyere utdanning 2009–2014* blir det poengtert kor viktig kompetanseheving om immaterielle rettar er for vern og strategisk bruk av rettar i forretningsutvikling. Regjeringa vil leggje til rette for at deltakarar i Ungt Entreprenørskap skal få større kompetanse og bevisstheit om immaterielle rettar, særleg dei som er involverte i aktiviteten Studentbedrift. Nærings- og handelsdepartementet vil følgje opp dette overfor Ungt Entreprenørskap.

Regjeringa meiner det er viktig at det finst tilbod om informasjon og opplæring i immaterielle rettar tilpassa barn og unge. Opplæring av barn og unge innanfor immaterielle rettar bør skje ved hjelp av informasjon og rettleiingsmateriell som er tilpassa målgruppa. Nærings- og handelsdepartementet vil be Patentstyret innleie ein dialog med Utdanningsdirektoratet, Kommunesektorens organisasjon (KS) og Ungt Entreprenørskap med sikte på å skape interesse for feltet immaterielle rettar og vurdere ei tilrettelegging av eigna støtte- og rettleiingsmateriale. Ein bør først og fremst ta sikte på tilpassing og gjenbruk av støtte- og rettleiingsmateriale som ligg føre internasjonalt, til dømes nettsida USPTO For Kids⁶ og WIPOs publikasjonar for unge og skolar⁷. Ein bør også ta sikte på at opplæringa skjer gjennom etablerte kanalar og allereie sett igang opplæringprosjekt retta mot barn og unge, som til dømes prosjektet *Du bestemmer*.

Immaterielle rettar i høgare utdanning

Næringslivet, forskingsaktørane og verkemiddelapparatet har eit aukande behov for kandidatar

⁶ <http://www.uspto.gov/kids>

⁷ <http://www.wipo.int/ip-outreach/en/publications/youth.html>

med kompetanse innanfor immaterielle rettar. Verksemder med forskings- og innovasjonsaktivitet treng tilstrekkeleg bevisstheit og kompetanse for å handtere eigne verdiar, for å kunne utnytte verdiene best mogleg for verksemda og for å unngå krenkingar av andre sine rettar. Høgare utdanningsinstitusjonar treng samtidig kompetanse for å undervise i immaterielle rettar, og for å balansere omsynet til spreiing av kunnskap mot omsynet til sikring av immaterielle rettar av verdier baserte på forskinga. Samtidig treng verke-middelaktørane kompetanse for å gi god rettleiing og vurdere søknader frå næringslivet.

I St.meld. nr. 7 (2008–2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge* varsla regjeringa utvikling av eit betre undervisningstilbod om immaterielle rettar ved universitet og høgskolar. Dette blei mellom anna følgt opp med ei utlysing av midlar i 2009 og 2010 til etablering av utdanningstilbod om immaterielle rettar ved universitet og høgskolar. Mid-lane resulterte i fire prosjekt der det blei utvikla undervisningsopplegg retta mot bachelor-, master- og doktorgradskandidatar. Somme prosjekt var retta mot juridisk utdanning, medan andre la vekt på utdanningstilbod i strategisk og forretningsmessig bruk av immaterielle rettar. Nokre av prosjekta blei innlemma i etablerte utdanningsløp innanfor økonomiske, kreative og tekniske fag.

Regjeringa meiner at den omtalte auka betydninga av immaterielle rettar for næringsutvikling og verdiskaping bør reflekterast i eit betra utdanningstilbod ved norske universitet og høgskolar, og regjeringa ønskjer å leggje til rette for utvikling av eit breitt utdanningstilbod på feltet immaterielle rettar. Regjeringa er kjend med at det ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) blir jobba med å byggje ut utdanningstilbodet innen immaterielle rettar og etablere eit forskingsbasert undervisningstilbod i immaterielle rettar. Initiativet blir planlagt i samarbeid med mellom anna Patentstyret.

Mange doktorgradsstudenter er, eller vil bli, involverte i innovasjonar der spørsmål om handtering av immaterielle rettar dukkar opp. Doktorgradsstudenter bør difor ha tilstrekkeleg kunn-skap om immaterielle rettar. Regjeringa meiner det er viktig at doktorgradsstudenter får opplæring i immaterielle rettar der det er relevant. Nærings- og handelsdepartementet vil difor be Forskningsrådet arbeide for at doktorgradsutdanninger som blir finansierte ved hjelp av midlar frå Nærings- og handelsdepartementet, der det er formålstenleg, inneheld opplæring i immaterielle rettar. Det vil ei slik opplæring vere særleg relevant å vurdere i samband med ordninga med Nærings-ph.d.

Regjeringa meiner at gode fag- og forskingsmiljø er ein føresetnad for eit godt undervisnings-tilbod, både på juridiske, teknologiske, økono-miske og administrative fagområde. Dette krev eit visst omfang av professorat og stipendiatsillingar på fagområdet. Nærings- og handelsdepartemen-tet vil difor vurdere å opprette gaveprofessorat og tilhøyrande stipendiatsillingar på feltet immate-rielle rettar.

Immaterielle rettar i etter- og vidareutdanning

Etter- og vidareutdanning sikrar oppdatering og utvikling av kompetansen blant medarbeidarane, og styrker omstillingsevna til verksemda.

Etter- og vidareutdanningstilbodet innanfor immaterielle rettar er spreidd. Enkelte universitet tilbyr undervisning i grunnleggjande spørsmål innanfor juridiske og naturvitenskaplege fag. Som nemnt over arbeider Noregs teknisk-naturvitenskap-lege universitet (NTNU) med å etablere eit nytt forskingsbasert undervisningstilbod i immaterielle rettar. Initiativet vil mellom anna innehalde eit tilbod for etter- og vidareutdanning.

Regjeringa vil følgje dette arbeidet med tanke på å hente ut erfaringar for vidare utvikling av etter- og vidareutdanningstilbodet innanfor immaterielle rettar. Samtidig er verksemndene sjølv ansvarlege for å fylle behovet for etter- og vidareutdanning blant medarbeidarane. Ei vidare utvikling vil difor bli vurdert i samarbeid med næringslivet, forskingsmiljøa og andre relevante aktørar.

Oppsummering

For betre opplæringa i immaterielle verdier og rettar vil regjeringa

- leggje til rette for at deltakarar i Ungt Entreprenørskap får større kompetanse og bevisstheit om immaterielle rettar
- be Patentstyret innleie ein dialog med Utdan-ningsdirektoratet, Kommunesektorens organi-sasjon (KS) og Ungt Entreprenørskap med sikte på å skape interesse for immaterielle rettar i grunn- og vidaregåande opplæring
- be Forskningsrådet arbeide for at doktorgrads-utdanninger som blir finansierte med midlar frå Nærings- og handelsdepartementet, inne-held opplæring i immaterielle rettar der det er formålstenleg
- vurdere å opprette gaveprofessorat og tilhøyrande stipendiatsillingar på feltet immaterielle rettar

4.5 Vidareutvikle Patentstyret

4.5.1 Patentstyret si rolle i samfunnet

Norsk næringsliv konkurrerer i aukande grad på å selje varer og tenester som er utvikla med kunnskap og kompetanse som den viktigaste innsatsfaktoren. Ifølgje Verdsorganisasjonen for immaterielle rettar (WIPO) utgjer immaterielle verdiar 80 prosent av dei samla verdiane i verksamdene.⁸ Handtering av immaterielle verdiar og rettar kan i mange tilfelle vere heilt avgjerrande for verdiskapinga i verksamdene. Difor har immaterielle verdiar og rettar betydning for verdiskapinga i næringslivet, for næringspolitiken og for økonomien som heilskap. Alle verksamder har immaterielle verdiar i ulike former, anten det er kompetansen hos medarbeidarane, føretaksnamn, domenenamn, produksjonsprosessar, framgangsmåtar, databasar, hemmelege oppskrifter, merkevarer, design, åndsverk, teknologi eller oppfinningar.

Handel med immaterielle verdiar aukar i takt med ein meir utstrekkt økonomisk produksjon i verda, og det dukkar stadig opp nye marknadsaktørar og marknadsmekanismar som legg til rette for omsetning av slike verdiar. Internasjonale tal viser at inntekter frå lisensar auka frå 2,3 milliardar USD i 1970 til 27 milliardar USD i 1990, og til 180 milliardar USD i 2009.⁹ Det er også ein global auke i talet på immaterielle rettar. Sidan 1980-talet er talet på varemerkesøknader tredobla og søknader om design dobla. I 2012 var det på verdsbasis 7,9 millionar patent i kraft og nesten 23 millionar varemerke.¹⁰ Kina er i dag det landet som har sterkest vekst i talet på rettssøknader.

Piratkopiering og varmerkefalsking skjer i stort omfang. Verdien av internasjonalt omsette varemerkefalskingar og piratkopiar var ifølgje ein rapport frå OECD på om lag 200 milliardar USD i 2005 og har auka med 25 prosent i perioden 2007–2009.¹¹

All nyskaping inneber ein risiko for innovatørane. Immaterielle rettar reduserer denne risikoen ved å auke moglegheitene til å sikre avkast-

ning på den investeringa som oppfinnaren eller verksemnda har gjort. Immaterielle rettar bidreg til at den som har hatt utviklingskostnadane ved å skape noko nytt, også kan hauste gevinstane. Ein søknad om registrering av ein rett inneber samtidig at kunnskapen om sjølve innovasjonen blir offentleggjord for resten av samfunnet. Særleg for patent er dette ein viktig måte å spreie kunnskap på som igjen kan leggje til rette for vidare innovasjon.

Patentstyret er ein næringspolitisk reiskap for å fremme innovasjon. Gjennom forvaltning og spreiing av kunnskap om industrielle rettar er Patentstyret ein del av det norske innovasjonssystemet. Regjeringa meiner at eit velfungerande immaterialrettssystem og ei velfungerande myndighet er eit sentralt rammevilkår for at verksamder skal velje å basere den nyskapande verksemda si i Noreg.

Regjeringa ønskjer at Patentstyret skal utvikle seg vidare, både som forvaltar av og som eit kompetansesenter for industrielle rettar i Noreg. Patentstyret har i dag mål om å:

1. behandle søknader om industrielle rettar med riktig kvalitet og behandlingstid
2. bidra til å auke kunnskapen om industrielle rettar i Noreg

For at Patentstyret skal lykkast i å nå desse måla, må etaten ha tilstrekkeleg og riktig kompetanse og gode rutinar for effektiv saksbehandling. Regjeringa vil be Patentstyret gjennomføre ein intern strategiprosess som mellom anna skal munne ut i ein plan for oppfølging av dei tiltaka i meldinga som har med etaten å gjere. I tilknyting til denne strategiprosessen vil Nærings- og handelsdepartementet vurdere korleis mål- og resultatstyringa av etaten bør utviklast vidare.

4.5.2 Eit system for effektiv søknadsbehandling

Patentstyrets fyrste hovudmål er å behandle søknader om industrielle rettar med riktig kvalitet og behandlingstid.

Regjeringa meiner at ei søknadsbehandling av rett kvalitet står fast som fundament for verksamda til Patentstyret. Det følgjer også av dei forpliktingane Noreg har i det internasjonale patent-systemet. Patentstyret skal ha ei effektiv og ressurssvarande søknadsbehandling. Regjeringa støttar Patentstyret si vektlegging av dette. Etaten bør halde fram med å måle seg mot beste praksis i andre patentverk og andre relevante

⁸ World Intellectual Property Organisation (WIPO): «A Power Tool for Economic Growth».

⁹ World Intellectual Property Organisation (WIPO): «World Intellectual Property report 2011. The Changing Face of Innovation».

¹⁰ World Intellectual Property Organisation (WIPO) Indicators 2012.

¹¹ The Economic Impact of Counterfeiting and Piracy, OECD.

etatar for å lære og for å utvikle sin eigen kompetanse.

Nedarbeidning av restansar

I 2010 låg det 5,2 millionar patentsøknader til behandling ved verdas patentverk.¹² Den aukande mengda med søknader verda over har ført til ei opphoping av ikkje-avgjorde søknader på patentområdet. Grunnen til opphopinga av patentsøknader er at internasjonaliseringa også fører til at oppfinningar blir patentsøkte i stadig fleire land, i tillegg til at saksbehandlinga i seg sjølv tek lang tid.

Nedarbeidning av restansar har fått stor merksemnd verda over, og det er lagt ned betydelege ressursar i å redusere omfanget. Ei vanleg saksbehandlingstid på tre år kan synast som lang tid, men det er internasjonal einigkeit om at dette er akseptabelt, og det ligg også som målsetjing i Det europeiske patentverket. Dette målet tek omsyn til at saksbehandlingstida ikkje berre er avhengig av kapasiteten og tidsbruken i den enkelte saka, men også av til dels lange svarfristar for søkeren og innkomsten av informasjon og avgjerder frå andre patentverk.

Søknadsbehandlinga på patentområdet har også blitt meir arbeidskrevjande ved at søknadene er meir komplekse og omfattande enn før, samtidig som fleire ligg føre på framande språk, til dømes asiatiske. Dette tvingar dei enkelte patentverka til å effektivisere si eiga søknadsbehandling og til auka samarbeid om gjenbruk av granskingsmateriale. For design- og varemerkesøknader er behandlingstida vesentleg kortare, og der er det ikkje opphoping av søknader.

Sjølv om norske aktørar kan sökje om patent gjennom Det europeiske patentverket (EPO), har Patentstyret framleis ein stor inngang av søknader på dei ulike rettsområda. Totalt kom det inn om lag 16 500 søknader i 2012. Av dei var om lag 1 500 patentsøknader, 14 000 varemerkesøknader og 1 000 designsøknader. Patentstyret avgjorde om lag 20 000 søknader, fordelte på om lag 4 000 patentsøknader, 15 000 varemerkesøknader og 1 000 designsøknader, og innvilga meir enn 15 000 industrielle rettar fordelte på 1 300 patent, 12 800 varemerke og 1 150 design.

Reduksjonen i talet på patentsøknader som kjem inn til Patentstyret, har på kort sikt ingen direkte effekt på arbeidsmengda i etaten. Dette

kjem av at det i 2010 var nærare 25 000 søknader som låg til behandling i etaten. Både for næringslivet og for samfunnet er det ønskjeleg å få avklart rettssituasjonen så raskt som mogleg innanfor ramma av ei forsvarleg saksbehandling. I 2009 utarbeidde Patentstyret på oppdrag frå Nærings- og handelsdepartementet ein nedarbeidningsplan for restansane sine. Målet i planen er at den gjennomsnittlege reelle saksbehandlingstida for patentsøknader skal ligge på rundt tre år ved utgangen av 2017. Den reelle nedarbeidninga av restansar er mellom anna avhengig av kor mange nye søknader som kjem inn, saksbehandlingstid per sak og talet på saker som framleis er under behandling. Patentstyret har følgt planen i fleire år, og restansesituasjonen i etaten er no rekna for å vere under kontroll. Gjennom ei bevisst prioritering er restansane per 2012 nedarbeidd til i overkant av 18 000 søknader.

Regjeringa føreset at Patentstyret framleis følger opp nedarbeidningsplanen.

Norsk medlemskap i EPO

Noreg tiltredde Den europeiske patentkonvensjonen (EPC) i 2008. Den europeiske patentorganisasjonen (EPO) gjer det enklare og billigare for bedrifter å sökje patent i medlemslanda. Den norske medlemskapen i EPO inneber også at den som vil ha patent i Noreg, som alternativ til å sökje via Patentstyret, kan sökje om dette via Det europeiske patentverket. For bedriftene betyr det enklare saksbehandling, i tillegg til at éin søknad kan gi patent i nærare 40 land.

For Patentstyret førte norsk medlemskap i EPO som venta til ein vesentleg reduksjon i utanlandske patentsøknader frå og med andre halvår 2009. Det inneber i praksis både redusert omfang av kompetansegivande arbeid og reduserte inntekter.

Søknadsbehandlinga til Patentstyret er bunnen opp til regelverket som følger av EPC, og etaten har som følgje av den norske medlemskapen i EPO blitt ein del av det europeiske patentsystemet. Patentstyret er dermed i eit tett samarbeid med patentverka i Europa og med EPO. EPO-medlemskapen gir også Patentstyret tilgang til ei rekke ressursar, til dømes IKT-system, databasar og teknisk samarbeid, i tillegg til vidareutdanning gjennom European Patent Academy.

Regjeringa legg vekt på at Patentstyret utnytar dei moglegitene som EPO-medlemskapen gir, og aktivt representerer Noreg i Forvaltningsrådet og dei underliggjande komiteane til rådet.

¹² World Intellectual Property Organisation (WIPO): «World Intellectual Property report 2011. The changing Face of Innovation»

Etablering av Nordisk Patentinstitutt

For å kompensere for reduksjonen i inngang av søknader og kompetansegivande oppgåver til Patentstyret var det ei strategisk avgjerd for Noreg å delta i opprettninga av Nordisk Patentinstitutt (NPI) i 2008. Som følgje av EPO-medlemskapen fall søknadsinngangen til Patentstyret frå 6 000–7 000 patentsøknader årleg til omtrent 1 500 søknader. Dette talet er for lågt til at Patentstyret over tid kan halde oppe den nødvendige kompetansen både i breidda og djupna på alle fagområda i etaten og dermed i Noreg.

NPI er eit samarbeid mellom Danmark, Island og Noreg som har som formål å bidra til å halde oppe eit tilstrekkeleg tilfang av inntekts- og kompetansegivande oppgåver for patentmyndighetene i landa. For Patentstyret skal NPI-medlemskapen bidra til at etaten kan oppfylle målet om å kunne tilby behandling av patentsøknader og fagkompetanse på alle tekniske område og vere eit fullt ut granskande patentverk. Regjeringa meiner dette er nødvendig for at Patentstyret også over tid skal vere til nytte for breidda av norsk næringsliv. NPI har ikkje eigne tilsette patentgranskarar, men nyttar ressursar frå patentverka som deltek, i hovudsak frå Patentstyret og frå den danske Patent- og Varemærkestyrelsen.

Nordisk Patentinstitutt er godkjent som PCT-myndigkeit, og tilbyr i utgangspunktet to typar tenester. Som ein del av PCT-systemet tilbyr NPI i hovedsak granskning av internasjonale søknader og førebels patenterbarheitsvurdering. Desse tenestene kan per i dag nyttast av søkerar frå Island, Danmark, Noreg og Sverige. Gebrysatsane for tenestene er fastsette under PCT-avtalen. NPI tilbyr også patentgranskings-tenester til verksemder utanfor deltakarlanda, per i dag hovudsakleg i USA og enkelte europeiske land.

Med opprettninga av NPI har Patentstyret fått tilført nye oppgåver som så langt har utgjort ein liten del av verksemda til Patentstyret. Det kjem mellom anna av at Patentstyret må balansere nedarbeiding av eigne restansar mot innfasing av NPI-oppgåver. I 2012 utførte Patentstyret likevel nærrare tre gonger så mange NPI-oppdrag som i 2011. Målsetjinga er at NPI-aktivitetar i framtida skal utgjere ein større del av verksemda til Patentstyret på patentområdet.

Regjeringa er oppteken av at NPI skal lykkast i verksemda, slik at den breie kompetansen Patentstyret har på alle teknologifelt, kan haldest opp. Kundane må ønske å nytte NPIs

tenester, og det må leggjast til rette for eit godt samarbeid mellom dei landa som deltek, slik at NPI framstår for kundane som ei veldriven verksamhet. Regjeringa ventar at restansane i Patentstyret blir nedarbeidde i tråd med planen, slik at omfanget av NPI-arbeidet i etaten etter kvart kan aukast. For å lykkast med NPI-arbeidet er det viktig at kompetansen til dei tilsette blir utvikla vidare og er oppdatert innanfor teknologi, patentfag, språk og kundefokus.

Nasjonal søknadsbehandling med eit globalt perspektiv

Norsk næringsliv søker ofte om immaterielle rettar også i andre land enn Noreg. Det lettar difor arbeidet til rettssøkjaren og gjer utfallet av søknadsbehandlinga meir føreseileg dersom søknadsbehandlinga til Patentstyret i størst mogleg grad er harmonisert med internasjonalt regelverk og praksis.

På patentområdet skal behandlinga av søknader vere harmonisert med EPO, innanfor rammene av gjeldande norsk rett. Det betyr at ein søker skal behandlast på same måte av Patentstyret som av Det europeiske patentverket. Det krev aktiv innsats å halde kompetansen i etaten oppdatert og sikre at vedtak er i tråd med gjeldande regelverk og praksis. For at Patentstyret skal kunne operere godt innanfor EPO-systemet, må Patentstyret ha tilstrekkeleg teknologisk og patentfagleg kompetanse til å behandle svært krevjande søkerar, også innanfor nye teknologifelt og/eller felt der søknadsinngangen er liten. Dette er kompetanse som kjem norsk næringsliv til gode.

Somme næringslivsaktørar ønsker raskast mogleg behandling av patentsøknader i enkelte viktige utanlandsmarknader. Globalt er det inngått mange avtalar om hurtig søknadsprosess mellom ulike patentverk, såkalla Patent Prosecution Highway (PPH). Avtalane inneber at patentsøknader for ei raskare avklaring. Erfaringsar fra USA har vist at ni av ti PPH-søknader blir godkjende, mot halvparten av vanlege søkerar. Samtidig blir den samla behandlingstida redusert til ein tredjedel. I USA, til dømes, er saksbehandlingstida redusert frå nesten tre år til under tolv månader.¹³ Ein føresetnad for raskare behandling er at søkeren i større grad enn vanleg er villig til aktivt å følge opp sin eigen patentsøknad. Patentstyret skal leggje til rette for at patentsøkjrarar med søkerar som tilfreds-

¹³ Heimesida til det danske patentverket. <http://www.dkpto.dk>

stiller kriteria, skal få raskare søknadsbehandling gjennom dette systemet. I dag har Patentstyret inngått PPH-avtalar med USA (USPTO) og Japan (JPO). Regjeringa er oppteken av å nytte PPH, slik at norske verksemder raskast mogleg kan få avklart patentrettar i utanlandske marknader.

Særleg små bedrifter har ofte avgrensa kompetanse om immaterielle rettar, søker få rettar og har få ressursar å avsjå til sikring og handtering av eigne immaterielle rettar. Små og mellomstore bedrifter står for i overkant av 40 prosent av patentsøknadene til Patentstyret, og desse nyttar hovudsakleg den nasjonale patentmyndigheita. For mange små og mellomstore bedrifter er det viktig med språkleg, kulturell og geografisk nærliek til kompetanse og rettleiing om industrielle rettar. Patentstyret speler difor ei særleg viktig rolle for små og mellomstore bedrifter, som behandler av søknader og som kompetansesenter.

Oppsummering

For å vidareutvikle eiga søknadsbehandling skal Patentstyret

- effektivisere si eiga søknadsbehandling gjennom vidareutvikling av dei teknologiske verktøya, forbetra intern organisering, auka gjenbruk av relevant granskingsmateriale og auka samarbeid med andre patentverk, mellom anna ved å inngå avtalar om raskare saksbehandling (PPH-avtalar)
- aktivt følge med og overvake den teknologiske utviklinga og analysere kva konsekvensar ho kan ha for søknadssamsetnaden i framtida. Etaten må vere spesielt merksam på vidareutvikling av sin eigen teknologiske kompetanse på område under utvikling. Dette vil gjere etaten i stand til å handtere teknologisk utvikling på ein god måte i søknadsbehandlinga – i samarbeidet med EPO, i arbeidet med Nordisk Patentinstitutt og generelt i rolla overfor norsk næringsliv
- vurdere korleis det kan måle seg mot andre patentverk for å lære av beste praksis. Etaten bør utvikle vidare samarbeidet og kunnskapsoverføringa mellom anna med EPO, OHIM, andre europeiske patentverk, USPTO, JPO, andre offentlege myndigheter i Noreg og ved behov frå utlandet
- framleis jobbe aktivt for å harmonisere regelverk og praksis, slik at brukarane er trygge på at dei får same behandling uavhengig av kvar søknadene blir behandla

4.5.3 Patentstyret som kompetansesenter

Når ein stadig større del av verdiane i verksemiane blir immaterielle, aukar også behovet for bevisstheit om korleis desse verdiane kan forelast og forvaltast. Dersom verksemiane ikkje har ein bevisst strategi for dette, risikerer dei at andre tek gevinsten av det utviklingsarbeidet som er gjort.

Som vist i kapittel 3 tyder undersøkingar på at norske aktørar nyttar immaterielle rettar i mindre grad enn aktørar i andre land. Bruken aukar heller ikkje, slik han gjer i andre land. Målingar viser også at kompetansen og bevissttheita om immaterielle rettar er låg i Noreg, og at dette ikkje har betra seg dei siste åra. Nærings- og handelsdepartementet vil på bakgrunn av dette be Patentstyret i samarbeid med Innovasjon Noreg og næringslivsorganisasjonar kartleggje bruken av immaterielle rettar i ulike bransjar i norsk næringsliv. Det bør også undersøkjast kor stor del av bedriftene som i liten grad nyttar ulike tenester, og om det finst systematiske kjenne-teikn ved desse bedriftene.

Med rask teknologiutvikling og fleire immaterielle rettar nasjonalt og internasjonalt står bedriftene overfor stadig større krav til ei strategisk handtering av eigne immaterielle verdiar. Bedriftene treng kompetanse om korleis immaterielle verdiar og rettar kan handterast – heile vegen frå idéfasen og fram til kommersialisering.

Patentstyret er i dag eit nasjonalt kompetansesenter for industrielle rettar, og skal aktivt utvikle denne rolla. Regjeringa meiner at Patentstyret skal vere ein kompetanseressurs for industrielle rettar for heile det norske samfunnet gjennom å tilby kompetanse til ulike interessentar: næringsliv, offentlege myndigheter, verkemiddelaktørar og forskings- og utdanningsinstitusjonar. Patentstyret skal også strekkje seg mot andre interessantar og brukargrupper som i framtida kan tenkjast å nyte godt av eit meir bevisst tilhøve til industrielle rettar.

Næringsliv og forskingsinstitusjonar spør etter meir rettleiing, rådgiving og kompetanse om strategisk handtering av immaterielle verdiar og rettar. Delar av næringslivet opplever rettleiings- og tenestetilbodet som fragmentert, vanskeleg tilgjengeleg og til dels mangelfullt. Undersøkingar tyder på at få bedrifter meiner at tenestetilbodet i immaterielle rettar er oversiktleg og under halvparten veit kven dei skal vende seg til dersom dei har spørsmål knytte til industrielle rettar, jamfør omtale i 3.4.

Store delar av norsk næringsliv består av små og mellomstore bedrifter. For desse bedriftene er

det spesielt viktig med ei nasjonal myndighet som Patentstyret, sidan dei ofte verken har ressurser eller kompetanse til å handtere spørsmål og problemstillingar knytte til handtering av immaterielle rettar.

Patentstyret har kjernekompasen sin innanfor juridiske og tekniske fagdisiplinar. Men kundane har også behov for kunnskap om korleis immaterielle rettar kan inngå i deira eigne forretnings- og kommersialiseringstrategiar. Regjeringa meiner at dette krev større innsikt i kva behov kundane har, og ein generelt større næringslivskompetanse, noko som tilseier at det er behov for meir kompetanse innanfor forretningsutvikling og -strategi i Patentstyret. Kundar og dei som søker om rettar, stiller også i aukande grad krav til service, tilgjengelegheit, rask responstid og kundeforståing, som regjeringa ventar at Patentstyret oppfyller.

Dagens tilbod om bedriftsretta kompetanse om immaterielle rettar er spreidd over fleire instansar og kan difor til tider opplevast som vanskeleg tilgjengeleg. Innspel frå næringslivet tyder på at behovet for praktisk retta kompetanse om immaterielle verdiar og rettar er størst hos små og mellomstore bedrifter og entreprenørar. Større bedrifter har gjerne tilstrekkeleg med ressursar til å handtere dette sjølv. Regjeringa ser behov for å setje næringslivet betre i stand til å bruke immaterielle rettar operativt i sine kommersialiseringstrategiar, og vil be Patentstyret og Innovasjon Noreg i samarbeid utvikle ei betre informasjons- og rettleiingsteneste knytt til immaterielle verdiar og rettar. Tenesta må byggje på ei utgreiing av faktisk behov, tenestetilbod, målgrupper, eventuelle tiltak, organisering og finansiering. Ei eventuell informasjons- og rettleiingsteneste skal bruke og utvikle vidare dagens eksisterande kompetansemiljø, og det er naturleg at Innovasjon Noreg og Patentstyret får ei sentral rolle. Desse to organa må samarbeide tett for å sikre eit system for rettleiing som er best mogleg lagt til rette for brukarane.

Oppsummering

For at Patentstyret skal utvikle rolla som kompetansesenter for næringslivet, vil regjeringa be Patentstyret

- medverke til at næringslivet i større grad inkluderer bruk av immaterielle rettar i sin eigen forretnings- og kommersialiseringstrategi
- samarbeide tett med Innovasjon Noreg for å utvikle ei betre informasjons- og rettleiings-

teneste knytt til immaterielle verdiar og rettar. Tenesta må byggje på ei utgreiing av faktisk behov, tenestetilbod, målgrupper, eventuelle tiltak, organisering og finansiering

4.5.4 Patentstyret som ressurs for politikkutviklinga til offentlege myndigheter

Politikk og regelverk for immaterielle rettar er i stadig utvikling globalt, noko som har breie implikasjonar for innovasjons-, forskings- og næringspolitikken. Regjeringa ventar at Patentstyret saman med dei andre næringsretta verkemiddelaktørane gir myndighetene råd i denne politikkutviklinga.

Kompetansen Patentstyret sit inne med, er ein viktig ressurs mellom anna for offentlege myndigheter i samband med forhandlingar om frihandelsavtalar og forskingsavtalar. Noreg har inngått bilaterale forskings- og teknologiavtalar med fleire prioriterte land, mellom andre Japan, Kina, Russland og USA. Felles for avtalane er føresegner som sikrar at partane tek nok omsyn til vern og fordeling av immaterielle rettar eller andre eigarrettar. Desse føresegnene kan variere frå relativt detaljerte reguleringar av immaterielle rettar til meir generelle erklæringar. Patentstyret skal vere ein kompetanseressurs og sparringspartnar for offentlege myndigheter ved utarbeiding av internasjonale avtalar.

Bedriftene møter ulike delar av det næringsretta verkemiddelapparatet, avhengig av kva behov dei har. Patentstyret skal vere ein pådrivar og ein kompetanseressurs for dei andre verkemiddelaktørane, slik at dei på ein formålstenleg måte inkluderer immaterialrettslege perspektiv i oppgåveløysinga og tenestetilbodet sitt. Patentstyret skal også drive oppsökjande verksemrd for å auke bevisstheita og kompetansen om industrielle rettar og gjere tenestene sine betre kjende blant grupper av bedrifter som i dag i liten grad har kjennskap til immaterialrettssystemet.

Immaterielle rettar betyr stadig meir for standardiseringsarbeid og utvikling av nye teknologistandardar. Regjeringa ventar at Patentstyret gjennom å bruke kompetansen sin er med på å skape større forståing om immaterielle rettar og standardisering. Nærings- og handelsdepartementet vil difor be Patentstyret ta initiativ til å samle dei relevante aktørane for å belyse og løfte bevisstheita om immaterielle rettar og standardisering og koplinga mellom dei. Dei relevante aktørane i denne samanhengen vil vere kommersialiseringstrukturar, Standard Norge, Noregs for-

skingsråd, Innovasjon Noreg og andre som er involverte i standardiseringsarbeid.

Det går i dag føre seg omfattande kopiering, forfalsking og etterlikning av produkt. Regjeringa meiner denne omfattande kopieringa undergrev immaterialrettsordninga. Større bevisstheit, informasjon og forståing vil vere eit middel til å nedkjempe piratkopiering og varemerkeforgfalsking. I dag finst det ikkje éi enkelt kjelde der forbrukarar, næringslivet, myndigheter eller media på ein enkel måte kan få tak i påliteleg og balansert informasjon om piratkopiering og varemerkeforgfalsking. Mange er også usikre på kva som er lovleg, og kva som er ulovleg. Nærings- og handelsdepartementet vil difor be Patentstyret arbeide vidare med å etablere ein nettstad med informasjon om piratkopiering og varemerkeforgfalsking som gjer det enkelt å finne informasjon. Tiltaket er nærmere beskrive i 4.6.

Oppsummering

For å gjere seg nytte av kompetansen til Patentstyret i politikkutvikling og utforming av regelverk vil regjeringa be Patentstyret om å

- vere ein kompetanseressurs og støtte for offentlege myndigheter ved forhandlingar om internasjonale avtalar
- vere ein pådrivar overfor dei andre verkemiddelaktørane for å inkludere immaterialrettslege perspektiv i oppgåveløysinga og tenestetilbodet deira på en formålsteneleg måte
- ta initiativ til å samle dei relevante aktørane for å belyse og løfte bevisstheit om immaterielle rettar og standardisering og koplinga mellom dei
- arbeide vidare med å etablere ein nettstad med informasjon om piratkopiering og varemerkeforgfalsking

4.6 Vidareutvikle det samla rettleiingstilbodet innanfor immaterielle verdiar og rettar

Auka internasjonal registrering og handel med immaterielle rettar, framvekst av nye strategiar for bruk av rettane og det veksande omfanget av piratverksemrd og ulovleg varemerkeforgfalsking skjerpar krava til handtering av immaterielle verdiar og rettar i norsk næringsliv. Veksten i handelen over Internett med varer og tenester, og auka nedlasting av digitalt innhald som musikk, film og programvare gjer vidare at immaterielle rettar er meir til stades i folks daglege liv enn tidlegare.

Samtidig har mange norske bedrifter og forskingsmiljø behov for å styrke kompetansen og bevisstheit om bruken av immaterielle rettar. Innspela i meldingsarbeidet, som er omtalt i kapittel 1.4.3, tyder på at mange opplever informasjonen og rettleiinga om immaterielle rettar som fragmentert, mangefull og lite tilgjengeleg.

Utvikle det samla rettleiingstilbodet frå verkemiddelapparatet

Det næringsretta verkemiddelapparatet består mellom anna av Innovasjon Noreg, Designrådet, Noregs forskingsråd, SIVA og Patentstyret. Behovet for større bevisstheit og kompetanse om handteringa av immaterielle verdiar skjerpar krava til arbeidet dei næringsretta verkemiddelaktørane utfører for å spreie kunnskap og møte behova til brukarane på dette området.

Dei næringsretta verkemiddelaktørane har ulike roller, ansvar, kompetanse og oppgåver som skal vere komplementære innanfor ei samla verdkjede frå idé til marknad. Regjeringa er oppteken av at samarbeidet mellom aktørane skal resultere i tydelege og samkøyrdé aktørar, der ulike tenester utfyller kvarandre og framstår på ein heilskapleg og einsarta måte for bedriftene. Dette er også viktig for at norske bedrifter og forskingsmiljø skal kunne møte dei endringane som skjer internasjonalt.

Regjeringa ønsker eit framtidsretta og samordna verkemiddelapparat for immaterielle rettar som bidreg til å styrke bevisstheit og kompetansen om immaterielle rettar i norsk næringsliv. I St.meld. nr. 7 (2008–2009) *Et nyskapsende og bærekraftig Norge* peikte regjeringa på behovet for å styrke kompetansen til verkemiddelapparatet og varsle ei styrking av rettleiinga om immaterielle rettar frå verkemiddelapparatet si side.

Dette er følgt opp på fleire måtar. Innovasjon Noreg har mellom anna styrkt kompetansen til dei tilsette gjennom kursverksemrd og betre tilgang på informasjon, rettleiing og hjelpeverktøy når det gjeld immaterielle rettar. Forskningsrådet har etablert ein eigen politikk når det gjeld rettar, gjennomført kompetanseoppbygging blant sine eigne tilsette og publisert malar for samarbeidsavtalar på nettsidene sine. SIVA har saman med Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) utvikla ei inkubasjonsutdanning der immaterielle rettar er eit sentralt tema. Selskapet arrangerer også samlingar for leiarar og medarbeidarar i dei såkalla innovasjonsselskapa, der immaterielle rettar er eit tema. Norsk Designråd

arrangerer også temaseminar om design og rettsvern for å heve kunnskapsnivået i norske bedrifter.

Det er etablert samarbeidsavtalar mellom Patentstyret og høvesvis Forskningsrådet, Norsk Designråd og Innovasjon Noreg. Formålet med dei ulike avtalane er at aktørane skal vere samordna for å kunne gi eit heilskapleg tilbod til kundane. Målet er å dekkje behovet for tenester om immaterielle rettar på ein effektiv måte som gir meirverdi til bedriftene. Aktørane har også eit mål om å bidra til større bevisstheit og kunnskap om immaterielle rettar i norsk næringsliv, særleg retta mot små og mellomstore bedrifter. For å bidra til dette vil nettverksbyggjinga med strategiske samarbeidspartnarar stå sentralt.

Regjeringa vil legge til rette for ei generell styrkt og forbetra rettleiing og rådgiving om immaterielle verdiar og rettar i det offentlege, næringsretta verkemiddelapparatet. I dag finst det ingen enkeltaktør som kan tilby informasjon og rettleiing om heile spekteret av immaterielle rettar, frå opphavsrett til patent, til alle relevante målgrupper. Betre koordinering av verkemiddelaktørane i ei lett tilgjengeleg og samla informasjons- og rettleiingsteneste kan både gi eit betre tilbod til brukarane og bidra til at eksisterande ressursar og kunnskapsmiljø blir betre utnytta.

Regjeringa vil difor kartlegge behova nærmare og identifisere moglege løysingar for ei samla informasjons- og rettleiingsteneste om immaterielle verdiar og rettar. Mellom anna vil regjeringa avdekkje aktuelle tenester og innhald. Nærings- og handelsdepartementet vil be Patentstyret, i samarbeid med Innovasjon Noreg og andre relevante verkemiddelaktørar, om å gjennomføre ei slik utgreiing.

Ei vurdering av til dømes om, når, korleis og kvar ein rett bør søkjast, stiller høge krav til kompetanse. Dette er ein kompetanse mange små og mellomstore bedrifter ikkje har. I lys av denne utviklinga meiner regjeringa at det er behov for ei generell styrkt og forbetra rettleiing og rådgiving om immaterielle verdiar og rettar i det offentlege, næringsretta verkemiddelapparatet retta mot små og mellomstore bedrifter. God rettleiing og rådgiving er viktig for å gjere bedriftene bevisste på sine immaterielle verdiar og for å gi kunnskap om korleis dei kan brukast for å realisere gevinsten av nyvinningar og oppfinningar, og korleis den private marknaden for immaterielle rettar fungerer. Nærings- og handelsdepartementet vil be Patentstyret og Innovasjon Noreg om i samarbeid å etablere ei slik rettleiings- og rådgivingsteneste for små og mellomstore bedrifter. Tenesta bør innret-

tast som eit breitt anlagt tilbod til små og mellomstore bedrifter med eit reelt behov.

Norske bedrifter som skal gjere forretningar i internasjonale marknader, må vere merksame på både mogelegheiter og utfordringar når det gjeld immaterielle rettar. Døme på dette kan vere lisensiering, samarbeid, krenking av andres rettar, det å bli kopiert, rettstvistar og kostnader. I USA blir til dømes rettssystemet brukt aktivt, og ein må vere merksam på dei høge kostnadene ved det. Vidare er dei i USA meir aktive i handel med immaterielle rettar og har betre utvikla system for det. I tillegg har USA nyleg endra patenteringssystemet frå «første til å oppfinne» («first to invent») til «første til å søkje» («first inventor to file») - noko som i ein overgangsperiode vil bety endringer og uføreseielege tilhøve. For aktørar som skal ut på den asiatiske marknaden er det mange utfordringar mellom anna knytt til kulturen for å respektere immaterielle rettar, mykje kopiering, ulike barrierar i samband med produksjon og eksport av produkta. Behovet for rettleiing gjeld ikkje berre for bedrifter som opererer i Asia og USA, men også i Europa og andre delar av verda.

Eit betre tilbod til internasjonalt retta bedrifter kan innebere å styrke dei eksisterande rettleiingsressursane i Innovasjon Noreg med meir internasjonal kompetanse gjennom å gi opplæring for å auke bevissttheita ved utekontora til Innovasjon Noreg. Dette kan skje mellom anna gjennom å bygge opp landrapportar for dei mest relevante landa, vidareutvikle og styrke internetsidene og etablere nettverk av profesjonelle leverandørar av tenester for handtering av immaterielle rettar lokalt i dei utanlandske marknadane.

Regjeringa vil medverke til å utvikle Innovasjon Noreg si rettleiingsrolle overfor norske bedrifter om utfordringar og moglegheiter i samband med kommersiell utnytting av immaterielle rettar i relevante marknader som til dømes Asia og USA. Det er behov for å hjelpe norske bedrifter til å verne, utnytte og handheve dei immaterielle rettane sine i internasjonale marknader. Nærings- og handelsdepartementet vil difor be Innovasjon Noreg vurdere korleis ei slik forbetra rettleiingsteneste for norsk næringsliv kan utformast.

Profilering av gode døme på strategisk handtering av immaterielle rettar i bedrifter kan gi andre bedrifter motivasjon og lerdom om korleis dei sjølve kan satse på sine immaterielle verdiar. Det europeiske patentverket (EPO) deler til dømes kvart år ut prisen European Inventor Award til oppfinnarar som har utmerkt seg med spesielt kreative og innovative idear. Prisen blir delt ut innanfor ulike kategoriar og er meint som ein hyllest

til og ei synleggjering av oppfinnarar og som inspirasjon til andre potensielle vinnarar. Regjeringa ser at slike prisar og konkurransar kan bidra til å få fram suksesshistorier, og vil be Patentstyret vurdere moglege liknande profileringstiltak som kan gi lærdom og inspirasjon. Nærings- og handelsdepartementet vil også be Patentstyret om i samarbeid med Innovasjon Noreg å synleggjere andre gode døme på handtering av immaterielle rettar.

Handtering av immaterielle verdiar frå offentleg finansiert forsking

Både i St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* og St.meld. nr. 7 (2008–2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge* blir det slått fast at regjeringa har forventningar til at forskings- og utdanningsinstitusjonane arbeider aktivt for at forskingsresultata skal komme til nytte i samfunnet, anten i form av næringsutvikling eller betre offentlege tenester.

Forsking og utvikling gir opphav til ny kunnskap og innovasjon. Regjeringa har difor som mål å stimulere til næringsrelevant forsking og til meir bruk av kunnskap i næringslivet. Større satsing på innovasjon i offentleg sektor dei seinare åra har ført til ei rekke endringar som har styrkt både innovasjons- og kommersialiseringsside ved forskingsinstitusjonane og i næringslivet.

Endringane i arbeidstakaroppfinningslova i 2003 gav universitet og høgskolar høve til å få overført rettane til kommersiell utnytting av forskingsresultat frå sine tilsette forskarar. Ansvaret hos institusjonane for å formidle forskingsresultat, mellom anna kommersialisering av forskingsresultat, blei også tydeleggjort i revisjonen av universitets- og høgskolelova i 2002.

Lovendringane har medverka til større bevisstheit og meir systematisk handtering av immaterielle rettar i forskingsmiljøa. Talet på patent frå universiteta og kommersialiseringsside har auka dei siste åra og kommersialiseringsside har utvikla seg til å bli sterke kompetansemiljø innanfor immaterielle rettar og ein viktig ressurs for forskingsinstitusjonane.

Etter regjeringa si vurdering blir immaterielle rettar ved universitet, høgskolar og helseforetak allereie i dag handterte på ein langt betre og meir føreseieleg måte enn tidlegare. Det same gjeld dei offentleg finansierte forskingsinstitusjonane og næringslivet si handtering av immaterielle rettar i samarbeid.

I Meld. St. 18 (2012–2013) *Lange linjer – kunnskap gir muligheter* seier regjeringa at all forsking

som er heilt eller delvis offentleg finansiert, prinsipielt sett skal vere ope tilgjengeleg. Prinsippet skal likevel ikkje komme i konflikt med den akademiske fridommen forskarane har til å velje dei fagleg føretrekte publiseringsskanalane. I meldinga varslar regjeringa at ho mellom anna vil kreaje at alle vitskaplege artiklar som er heilt eller delvis offentleg finansierte, anten skal publiseras ope eller eigenarkiverast etter avtale med utgivaren. I meldinga tek regjeringa også til orde for å vurdere korleis kommersialiseringssapparatet på eit overordna plan er organisert og finansiert i universitets- og høgskolesektoren, og om intensionane bak endringane i arbeidstakaroppfinningslova og universitets- og høgskolelova er oppfylte. Spesielt ønskjer regjeringa å sjå nærmare på samarbeidet institusjonane imellom og mellom utdanningsinstitusjonane, forskingsinstitutta og nærings- og arbeidslivet.

Forskningsrådet etablerte ein eigen politikk for rettar i 2008. Regjeringa ventar at Forskningsrådet held fram med arbeidet for ei best mogleg utnytting av norske immaterielle rettar. Regjeringa ventar også at dei som tek imot offentleg støtte, har eit bevisst tilhøve til og ein god praksis for å handtere eigne immaterielle rettar.

I St.meld. nr. 7 (2008–2009) *Et nyskapende og bærekraftig Norge* og St.meld. nr. 30 (2008–2009) *Klima for forskning* varsla regjeringa ei vurdering av behovet for nasjonale retningslinjer for handtering av immaterielle verdiar frå offentleg forsking. Som eit ledd i dette utarbeidde ei interdepartemental arbeidsgruppe rapporten *Navigering mellom barken og veden*, som mellom anna tilrår ulike kompetansetiltak.

Styresmaktene i fleire land har etablert internettbaserte «verktøykasser» i form av rettleiingar, tilrådingar, standardavtalar og andre hjelpemiddel som er gratis og ope tilgjengelege. Eit døme på dette er *Lambert Tool Kit*¹⁴ frå Storbritannia. Slike verktøy blir sett på som nyttige for å bevisstgjøre og rettleie, spesielt for mindre institusjonar.

Regjeringa vil vurdere utarbeiding av hjelpemiddel tilpassa norske tilhøve for både forskingsinstitusjonar og bedrifter. Hjelpemidla skal bidra til ei god handtering av immaterielle verdiar som har kome frå offentleg finansiert forsking ved forskingsinstitusjonen, og av immaterielle verdiar i samarbeidsprosjekt mellom forskingsinstitusjonar og næringsliv.

Regjeringa vil også legge til rette for norsk deltaking i felleseuropaiske hjelpeverktøyprosjekt.

¹⁴ <http://www.ipo.gov.uk/lambert>

I 2008 lanserte Europakommisjonen ei tilråding om handtering av immaterielle verdiar ved kunnskapsoverføring. Tilrådinga består mellom anna av prinsipp for handtering av immaterielle verdiar, retningsliner, nasjonal politikk og lovverk for kunnskapsoverføring mellom forsking og næringsliv.¹⁵ På dette området er det ulike reglar og praksis i dei europeiske landa, og tilrådinga skal fremje ei meir effektiv overføring av kunnskap frå forskingsaktørar til næringslivet. Målet er at forskingsresultata skal bli tekne i bruk og utnytta betre. Tilrådingane er følgde opp av European Research Area Committee (ERAC) si arbeidsgruppe for kunnskapsoverføring, der Noreg er representert. ERAC har vore med på å utarbeide europeiske retningsliner for handtering av immaterielle rettar gjennom forskingssamarbeid med aktørar utanfor Europa. Regjeringa meiner det er viktig for Noreg å delta i denne typen internasjonalt samarbeid.

Møteplassar for felles læring

Store bedrifter, større forskingsaktørar og patenteksporthansjen sit ofte inne med unik kompetanse og erfaring om den praktiske og strategiske handteringa av immaterielle rettar som mindre aktørar kan dra nytte av. Basert på praktisk og inngående kjennskap til strategisk handtering av immaterielle verdiar og rettar vil bedrifter, større forskingsaktørar og patentfullmektigar kunne hjelpe andre i å oppnå større bevisstheit og kompetanse.

Regjeringa vil difor etablere fleire ulike møteplassar for felles læring.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at erfarne brukarar av immaterielle rettar frå næringslivet deler erfaringane sine med andre ved å etablere møteplassar, til dømes for oppstartsbedrifter og små og mellomstore bedrifter. I slike tilfelle kan ressursar frå store verksemder opptre som mentorar for mindre bedrifter, både gjennom bilaterale relasjonar og gjennom samlingar med fleire bedrifter og mentorar.

I Danmark har det danske patentverket lagt til rette for ein møteplass der mentorar frå bedrifter med utstrekkt erfaring med handteringa av immaterielle rettar blir kopla med dei med mindre erfaring. Regjeringa vil be Patentstyret, i samarbeid med relevante bransjeorganisasjonar, om å undersøke interessa for ein tilsvarande møteplass med

mentorar, basert på erfaringar frå Danmark og eventuelt andre land.

Dei store universiteta og helseføretaka har lagt ned ein betydeleg innsats for å sikre ei god handtering av immaterielle rettar dei siste åra, mellom anna gjennom å utarbeide rettleiarar, avtalemalar, utgreiingar og retningsliner. Til dømes har Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) utarbeidd standardkontraktar for studentarbeid i næringslivet. Det heng saman med at studentarbeid med oppgåveskriving og prosjektarbeid i næringslivet ikkje er rekna som arbeidstilhøve og difor ikkje blir dekt i arbeidstakaroppfinningslova.

For å dra nytte av den kompetansen forskingsinstitusjonane og kommersialiseringssaktørane deira sit inne med, ser regjeringa behov for at det blir etablert ein fagleg møteplass for immaterielle rettar der universitet, høgskolar, helseføretak, kommersialiseringssaktørane deira og eventuelt relevante aktørar kan møtast for å utveksle erfaringar og lære av kvarandre. Ein slik møteplass kan bidra til å effektivisere informasjons- og kunnskapsdelinga mellom aktørane og gi eit viktig bidrag til bygging av ein felles kultur for kunnskapsoverføring og kommersialisering i universitets- og høgskolesektoren og i dei regionale helseføretaka, på tvers av institusjonsgrenser. Nærings- og handelsdepartementet vil be Forskingrådet vurdere å etablere ein slik møteplass i regi av programmet FORNY2020.

Immaterielle rettar betyr stadig meir for standardiseringsarbeid og utvikling av nye teknologistandardar og mange norske ekspertar deltek i standardiseringsarbeid globalt. Det er viktig at dei nasjonale ekspertane har oppdatert kompetanse om utviklinga som skjer på dette feltet og samspelet mellom immaterielle rettar og standariseringssarbeidet.

Regjeringa ser behov for at Standard Norge aukar sin eigen kompetanse og bevisstheit på feltet, og at dei gjennom kursverksemd legg til rette for større kunnskap og bevisstheit om immaterielle rettar blant norske ekspertar i standardiseringsarbeid. Slik kunnskap er også relevant for andre aktørar, mellom anna det næringsretta verkemiddelapparatet. Nærings- og handelsdepartementet vil difor be Patentstyret ta initiativ til å samle dei relevante aktørane for å belyse og løfte bevissttheita om immaterielle rettar og standardisering og koplinga mellom dei. Dei relevante aktørane i denne samanhengen vil vere kommersialiseringssaktørar, Standard Norge, Forskningsrådet og Innovasjon Noreg.

Vidare ser regjeringa behov for å etablere ein samarbeidsarena for dei næringsretta verkemid-

¹⁵ Improving knowledge transfer between research institutions and industry across Europe: embrace open innovation (COM (2007) 182)

Boks 4.2 Helseføretaka si regulering av eigarskap til innovasjonar og kommersiell utnytting av forskingsresultat

Dei regionale helseføretaka si strategigruppe for forsking utarbeidde i 2004 felles reglar for kommersiell utnytting av forskingsresultat. Reglane blei vedtekne av styra i dei regionale helseføretaka i 2005 og gjeld for underliggjande helseføretak. Fleire av dei regionale helseføretaka har vidare utarbeidd avtaleverk med universitets- og høgskolesektoren.

Helse Sør-Aust og Universitetet i Oslo har til dømes inngått ein samarbeidsavtale om fordeling av rettar og eigarskap til innovasjonar gjorde av tilsette med arbeidstilhøve både ved universitetet og ved helseføretak som høyrer til Helse Sør-Aust. Avtalen regulerer fordeling av eigarskap til innovasjonar, ansvarsfordeling i kommersialiseringss prosessen, økonomisk ansvar og rettar, i tillegg til konfidensialitet og innsyn.

Helse Sør-Aust inngjekk i 2010 vidare ein rammeavtale med TTO-en Inven2 AS. Avtalen omfattar næringsutviklinga av innovasjonar, avvikling av innovasjonsoppdrag, forskings-samarbeid, forvaltning av forskingsfond mv.

delaktørane der dei kan diskutere erfaringar med strategisk bruk av immaterielle rettar. Formålet er å få koordinert dei næringsretta verkemiddelaktørane ytterlegare. Nærings- og handelsdepartementet vil ta initiativ til å etablere ein slik innovasjonspolitisk møteplass.

Oppsummering

Regjeringa ønskjer å vidareutvikle rettleiingstilbodet om immaterielle verdiar og rettar gjennom å

- kartlegge behova nærrare og identifisere moglege løysingar for ei samla informasjons- og rettleiingsteneste om immaterielle verdiar og rettar
- medverke til å utvikle Innovasjon Noreg si rettleiing til norske bedrifter om immaterielle rettar i særleg relevante internasjonale marknader og be Innovasjon Noreg vurdere korleis ei betra rettleiingsteneste kan utformas
- etablere ei rettleiings- og rådgivingsteneste for mot små og mellomstore bedrifter

- synleggjere gode døme på strategisk bruk av immaterielle rettar
- vurdere å utarbeide hjelpemiddel for handtering av immaterielle verdiar frå offentleg finansiert forsking
- etablere fleire ulike møteplassar for felles lærings- og deling av erfaringar

4.7 Nedkjempe piratkopiering og varemerkeforgalskingar

Omfanget av piratkopiering og varemerkeforgalsking aukar, og handelen med falske varer og piratkopiering av programvare, musikk og film har vakse det siste tiåret. Samtidig viser ei rekke døme at omfanget av piratkopiering blir mindre der det blir lagt til rette for lovlege løysingar.

Toll- og avgiftsetaten har sidan 2007 intensivert innsatsen for å hindre import av piratvarer til Noreg. I 2010 fekk toll- og avgiftsetaten øyremerkte midlar til å auke bemanninga og tilsetje ein eigen koordinator for immaterielle rettar. Immaterielle rettar er innlemma som eit fag i undervisninga i etatsutdanninga i toll- og avgiftsetaten, og det er oppretta eitt nasjonalt og eitt eige nordisk forum for tollmyndighetene. Tollmyndighetene har lagt til rette for meir informasjon og betre dialog med næringslivet gjennom informasjon på eiga nettside og etablering av eit eige elektronisk meldingsskjema. Meldingskjemaet gir meir effektiv tollkontroll ved at rettshavaren gir sentrale opplysningar om piratvarene, samtidig som rettshavaren får betre hjelp til å avdekke piratkopiar. Tollmyndighetene følgjer opp både internasjonale trendar og regelverksutvikling spesielt gjennom World Customs Organization og bidreg til arbeidet internasjonalt. Tollmyndighetene arbeider også kontinuerleg med å betre kontroll, etterretning og rapportering. Regjeringa har revidert tollova med verknad frå 1. september 2007.

Regjeringa ser at det må til eit breitt sett av tiltak for å nedkjempe piratkopiering og varemerkeforgalsking. Det vil vere behov for regelverksendringar og tiltak for informasjons- og haldningsarbeid. I tillegg må det leggjast til rette for attraktive og lovlege løysingar. Utvikling av digitalt berekraftige forretningsmodellar som forbrukarane faktisk ønskjer å bruke, er eit ansvar som i hovudsak ligg på aktørane i bransjen.

Piratkopiering og varemerkeforgalsking er samtidig internasjonale utfordringar som tilseier ein samla innsats gjennom internasjonalt samar-

beid, mellom anna gjennom EUs observatorium for inngrep i immaterialrettar.

Styrkt regelverk om handheving av immaterielle rettar

Regjeringa har lagt fram forslag til endringar i regelverket for handheving av immaterielle rettar som vil gi verksemde sterke verkemiddel for handheving av rettane sine.

I Prop. 81 L (2012–2013) *Endringer i lovgivingen om industrielt rettsvern m.m. (styrking av håndhevingsreglene)* har Justis- og beredskapsdepartementet lagt fram forslag som vil innebere ei betydeleg styrking av handhevingsmidla – som omfattar forbod, vederlag, erstatning, straff m.m. – i lovgivinga om industrielt rettsvern. I tillegg blir det foreslått å styrke handhevingsreglane i marknadsføringslova som vernar om likearta interesser. Det blir også foreslått endringar i dei prosessuelle reglane som vil legge til rette for ei meir effektiv handheving. Det blir såleis foreslått reglar om at rettshavaren kan krevje informasjon om opphav og distribusjonsnettverk for varer og tenester som gjer inngrep i ein immaterialrett. Vidare blir det foreslått at alle sivile søksmål om inngrep i registrerte industrielle rettar skal behandlast i Oslo tingrett. Dette vil bidra til kompetanseoppbygging. Også reglane om grensekontroll blir foreslått styrkte. Forsлага vil samla sett innebere ei betydeleg styrking av stillinga til rettshavarane, og dei norske reglane vil på viktige punkt gi rettshavarane ei betre stilling enn det som følger av minimumskrava etter EUs regelverk på området.

I Prop. 65 L (2012–2013) *Endringer i åndsverkloven (tiltak mot krenkelser av opphavsrett m.m. på Internett)* har Kulturdepartementet fremma forslag om endringar i åndsverklova som styrker moglegheitene for rettshavarane til å handheve opphavsrettar mot inngrep som blir gjorde på Internett. Etter forslaget skal det takast inn reglar i åndsverklova om at rettshavarane utan konseksjon kan følgje med på Internett og samle inn opplysningar om krenkingar, mellom anna om involverte IP-adresser. Det skal vidare takast inn reglar i åndsverklova om at rettshavarane kan gå til domstolane og krevje at ein internettleverandør skal gi frå seg opplysningar om identiteten til abonnenten som har vore involvert i ei krenking. Ei slik moglegheit eksisterer også i dag, men forslaget inneber ei ønskjeleg klargjering. Det blir også foreslått at rettshavaren skal kunne krevje at domstolane pålegg internettleverandørane å hindre tilgang til nettstader der det i stort omfang blir gjort tilgjen-

geleg materiale som openbert krenkjer opphavsrrettar.

Nettstad med informasjon om piratkopiering

Større bevisstheit, informasjon og forståing vil vere eit middel for å nedkjempe piratkopiering og varemerkeforgalsking. Per i dag finst det ikkje ei kjelde der næringslivet, forbrukarar, myndigheiter og media på ein enkel måte kan få tak i informasjon om piratkopiering og varemerkeforgalsking. Framleis er mange usikre på kva som er lov, og kva som ikkje er lov. Regjeringa meiner det er viktig med informasjon og rettleiing om regelverk og lovleg åferd, til dømes ved kjøp av fysiske varer over internett og i utlandet avspeling av filmar, bruk av biletar og undersøkingar av rettane til verna innhald.

Regjeringa ser behov for å etablere ein nettstad med informasjon om piratkopiering og varemerkeforgalsking som gjer det enkelt å finne informasjon om feltet for enkelpersonar, næringsliv, innbyggjarar, media og myndigheiter. Patentstyret har på oppdrag frå Nærings- og handelsdepartementet greidd ut behovet for, og gitt forslag til innretting av, ein nettstad. Utgreiinga konkluderte med at behovet for ein nettstad er til stades. Ho har også vore på høyring og departementet mottok positive tilbakemeldingar på forslaget. Patentstyret skal arbeide vidare for å opprette ein nettstad for målgruppene næringsliv, forbrukarar, myndigheiter og media.

Regjeringa ser også behov for å etablere eit myndighetssamarbeid som styrker den systematiske utvekslinga av informasjon mellom departement, underliggjande etatar og andre interessentar om piratkopiering og varemerkeforgalsking. Eit slikt samarbeid vil kunne danne utgangspunkt for felles kampanjar og andre tiltak. Nærings- og handelsdepartementet vil be Patentstyret om å arbeide vidare med eit slikt myndigheitsnettverk for piratkopiering og varemerkeforgalsking.

Styrkt regelverk mot import av falske legemiddel

Eit forslag om å innføre reglar om beslaglegging og øydelegging av falske og ulovlege legemiddel har vore på høyring, og det blir no arbeidd med å fremme ei sak for Stortinget i løpet av vårsesjonen 2013. Som ledd i gjennomføringa av EUs direktiv 2011/62/EU om legemiddelforgalskingar er det foreslått heimel i legemiddellova for å pålegge såkalla legemiddelformidlarar særskilde plikter som skal bidra til å forhindre at falska legemiddel når omsetningskjeda for lege-

middel. Saka er venta fremma for Stortinget våren 2013. Som eit ledd i arbeidet med å vurdere om Noreg skal slutte seg til Europaratet sin konvensjon om forfalsking av legemiddel og liknande handlingar som er ein fare for folkehelsa, vurderer vidare Helse- og omsorgsdepartementet for tida om det er behov for endringar i eksisterande straffeføresegner eller for å innføre nye straffeføresegner som rammar det å ha med falske legemiddel å gjere.

Vidare støtte til EUs arbeid mot piratkopierung

I EU har ein over fleire år styrkt regelverket for handheving av immaterielle rettar. Dette har gitt seg utslag i styrkt tollkontroll og betre handhavingsreglar, kampanjar og etablering av eit observatorium for inngrep i immaterialretten. I EU er moglegheitene tollmyndighetene har for å gripe inn mot immaterialrettskrenkingar, noko annleis enn i Noreg. Europakommisjonen har fremma eit forslag om revisjon av forordninga¹⁶ om tolltiltak mot varer som er mistenkte for å gjere inngrep i immaterielle rettar, og tiltak mot varer som bryt andres rettar. Men denne forordninga hører til regelverket om tollunionen og fell dermed utanfor EØS-avtalen. I Prop. 81 L (2012–2013) *Endringer i lovgivningen om industrielt rettsvern m.m. (styrking av håndhevingsreglene)* er det mellom anna foreslått å styrke reglane om grensekontroll.

Besлага frå tollen i EU tyder på eit aukande omfang av piratkopierung og varemerkeforgfalsking. EUs observatorium for inngrep i immaterialretten arbeider for å samle informasjon både om omfang og om dei mest effektive måtane å nedkjempe piratkopierung og varemerkeforgfalsking på. Noreg blei i 2011 invitert inn som observatør i observatoriet, og Nærings- og handelsdepartementet har saman med Patentstyret delteke i møte i observatoriet. Regjeringa vil leggje til rette for at Noreg bidreg aktivt i Europakommisjonens vidare arbeid mot piratkopierung. Regjeringa vil også følgje med på regelverksutviklinga i EU på dette området.

Oppsummering

Regjeringa vil redusere omfanget av piratkopierung og varemerkeforgfalsking. Regjeringa vil

- styrke regelverket for handheving av rettar etter åndsverklova ved ein revisjon av denne lova
- arbeide vidare for å etablere ein nettstad med informasjon om piratkopierung og varemerkeforgfalsking og etablere eit tilhøyrande myndighetssamarbeid
- styrke regelverket mot import av falske lege middel
- halde fram med å støtte EUs arbeid mot piratkopierung

4.8 Betre kunnskapsgrunnlaget for vidare politikkutvikling

Politikkutviklinga på eit område blir ikkje betre enn det kunnskapsgrunnlaget ho kviler på. I næringspolitikken inneber det at ein er avhengig av å ha god kunnskap om samanhengen mellom innsatsen på eit område og den effekten innsatsen har på verdiskapinga. Når det gjeld immaterielle rettar, er det stort sett god kunnskap om kor mange rettar det blir søkt om i verda, medan kunnskapen er meir avgrensa mellom anna om kva effekt omfanget av immaterielle rettar har på verdiskapinga i den enkelte bedrifta, i ei næring eller i eit heilt land.

Talet på patent blir i mange samanhengar brukt som eit mål for resultatet av forskings- og innovasjonsarbeidet i eit land, men det er problematisk å nytte talet på patent som indikator på om ein har lykkast med innovasjon og utvikling. Ikkje alle oppfinningar er patenterbare, og det er også forskjellar mellom teknologiområde med tanke på kor veleigna dei er for patentering. Det er heller ikkje slik at eit patent i seg sjølv gir verdiskaping. Verdiskapinga er avhengig av at eineretten blir teken i bruk, anten av bedrifta sjølv eller ved salg eller lisensiering til andre.

Den strategiske posisjonen til bedriftene med omsyn til korleis dei kan få realisert verdiskapingspotensialet av nyvinningane sine, er vanskelegare å måle. Frå eit politikkperspektiv kan dette vere vel så interessant som talet på registreringar. Som diskutert i kapittel 2 er det ikkje alle nyvinningar som blir best verna ved at ein registrerer ein rett, det finst også andre måtar å verne og realisere verdiane sine på.

For offentlege myndigheiter vil det difor i tillegg til å ha register som måler omfanget av retts-

¹⁶ Council Regulation NO 1383/2003, 22.juli 2003. Concerning customs action against goods suspected of infringing certain intellectual property rights and the measures to be taken against goods found to have infringed such rights. <http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/LexUri-Serv.do?uri=CELEX:32003R1383:en:HTML>

vern, vere ønskjeleg med økonomiske analysar der ein koplar data for immaterielle rettar mot andre datakjelder. Dette kan bidra til å auke kunnskapen om samanhengane mellom immaterielle rettar, innovasjon og verdiskaping.

4.8.1 Datagrunnlag og register for immaterielle rettar

Det finst ei rekke register og undersøkingar som registrerer omfanget av rettar. Rettar og søknader om immaterielle rettar blir registrerte når dei blir sende til patentmyndighetene, og som vist i kapittel 3 er det over heile verda ein kraftig auke i registreringar.

Alle søknader som kjem inn til Patentstyret, blir inkluderte i rettsregisteret til Patentstyret. Patentmyndighetene har som oppgåve å gjere desse rettsregistra offentleg tilgjengelege som ein del av intensjonen bak ordningane for registrering av industrielle rettar. I 2010 etablerte Patentstyret ei nettbasert søkjeneste som forenkla tilgangen til dette registeret. Registeret inneholder norske patent, varemerke- og designregistreringar og søknader om rett som er offentlege tilgjengelege.

På same måte fører Det europeiske patentverket (EPO) oversikt over patentsøknader og patent i Espacenet. Verdsorganisasjonen for immaterialrett (WIPO) har eigne portalar for rettsregister for patent, varemerke og design.

Samla utgjer dei nasjonale og internasjonale rettsregistra eit utgangspunkt for den granskingsa som blir gjord hos patentmyndighetene i dei ulike landa, i tillegg til at dei bidreg til å gjere rettar og teknologien som er nedfelt i patentlitteraturen, tilgjengeleg for publikum.

For å systematisere den informasjonen som ligg føre, har Statistisk sentralbyrå nyleg etablert ein patentdatabase som vil gjere det mogleg å knyte saman det enkelte patentet med føretaket som sökte om og fekk retten. Databasen vil også gjere det mogleg å sjå dette i samanheng med andre opplysningar om føretaket, som næring, talet på tilsette og finansiering. I dag er det ikkje krav om bruk av person- eller organisasjonsnummer i patentsøknader, difor må ei slik kopling opprettast manuelt i Statistisk sentralbyrå. Ei kopling mellom organisasjonsnummer og søknader om registrering av immaterielle rettar vil bidra til eit betra kunnskapsgrunnlag.

Statistisk sentralbyrå gjennomfører undersøkingar om innovasjon og immaterielle rettar i norsk næringsliv kvart andre år. Resultata inngår i European Union Scoreboard og er ein del av grunnlaget for nasjonale oversikter som

Forskningsbarometeret og *Det norske forskings- og innovasjonsystemet – statistikk og indikatorar*. Statistikkgrunnlaget for kommersialisering og talet på rettar som har utgangspunkt i offentleg finansiert forsking frå forskingsaktørar, er likevel mangefullt. Nærings- og handelsdepartementet vil be Patentstyret bidra til etablering av eit betre datagrunnlag om immaterielle rettar ved universitet, høgskolar, institutt og helseføretaka.

Ved etablering av nye forskingssatsingar eller vidare utvikling av eksisterande satsingar kan det vere føremålstenleg å gjere ei patentkartlegging av teknologiområdet. Slike kartleggingar kan bidra til å gi ei best mogleg oversikt over den aktuelle marknaden, aktørane og teknologien med tanke på optimal utnytting av potensialet.

Undersøkingar av kva immaterielle rettar, særleg patent, som finst innanfor ulike teknologiområde, kan i større grad bli del av kunnskapsgrunnlaget ved utvikling av satsingar i Noregs forskingsråd. Ei undersøking av rettssituasjonen skal ikkje vere til hinder for å opprette eller utvikle aktivitetar på område der det allereie finst mange patentrettar. Regjeringa vil difor be Patentstyret og Noregs forskingsråd gjennomføre eit pilotprosjekt med ei kartlegging av rettssituasjonen som ein del av kunnskapsgrunnlaget ved etableringa av nye satsingar i Noregs forskingsråd. Dette vil i praksis innebere ei teknisk forundersøking av Patentstyret.

Det finst ikkje regelmessige offentlege målinger av kompetansenivået i Noreg for immaterielle rettar. Patentstyret har fram til no målt mellom anna slik kompetanse med jamne mellomrom, men desse målingane har berre vore retta mot bedriftsleiarar i næringslivet og primært vore avgrensa til patent, varemerke og design. Det ligg heller ikkje føre undersøkingar av kompetansen og bevissttheitsnivået i Noreg samanlikna med andre land.

Oppsummering

Regjeringa meiner det er behov for eit godt datagrunnlag og register for immaterielle rettar. Regjeringa vil difor be Patentstyret

- medverke til eit forbetra datagrunnlag, mellom anna gjennom å legge til rette for auka innrapportering av organisasjonsnummer ved søknader om rettar
- ta initiativ til jamlege målinger av kompetanse- og bevissttheitsnivået om immaterielle rettar i relevante målgrupper. Slike kompetansemålinger bør samordnast med annan eksisterande statistikk

4.8.2 Analyse av samanhengen mellom immaterielle rettar og verdiskaping

Generelt er det i liten grad kopling mellom register over rettar og andre typar register. I tillegg til at det ikkje er mogleg å kople ulike register, er datagrunnlaget fragmentert og på enkelte område mangelfullt. Ulike måtar å katalogisere næringar og teknologiar på tvers av register på gjer også ei samanlikning av ulike statistikkar og koplingar av register vanskeleg. Dette gjer det vanskeleg å undersøke samanhengane mellom forsking, innovasjon og immaterielle rettar.

For å få til ei slik kopling av register har EPO i samarbeid med OECD etablert ein eigen patent-database, EPOs Worldwide Patent Statistical Database (PATSTAT). Det blir no jobba med å etablere tilsvarende databasar for varemerke og design.

Gjennomgangen av status i kapittel 3 gir signal om at bevisstheita og kompetansen om immaterielle verdiar og rettar er låg, og at norske aktørar i mindre grad enn i andre land sikrar seg rettar. Trass i at det tilsynelatande er låg bevisstheit og avgrensa bruk av immaterielle rettar, er det stor verdiskaping i norsk næringsliv. For politikkformål ville det vere ønskjeleg å få ei betre forståing for kva rolle handteringa av immaterielle verdiar og rettar speler for konkurranseevna og verdiskapinga i norske bedrifter, og om sikringa av rettar i norsk næringsliv er på eit tilfredsstillande nivå.

I samband med utarbeiding av denne meldinga, har det som nemnt i kapittel 1 vore fleire innspelsseminar og konferansar. Dette har vore viktig for å samle erfaringar og kunnskap frå næringslivet og andre relevante aktørar. Som eit ledd i oppfølging av meldinga, vil nærings- og handelsministeren jamleg invitere til liknande konfe-

ransar for å diskutere utvalde problemstillingar om handteringa av immaterielle verdiar og rettar i det norske innovasjonssystemet.

Nærings- og handelsdepartementet er involvert i ulike forskingsprosjekt som ser på innovasjon og innovasjonspolitikk, mellom anna immaterielle rettar. Det inkluderer mellom anna arbeid under European Patent Office (EPO), World Intellectual Property Organization (WIPO), EU og OECD. Regjeringa vil leggje til rette for at norske aktørar skal dra nytte av analysearbeid som blir gjort i desse organisasjonane.

Som eit ledd i å bidra til eit godt kunnskapsgrunnlag har Patentstyret styrkt kapasiteten sin innanfor ulike strategiske analysar, noko som skal bidra til å betre kunnskapsgrunnlaget og forståinga for utviklinga av immaterielle rettar, primært for bruk i den interne styringa i etaten, men også for å bidra med støtte til den vidare politikkutviklinga.

Oppsummering

Regjeringa meiner det er viktig for politikkutviklinga å få ei betre forståing for kva rolle immaterielle rettar speler for verdiskaping og vekst. Regjeringa vil difor

- følgje opp og delta i analysearbeid i internasjonale organisasjonar og bruke dette i den nasjonale politikkutviklinga
- vurdere korleis analysar av tilhovet mellom immaterielle rettar og verdiskaping kan inngå i utvikling av kunnskapsgrunnlaget
- jamleg invitere til konferanser for å diskutere utvalde problemstillingar om handteringa av immaterielle verdiar og rettar i det norske innovasjonssystemet

5 Økonomiske og administrative konsekvensar



Figur 5.1

Foto: iStockphoto

Målet for regjeringa sin næringspolitikk er å bidra til størst mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi. I denne stortingsmeldinga presenterer regjeringa ein langsigktig politikk som skal fremme større bevisstheit og kompetanse om, og auka strategisk bruk av immaterielle rettar i norsk næringsliv, i offentleg sektor og blant andre relevante aktørar. Gjennom å fremme realiseringa av nye produkt, løysingar og verdiar skal immaterielle rettar bidra til målet om størst mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi.

Tiltaka som blir gjennomgått her, er berre tiltak som kan ha økonomiske og administrative konsekvensar av eit visst omfang. Det er ikkje gjort vurderingar av tiltak som i første omgang inneber at eit saksområde skal greiast ut eller vurderast. For slike saker vil ei vurdering av økono-

miske eller administrative konsekvensar vere ein del av sjølve utgreiinga eller vurderinga. Det er heller ikkje gjort noka vurdering av saker med mindre økonomiske eller administrative konsekvensar.

5.1 Økonomiske konsekvensar

Tiltak i stortingsmeldinga som har økonomiske konsekvensar, blir dekte innanfor gjeldande rammer.

Etableringa av ein nettstad og eit myndigheitsnettverk for nedkjemping av piratkopiering, og gjennomføringa av ein tilhøyrande informasjons- og haldningskampanje, krev midlar. Tiltaka vil bli dekte innanfor rammene til Nærings- og handels-

departementet, og arbeidet med begge tiltaka er i gang.

Generelle føringar til verkemiddelapparatet om å styrke den eksterne rettleiinga og rådgivinga til verkemiddelapparatet, eigen kompetanse og samarbeidet mellom Patentstyret og dei andre verkemiddelaktørane blir dekte over dei ordinære budsjetta til verkemiddelaktørane. Det same gjeld forslag om vurderingar og utgreiingar.

Oppfølginga av ei langsigkt strategisk utvikling av Patentstyret vil inngå som ein del av etatstyringa til departementet. Styrking av den ikkje-inntektsgivande delen av Patentstyret vil føre til auka kostnader. Desse kostnadene vil bli dekte innanfor løyvinga til Patentstyret.

For å bidra til auka strategisk og lønnsam bruk av immaterielle verdiar og rettar i norske verksemder presenterer regjeringa i denne storingsmeldinga ei rekke tiltak som skal gi større kompetanse om immaterielle rettar i det norske innovasjonssystemet. Tiltaka vil bli dekte innanfor rammene til Nærings- og handelsdepartementet.

5.2 Administrative konsekvensar

Kostnadene Patentstyret og dei andre verkemiddelaktørane har i samband med forvaltninga av dei ulike oppdraga dei er pålagde, skal dekkjast av oppdragsgivaren innanfor løyvinga til oppdraget eller gjennom ei særskild løyving. Det inneber at etatane ikkje får oppdrag dei ikkje har ressursar til å gjennomføre, og at det ikkje er behov for å tilføre etatane særskilde ressursar til administrasjon og gjennomføring av oppdraga.

Nærings- og handelsdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet 12. april 2013 om Unike idear, store verdiar – om immaterielle verdiar og rettar blir sendt Stortinget.

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Omslagsbilde: iStockphoto

Trykk: 07 Xpress AS 04/2013

